

*Kong Magnus Håkonsson Lagabøtes landslov*, utgitt ved Magnus Rindal og Bjørg Dale Spørck,  
Arkivverket, *Norrøne tekster* nr. 9, Oslo 2018  
Digital versjon av innledningene, Nasjonalbiblioteket, Oslo 2022

---

## Innleiing (2018)

### **Handskriftene av Magnus Lagabøtes landslov i norrøn språkform og i omsetjing til dansk, med og utan tekstkritisk verdi**

I det følgjande har vi lista opp alle handskrifter og fragment som inneholder Magnus Lagabøtes landslov. Vi har teke med både dei som har tekstkritisk verdi og dei som ikkje har det, dvs. avskrifter av kjende førelegg. Trykte utgåver har vi ikkje teke med. Som fragment reknar vi enkeltblad av handskrifter og delar av blad, og handskriftene som fragmenta er del av, blir kalla fragmenterte handskrifter. Handskriftene er ordna alfabetisk etter katalogsignatur. I parentes etter katalogsignaturen har vi sett dei bokstavsignaturane som er nytta i utgåva i NGL. I vår utgåve har vi behalde desse signaturane. For handskrifter som NGL ikkje har nytta, har vi i vår utgåve bruk talsignaturar, som står i parentes etter katalogsignaturen. Opplysningar om alderen på dei norrøne handskriftene og fragmenta er i hovudsak henta frå ONP, eller frå dei aktuelle katalogane dersom ONP manglar handskriftet eller fragmentet. Når det gjeld språket i mellomaldertekstane, grupperer vi så langt råd er i islandsk, nordvestlandsk, sørvestlandsk, søraustlandsk, nordaustlandsk og trøndsk. Vi viser til arbeid om språket når slike finst, i dei andre høva byggjer vi på eigne granskningar. Handskriftene og fragmenta er, så langt råd er, plasserte i lagting, i hovudsak basert på tingnamn i teksten. Dersom det er nemnt fleire ting, er det gjort merksam på det. Når ikkje anna er nemnt, inneholder handskriftene av omsetjinga til dansk den omsetjinga som blei utført i fyrste halvdel av 1500-talet. Opplysningar om handskriftene er i hovudsak henta frå Storm 1885. Dersom det er motstrid mellom Storm 1885 og Storm 1879, følgjer vi Storm 1885. Vi opplyser så langt råd er om skrivrarar og eigalarar. Skrivemåten for personnamn følger til vanleg Storm 1885. I parentes etter handskriftsignaturen har vi sett opp den signaturen som er nytta i variantapparatet i denne utgåva. Signaturar som begynner med bokstav, representerer handskrifter som R. Keyser og P. A. Munch nytta i utgåva si. Når ikkje anna er opplyst, har vi sjølv omsett frå norrønt.

## **Handschriften i norrøn språkform med tekstkritisk verdi**

AM 302 fol (Bd), ca. 1300, Borgartings-redaksjonen. Skrivaren er Torgeir Håkonsson, som også har skrive AM 305 fol hand a og AM 56 4°. Han har også skrive AM 78 4°, sjå under AM 56 4°. Torgeir Håkonssons språk i desse handskriftene er søraustlandsk (Grøtvedt 1939:127–128, Aa 1981:144). Epilogen er til Gulating, som også er nemnt på blad 51r. Skien er nemnt i innleiinga til Kristendomsbolken. Handskriftet inneholder også kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280. Ei hand frå ca. 1400 har skrive orda *lairhæims skogh*, dvs. Lørenskog i Akershus. Hans Eriksen, hovedsmann på Båhus 1523, har skrive namnet sitt på eit nyare blad. Handskriftet har tilhørt Eske Bille (ca. 1480–1552), hovedsmann på Bergenhus frå 1529. Árni Magnússon fekk det av «Captain Jul», som truleg hadde fått tak i det i Kristiansand. Handskriftet er skrive av i AM 303 fol.

AM 304 fol hand a (Gc), ca. 1320, Gulating-redaksjonen. Same skrivaren har skrive AM 322 fol hand c, AM 60 4° hand b og NRA 35 A. Språket har nokre nordvestlandske trekk (Sætre 1981:155–165, sjå også Skeie 1959:70–73), men sjå under AM 322 fol. Håkon og Magnus sine rettarbøter og epilogen står etter bylova, og teksten må stundom supplerast etter bylova. Byrjinga er borte, teksten begynner i kap. 5 i Tingfarebolken. Same handa har også skrive Farmannslova, Bergens bylov, kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280 og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313. Hand b (ca. 1300–1320) og hand c (ca. 1350–1370) har skrive Hirdskråa. Handskriftet har tilhørt Jón Finnsson på Flatey på Island, og Árni Magnússon fekk det frå Island. Det var Jón Finnsson som også åtte det vidjetne handskriftet Flateyjarbók.

AM 305 fol hand a (Be), ca. 1300, Borgartings-redaksjonen. Skrivaren er Torgeir Håkonsson, som også har skrive AM 302 fol og AM 56 4°, sjå under AM 302 fol om språket. Han har også skrive AM 78 4°, sjå under AM 56 4°. Epilogen er til Gulating, som nokre gonger til er nemnd som tingstad. Lakunar: 1. Kap. 10 i Tingfarebolken til kap. 1 i Kristendomsbolken. 2. Kap 4–8 i Odelsløysingsbolken. 3. Kap. 16 i Odelsløysingsbolken til kap. 1 i Landsleigebolken. Hand b (ca. 1350) har m.a. skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til mennene i Vika; kong Håkon Magnussons rettarbot frå 1307 om landskyld i Vika, stila til Borgarting; kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til Skien lagmannsdøme. Hand c (ca. 1450, etter Storm 1885:61 same handa som hand e i Holm perg 11 fol) har skrive Farmannslova og Oslos bylov, og har utfylt eit avsnitt som var borte i hand a, kap. 25–29 i Kjøpebolken. Handskriftet har vore i Skien på 1300-talet, og i 1569 har lagmannen Hans Jakobsen Loe (sjå Deichman 11 8°) hatt det. Johan Gabriel Sparwenfeldt (1655–1727) har brukta det i 1677. Seinare kom handskriftet til Árni Magnússon frå geheimeråd Matthias Moth (1649–1719). AM 307 fol (Gh), ca. 1350, Gulating-redaksjonen. Språket er sørvestlandsk (Heier 1977:102–103). Håkons rettarbøter er til Borgarting, Magnus sine rettarbøter er til

Gulating, epilogen er til Borgarting. Lakunar: 1. Begynner i Prologen. 2. Kap. 5–6 i Kristendomsbolken. 3. Kap. 59–64 i Landsleigebolken. Handskriftet inneheld også Tønsbergs bylov. Storm 1885:483 meiner at NB Ms.4° 377 er omsett etter AM 307 fol, men dette nemner han ikkje noko om i omtalen av NB Ms.4° 377 (Storm 1885:734–735).

AM 309 fol hand a, ca. 1300–1325, og hand b, ca. 1325 (Ea), Eidsivatings-redaksjonen. Språket i begge hendene er søraustlandsk (Rindal 1981a:24–28). I den delen som hand a har skrive, har hand b (jfr. Rindal 1981a:11) ført inn fleire variantar i margen, framfor somme av dei står det alias. I denne utgåva har desse variantane fått signaturen Ea var. Etter avslutninga av landslova står det *Completus fuit liber iste. anno domini m°. cc° vicesimo quinto in translacione beati. cuthberti confessoris atque pontificis*. Avskrifta av landslova var altså avslutta 4. september 1325. Hand b har m.a. også skrive kong Håkon Håkonssons rettarbot frå ca. 1220 om erkebiskopen sin myntrett, kong Magnus Lagabøtes rettarbot frå 1277 om tiend i Vika og på Opplanda; kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Gulating; kong Eirik Magnussons og hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1290 om den eldre kristenretten, stila til Eidsivating; kong Håkon Magnussons rettarbot frå 1307 om landskyld i Vika, stila til Borgarting. Hand d (ca. 1325) har m.a. skrive kong Håkon Håkonssons rettarbot om tiend og olavsskatt i Vika; kong Magnus Lagabøtes rettarbot frå 1265 eller 1266 om åger i Vika; hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1293 om Hedmark og Toten; kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til Oslo og Oslo lagmannsdøme. Hand e (ca. 1330–1350) har skrive hertug Håkon Magnussons rettarbot om lønssatsar for arbeidsfolk i Opplanda, stila til Eidsivating. Samla sett har ulike hender frå 1300-talet skrive fleire rettarbøter som knyter handskriftet til Austlandet. Hand h (ca. 1325) har skrive Farmannslova og Oslos bylov, og hand k (ca. 1325) Gulatings eldre kristenrett. I mellomalderen har handskriftet truleg tilhøyrt Mariakyrja i Oslo, på 1500-talet har Helvig Hardenberg (sjå GKS 1154 fol) ått det. Árni Magnússon opplyser at han har kjøpt det på auksjon. Handskriftet er skrive av i NB Ms.4° 687 og NKS 1072 fol.

AM 313 fol (313) 1598, Frostatings-redaksjonen. Skrivar er Jacob Pedersen. Handskriftet inneheld også ein kristenrett. Begge tekstane har original og omsetjing til dansk i parallelle spaltar.

AM 322 fol hand c (Gb), ca. 1320, Gulatings-redaksjonen. Same skrivar har skrive AM 304 fol hand a, AM 60 4° hand b og NRA 35 A. Hægstad (1907:99–120) har studert språket, og konkluderer med at det er sørvestlandsk, skrive etter nordvestlandsk førelegg. Holtmark (1931:27) meiner at teksten er søraustlandsk, med bergensk førelegg. Seip (1955:230) trur at skrivaren er austlending. Sørlie (1969:18) meiner at handskriftet er skrive i Bergen. Med så sprikande konklusjonar er det mest rimeleg å karakterisere språket hos denne skrivaren som eit tradisjonelt språk som det er vanskeleg å knyte til nokon bestemt landsdel eller by. Vi har ei slags riksnorm. Håkon og Magnus sine rettarbøter og epilogen står etter bylova. I kap. 2 i

Tingfarebolken er også bestemmingane for Frostating tekne med. Same handa har også skrive Frostatings eldre kristenrett, Bergens bylov, Farmannslova og rettarbøter m.a. kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280 og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313. Hand a (ca. 1300) har skrive Hirdskråa. Storm (1885:513) tenkjer seg at handskriftet har tilhørt kongen eller eit medlem av kongens familie. Det har seinare på 1300-talet kanskje vore på Sunnmøre. Deretter har det tilhørt Hans Simonsson, kannik i Trondheim (d. 1549), og deretter broren Jon Simonsson (1512–1575), nemnd som rådmann i Bergen 1544, frå 1546 lagmann på Agder. Deretter har truleg Ole Worm (1588–1654) ått det. Holm papp 74 4°, ca. 1600, har ei avskrift av AM 322 fol, med parallelle dansk omsetjing, eit arbeid som Peder Claussøn Friis (1545–1614) hadde ansvaret for. Handskriftet er også skrive av og omsett til dansk i AM 94 4°, NB Ms.fol. 5 og i Edinburgh, Advocates library, 21–4–3. Handskriftet er skrive av i NB Ms.8° 66 og NKS 1071 fol. Blad 30–74 og 78v–92 er skrivne av i Edinburgh, Advocates library, 21–4–1. Kap. 16–17 av Odelsløysingsbolken, innholdsregister og kap. 1–17 og 55–65 av Landsleigebolken, innholdsregister og kap 1–5 av Kjøpebolken er skrivne av i AM 1056 VIII 4°, av Jon Simonsson. AM 322 fol er brukt som grunntekst i den arnamagnæanske utgåva frå 1817 av landslova. Handskriftet er også brukt som grunnlag for Hans Paus si omsetjing til dansk av landslova, i handskrift frå 1749 (NKS 1634 4°), utgjeven i 1751.

AM 56 4° (Gf), ca. 1300, Gulatings-redaksjonen. Skrivar er Torgeir Håkonsson, som også har skrive AM 302 fol og AM 305 fol hand a, sjå under AM 302 fol om språket. Håkons rettarbøter manglar, slutten på Magnus sine rettarbøter og epilogen er borte, og nesten heile kap. 2 i Tingfarebolken manglar. I Prologen er Frostating retta til Gulating av ei hand frå 1500-talet. Torgeir Håkonsson har også skrive AM 78 4°, som m.a. inneheld Bergens bylov, og der følger Håkons rettarbøter til landslova etter bylova. Gustav Storm (1885:571) meiner at AM 56 4° og AM 78 4° opphavleg har utgjort ei bok, som truleg blei delt i to ved midten av 1500-talet. I 1577 fekk Anders Nilsson i Kroken dette handskriftet av kona si, Anna Kruckow. Seinare tilhøyrdet det stesonen Hans Teiste, lagmann i Stavanger 1585–1591, og i 1682 M. Scanchius. AM 56 4° er avskrive i UBB-Ms 81.

AM 57 4° (Codex Milzovianus) hand a (Gk), ca. 1350–1370, Gulatings-redaksjonen. Språket er sør austlandsk (Bertheussen 1981:276–282). Lakunar: 1. Beg. i kap. 4 i Tingfarebolken. 2. Kap. 12 i Tingfarebolken til kap. 12 i Kristendomsbolken. 3. Kap. 12 i Landevernsbolken til kap. 13 i Mannhelgebolken. 4. Kap. 23 i Mannhelgebolken til kap. 1 i Arvebolken. 5. Kap. 23 i Arvebolken til kap. 1 i Odelsløysingsbolken. 6. Kap. 12 i Odelsløysingsbolken til kap. 7 i Landsleigebolken. 7. Kap. 22–26 i Landsleigebolken. 8. Kap. 45 i Landsleigebolken til kap. 19 i Kjøpebolken. 9. Kap. 25 i Kjøpebolken til Epilogen. Hand c, frå andre halvdelen av 1300-talet, har skrive kong Håkon Magnussons rettarbot frå 1307 om landskyld i Vika, stila til Borgarting. Handskriftet har tilhørt Gjert Miltzow (1629–1688), prest på Voss.

AM 58 4° hand e (Bf), ca. 1350, Borgartings-redaksjonen. Språket er nordaustlandsk (Svendsen 1982:111–115). Gustav Storm (1885:566) meiner at same skrivar har skrive AM 74 4°. Men Roar Svendsen (1982:106–110) argumenterer for at det ikkje er same skrivar i dei to handskriftene. Håkons rettarbøter manglar. Lakunar: 1. Kap. 1–4 i Landevernsbolken. 2. Kap 3–6 i Mannhelgebolken. 3. Kap. 1–4 i Odelsløysingsbolken. 4. Kap. 5–8 i Landsleigebolken. 5. Kap. 37–39 i Landsleigebolken. 6. Kap. 54–57 i Landsleigebolken. Hand c (ca. 1350) har skrive Eidsivatings eldre kristenrett og kap. 24 av Borgartings nyare kristenrett. Hand f (ca. 1350) har skrive Magnus Lagabøtes rettarbot frå 1267, utferda i Tønsberg, som m.a. stadfester kong Håkon Håkonssons rettarbot om tiend og olavsskatt i Vika. Hand g (ca. 1350) har skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, til Gulating, og kong Håkon Magnussons rettarbot frå 1307 om landskyld i Vika, stila til Borgarting. Handskriftet kom til Árni Magnússon frå geheimeråd Matthias Moth (1649–1719).

AM 60 4° hand b (Ga), ca. 1320, Gulatings-redaksjonen. Same skrivar har skrive AM 304 fol hand a, AM 322 fol hand c og NRA 35 A, sjå under AM 322 fol om språket. Håkon og Magnus sine rettarbøter og epilogen står etter bylova. I kap. 2 i Tingfarebolken er også bestemmingane for Frostating tekne med. Same handa har skrive Frostatings eldre kristenrett, Bergens bylov, kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280 og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313. Hand a (ca. 1330–1350) har skrive Gulatings nyare kristenrett. Storm (1885:549) meiner at Hans Jakobsen Loe (sjå Deichman 11 8°) har hatt handskriftet. Det er skrive av i NB Ms.4° 684. AM 60 4° er brukt som grunntekst i utgåva frå 1848 av landslova i *Norges gamle Love inntil 1387*.

AM 61 a 4° (Gl), ca. 1350–1370, Gulatings-redaksjonen. Gustav Storm (1885:549) og Didrik Arup Seip (1955:233) meiner at handskriftet er islandsk. Ei gransking av Mannhelgebolken syner at det truleg er norsk. Vi finn aldri desse islandske trekka: *bl*, *hn* eller *hn*; /o:/ som privativt prefiks; *ie* for eldre /e:/; samanfall av /o/ og /ø/. For eldre /ø:/ er det oftest skrive *ø*, men vi finn også eksempel på *e* og *æ*; også norsk kan ha slike skrivemåtar (sjå f.eks. Rindal 1987a:35; Rindal 1997a:116, Seip 1955:154, 271). For eldre /a/ framfor ståande /u/ er det skrive *a*, *o* eller *au*, framfor fallen /u/ finn vi *o*, men også *au*. Det privative prefikset er alltid /u:/. Eit særmerke er den frekvente dobbelskrivinga av kort konsonant, både i kort og lang stavning, f. eks. *luttir* (= *hlutir*), *vitta* (= *vita*), *latte* (= *láti*), *bøtta* (= *bóta*), *talla* (= *tala*), *skullu* (= *skulu*). Språket kan vere austlandsk. Lakune etter kap. 3 i Kjøpebolken, deretter har NGL brukt byloveteksten, der manglar kap. 4–9 i Kjøpebolken, deretter er teksten i NGL etter bylova. Men epilogen er landslovas. I tillegg til landslova inneheld handskriftet Bergens bylov, Farmannslova og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313. I 1579 kjøpte Michel Jenssøn handskriftet av Jens Nielssøn, «som thientte Claus Skieß».

AM 62 4° (Ge), ca. 1300–1325, Gulatings-redaksjonen. Språket er tradisjonelt, kanskje søraustlandsk (Bjørø 1979:121–126). Handskriftet innholdt også Gulatings nyare kristenrett. Árni Magnússon fekk handskriftet fra Tormod Torfæus (1636–1719).

AM 63 4° hand a (Bg), ca. 1350, Borgartings-redaksjonen. Ei gransking av Mannhelgebolken syner eit tradisjonelt språk. Men det er fleire eksempel på a for eldre /a/ framfor ståande /u/, og sporadiske eksempel på æ for /a/ etter lang staving. Språket kan difor vere austlandsk. Håkons rettarbøter og epilogen er stila til Gulating. Lakunar: Teksten begynner kap. 12 i Landevernsbolken. Ny lakune kap. 8–19 i Arvebolken. Hand b (ca. 1450) har skrive kap. 24 av Borgartings nyare kristenrett. Árni Magnússon fekk handskriftet fra Jón Þórsteinsson.

AM 65 4° hand a (Gg), ca. 1320–1350, Gulatings-redaksjonen. Språket er søraustlandsk (Malmberg 1982:311–333). Lakunar: 1. Teksten begynner i kap. 13 i Landevernsbolken. 2. Kap. 56–58 i Landsleigebolken. 3. Kap. 13–29 i Kjøpebolken. Same handa har skrive erkebisop Jons kristenrett, kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Gulating, og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til Bergen og Gulating. Hand b (ca. 1320–1350) har skrive Tønsbergs bylov. Árni Magnússon fekk handskriftet i 1715 fra Tormod Torfæus (1636–1719).

AM 68 4° hand a (Eb), ca. 1300–1325, Eidsivatings-redaksjonen. Språket er søraustlandsk (Folkelal 1970:110–125). Håkon og Magnus sine rettarbøter er til Frostating, epilogen til Gulating. Etter Kristendomsbolken står Eidsivatings eldre kristenrett og eit feilaktig innsett blad av Borgartings eldre kristenrett. Same handa har skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280. Hand c (ca. 1350) har skrive kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313. På slutten av epilogen er det skrive at Ingolv Dagfinnsson eig denne lovboka. Han er nemnd som rådmann i Oslo 1321, og er truleg den same som Ingolv klerk i kongebrev frå 1300. Árni Magnússon fekk handskriftet ca. 1704 frå den islandske lagmannen Sigurður Björnsson. Landslova er skriven av i AM 67 4°, GKS 1155 fol, NB Ms.fol. 87a, NB Ms.4° 695 og Steph 5 4°.

AM 69 4° hand a (Fb), ca. 1300–1350, Frostatings-redaksjonen. Ei gransking av Mannhelgebolken kan tyde på at språket er trøndsk, sjå Hægstad 1899 og Hagland 1978 om trøndsk språktrekk. For det privative prefikset er det mest alltid brukt /o:/, for eldre /a/ framfor stående /u/ er det brukt a og o, æ er den vanlege skrivemåte for /e/. Epilogen er til Gulating. Lakunar: 1. Kap. 1–10 i Tingfarebolken. 2. Kap. 8–10 i Landevernsbolken. 3. Kap. 16 i Landevernsbolken til kap. 2 i Mannhelgebolken. Hand b (ca. 1300–1350) har skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Gulating, og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til erkebiskopen og Frostating. Árni Magnússon fekk handskriftet 1698 frå Páll Jónsson Vídalín, seinare lagmann på Island. Landslova er skriven av i AM 70 4° og i NB Ms.4° 688. Kap. 1–17 av Odelsløysingsbolken er skrivne av i AM 59 a 4°.

AM 71 4° hendene a og b (Fd), ca. 1300–1350, Frostatings-redaksjonen. Språket er nordvestlandsk (Kårstad 1975:71–80). Av Håkons rettarbøter er berre dei to fyrste tekne med, og dei er tillagde Magnus. Lakune: Frå byrjinga til kap. 8 i Kristendomsbolken. Eit utkast til dansk omsetjing (AM 75 4°) har tidlegare vore hefta inn i dette handskriftet. Árni Magnússon fekk handskriftet frå justisråd Frederik Rostgaard (1671–1745). Tidlegare hadde det tilhøyrt Peder Syv (1631–1702), prest på Hellestad på Sjælland.

AM 72 4° (Fc), ca. 1300–1325, Frostatings-redaksjonen. Ei granskning av Mannhelgebolken viser eit tradisjonelt språk. For det privative prefikset er det nytta /o:/, men der er ingen andre trønderske trekk, f.eks. er det til vanleg skrive *o* for eldre /a/ framfor ståande /u/. Nokre eksempel på *ou* for diftongen /au/ kunne peike mot sørøstlandsk, men konklusjonen må bli at det er vanskeleg å bestemme språket dialektgeografisk, vi har ei slags riksnorm. Lakunar: 1. Prologen til overskrifta på kap. 1 i Tingfarebolken. 2. Kap. 7–12 i Tingfarebolken. 3. Kap. 4–6 i Kristendomsbolken. 4. Kap. 11–17 i Mannhelgebolken. 5. Kap. 22 i Mannhelgebolken til kap. 17 i Arvebolken. 6. Kap 63–64 i Landsleigebolken. Handskriftet inneheld også kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, der byrjinga vantar. Rettarbota står føre landslova. Árni Magnússon har fått tak i handskriftet i Danmark.

AM 74 4° (Bh), ca. 1320–1350, Borgartings-redaksjonen. Språket er sørøstlandsk (Larsen 1979:138–146). Gustav Storm (1885:566) meiner at same skrivar har skrive AM 58 4°. Men Roar Svendsen (1982:106–110) argumenterer for at det ikkje er same skrivar i dei to handskriftene. Lakunar: 1. Teksten begynner med kap. 3 i Tingfarebolken. 2. Kap. 1–5 i Kristendomsbolken. 3. Kap. 2–8 i Mannhelgebolken. 4. Kap. 13–17 i Odelsløysingsbolken. 5. Teksten sluttar i kap. 14 i Landsleigebolken.

AM 31 8° (Bc), ca. 1325–1350, Borgartings-redaksjonen. Språket er sørøstlandsk (Grøtvedt 1939:125–126). Håkons rettarbøter og epilogen er til Gulating. Lakune: Frå kap. 22 i Mannhelgebolken til byrjinga av Arvebolken. Handskriftet inneheld også Borgartings eldre kristenrett og bylova, som nemner Bergen, men er generelt formulert. Handskriftet inneheld også Magnus Lagabøtes rettarbot frå 1267, utført i Tønsberg, som m.a. stadfester kong Håkon Håkonssons om tiend og olavsskatt i Vika; og kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Gulating. I 1518 var eigaren av handskriftet «Herre mauricius thorkil son». I Bergen i 1597 fekk Suen Sturm handskriftet frå den færøyske lagmannen Jon Heinessøn. I 1625 tilhørde det truleg Augustinus Olsen (Olafsen) Wroe (d. 1657), som var lagmann på Agder. Landslova er skiven av i NKS 1070 fol, og omsett i AM 318 fol.

Deichman 11 8° (D), ca. 1567–1580, usikker redaksjon, alle fire lagdøma er nemnde. Skrivar er Hans Jakobsen Loe, lagmann i Skien 1567–1573 og i Tønsberg 1573-ca. 1580. Han har også skrive mesteparten av NB Ms.4° 553 (som er ei omsetjing av NKS 1642 4°), AM 95 b 4° (delar av Landevernsbolken etter Holm perg fol 29) og notisar i AM 60 4° og i NKS 1642 4°. Gustav

Storm (1879:24) meiner at han også har skrive AM 80 4°, som inneholder den danske oversettelsen av landslova. Prologen og kristendomsbolken er utelatne. Handskriftet inneholder også ei rekke rettarbøter, m.a. hertug Håkon Magnussons rettarbot om lønssatsar for arbeidsfolk i Opplanda, stila til Eidsivating, og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot fra 1313, stila til Elvesysle og Ranrike.

DG 8 hendene a og b (Fe), ca. 1300–1350, Frostatings-redaksjonen. Språket i hand a sin del er sørøstlandsk (Haave 1975:116–117). Lakunar: 1. Kap. 64 i Landsleigebolken til kap. 2 i Kjøpebolken. 2. Kap. 10–15 i Kjøpebolken. Hand a og hand c (ca. 1300–1350) har skrive Farmannslova, dessutan har hand d (ca. 1500–1550) skrive fire manglende kapittel i Farmannslova av etter AM 309 fol. Tidleg på 1600-talet tilhørde handskriftet presten Hans Olafsson (d. 1621) i Bodø og sonen hans, Stephan Hansson i Gildeskål. Litt seinare var eigaren Stephan Hansen Stephanius (1599–1650). Fra han er handskriftet kome til grev Magnus Gabriel de la Gardie (1622–1686). Det er skrive av i Holm papp 119 fol.

GKS 1154 fol (Codex Hardenbergianus) hand b (Gd), ca. 1300–1350, Gulatings-redaksjonen. Teksten er trykt i Flom 1937. Magnus Rindal (1983:21–23) meiner at skrivaren er norskspråkleg, og truleg har eit islandsk førelegg, og at språket er tradisjonelt, med få dialektale trekk. Vi har ei slags riksnorm. Stefán Karlsson (1987:166–184) meiner at skrivaren er ein islending som også har skrive eit islandsk lovhandskrift. Rettarbøtene og epilogen manglar. Lakune: Frå kap. 12 i Odelsløysingsbolken til innholdsregisteret til Landsleigebolken. Hand f (slutten av 1300-talet) har skrive m.a. erkebiskop Jons kristenrett. Hand k (ca. 1525–1550) har skrive m.a. kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot fra 1280, stila til Gulating og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot fra 1313. Handskriftet har tilhørt Helvig Hardenberg (1540–1599), gift med Erik Rosenkrantz, lensherre på Bergenhus 1560–1568. Det er skrive av i NB Ms.4° 685.

GKS 3260 4° hand a (Gi), ca. 1350, Gulatings-redaksjonen. Etter Gustav Storm (1885:399) er språket islandsk. Ei granskning av Mannhelgebolken gjev dette biletet: Framfor *l*, *n* og *r* er det flere eksempel både på bevart og på fallen *b*; for eldre /o:/ er æ den dominerande skrivemåten, men ø finst også; *u*-omlydd /a/ er til vanleg skriven ø, men ø finst også, for det privative prefikset er det brukt /u:/ og /o:/; ie for eldre /e:/ finst ikkje. ø kan også sporadisk bli brukt for diftongen /au/, og for /o:/. Konklusjonen er at språket er islandsk, med norske trekk. Same handa har skrive Bergens bylov. Truleg har handskriftet på 1300-talet tilhørt ein Olav Tordsson. Seinare eigarar er Kjetil Asbjørnsson, kjend som lagrettemann i Skien 1490, og Niels Findsen, i 1598. I Deichman 11 8° er handskriftet kalla «Skiede Logbog.»

GKS 3261 4° hand a (Bb), ca. 1325–1350, Borgartings-redaksjonen. Wenche Balsvik har granska språket i Borgartings nyare kristenrett, som hand a har skrive. Hennar konklusjon er at språket er sørøstlandsk (Balsvik 1973:75–79). Ho har også samanlikna denne handa med hand

a i Holm perg 11 fol, og meiner at det er same skrivaren (Balsvik 1973:79–91). Hand a i GKS 3261 4° har også m.a. skrive Farmannslova, Borgartings nyare kristenrett, kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Borgarting, og kong Håkon Magnussons rettarbot frå 1307 om landskyld i Vika, stila til Borgarting. I 1665 fekk Mathias Huidt handskriftet i Froland. GKS 1155 b fol inneheld ei omsetjing eller utdrag av dette handskriftet.

GUNNERUS, XA HA, Qv. 1 (DKNVSB HA 1 4° i ONP:318, Haandskrifter i det Throndhjemske Videnskabers-Selskabs Bibliothek Tillæg No. 1127 i Storm 1885:780–781) hand b (Ef), ca. 1370–1390, Eidsivatings-redaksjonen. Språket er søraustlandsk (Thoresen 1960:119–121). Det manglar eit blad, så vi kan ikkje vite om epilogien har stått der. Lakunar: 1. Kap. 5–9 i Kristendomsbolken. 2. Kap. 1–3 i Arvebolken. 3. I kap. 7 i Arvebolken. 4. Kap. 30–35 i Landsleigebolken. 5. Kap. 58–60 i Landsleigebolken. Same handa har skrive erkebiskop Jons kristenrett og kong Eirik Magnussons og hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1290 om den eldre kristenretten, stila til Eidsivating. Hand a (ca. 1420–1440) har skrive Borgartings nyare kristenrett.

GUNNERUS, XA, Qv. 343 (343) (Haandskrifter i det Throndhjemske Videnskabers-Selskabs Bibliothek No. 343 qv i Storm 1885:778–779), 1586, Frostatings-redaksjonen. Skrivar er Jacob Eskilsson. Anita Langørgen (1998:65) meiner at handskriftet er skrive i Bergen av ein austlending. I 1635 lét Niells Harbo handskriftet binde inn i Christiania. Seinare har det tilhøyrt danske bibliotek.

Holm perg 11 fol a (Bl) (før: C 14), ca. 1325–1350, Borgartings-redaksjonen. Språket er søraustlandsk (Grøtvedt 1939:126–127). Wenche Balsvik (1973:79–91) har samanlikna denne handa med hand a i GKS 3261 4°, og meiner at det er same skrivaren. Same handa har skrive Farmannslova. Hand e (ca. 1450, etter Storm 1885:651 same som hand c i AM 305 fol) har skrive fire blad av Oslos bylov, som er tekne ut av AM 305 fol. Hand b (ca. 1325–1350) har m.a. skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Borgarting. Johan Gabriel Sparwenfeldt (1655–1727) fekk tak i handskriftet i Skien i 1677. Det er skrive av i Holm papp 79 fol.

Holm perg 28 4° hand b (Bk) (før: C 15), ca. 1320–1350, Borgartings-redaksjonen. Ei gransking av Mannhelgebolken syner at det ikkje er lett å dialektnestemme språkforma. Vi finn oftast o for eldre /a/ framfor ståande /u/, /u:/ som privativt prefiks, nokre eksempel på digrafisk skivemåte av /æ/ framfor /i/ i neste staving, nokre eksempel på lenging av konsonant etter kort vokal. Kombinasjonen av desse fenomena kan peike mot søraustlandsk. Same handa har skrive Farmannslova, Tønsbergs bylov og Borgartings eldre kristenrett. Søfren Jenssen Rhos har skrive ein del notisar i handskriftet. Han var fogd, borgarmeister og til slutt lagmann i Skien i 1561. I 1576 lét Erik Brockenhush (d. 1583) handskriftet binde inn i København. Det er skrive av i Holm papp 78 fol.

Holm perg 29 4° hand c (Gp) (før: C 16), ca. 1300–1350, Gulatings-redaksjonen. Språket er truleg sørvestlandsks, kanskje er handskriftet skrive i Bergen (Antonsen 1981:114–116). Same handa har skrive 6 linjer av Bergens bylov, som er fullført av hand e (ca. 1300–1350), hand f (ca. 1350–1400) og hand g (slutten av 1300-talet). Hand g har også skrive eit fragment av Borgartings eldre kristenrett. Hand k (ca. 1300–1350) har skrive Gulatings nyare kristenrett. Hand d (ca. 1350–1400) har m.a. skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Frostating, og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til erkebiskopen og Frostating. I 1604 tilhørde handskriftet Engel Jonsson, lagmann i Skien. Gulatings nyare kristenrett er skriven av i Holm papp 81 fol. Kap. 7–12 av Landevernsbolken er skrivne av i AM 95 b 4°.

Holm perg 30 4° hand b (Ee) (før: C 17), ca. 1300–1325, Eidsivatnings-redaksjonen. Språket er søraustlandsks (sjå Rindal 1981a:30). Hand a (ca. 1300–1350) har skrive Bergens bylov og Gulatings nyare kristenrett. Edvard Bull (1927:380) meiner at handskriftet eller førelegget er utarbeidd for bispestolen i Oslo. Storm (1885:662) meiner at det frå slutten av 1300-talet til ca. 1500 tilhørde dominikanarklosteret i Oslo. I 1601 var eigaren Mats Olafssøn Svale, lagmann i Stavanger 1603–1607. Landslova og bylova er skrivne av i Holm papp 82 fol.

Holm perg 31 4° hand a og b (Gs) (før: C 18), ca. 1590, generelt formulert bortsett frå overskrifter, som nemner Gulating. Hand b er Morten Nilssøn, byskrivar i Bergen 1588–1590, lagmann i Stavanger 1590–1601. Han har også skrive NB Ms.fol 5 (landslova i norrøn tekst og omsetjing), GKS 3262 4° (bylova) og AM 97 4° (bylova i omsetjing). Storm (1885:663) seier følgjande: «Texten er bearbeidet etter flere Haandskrifter - -, deriblant AM. 72 qv., maaske ogsaa AM. 307 fol.» Etter Storm (1885:664) kjøpte Peder Pedersen handskriftet av «Jacob Thenobers (?)» arvingar i 1634.

Holm perg 32 4° hand a (Gr) (før: C 19), ca. 1300–1350, Gulatings-redaksjonen. Gustav Storm (1885:664) og Didrik Arup Seip (1955:229) meiner at skrivaren er islending. Ei gransking av Mannhelgebolken syner at handskriftet har mest norske trekk. Vi finn aldri desse islandske trekka: *bl*, *hn* eller *hr*; *ie* for eldre /e:/; samanfall av /o/ og /ø/. For det privative prefikset dominerer /u:/. For vokalane /æ:/ og /ø:/ kan vi finne æ (med og utan kvist under) og ø. Dette kunne tyde på det islandske samanfallet av /æ:/ og /ø:/, men same teikna kan også brukast for /e/ og /e:/. Konklusjonen må vere at handskriftet er norsk, utan at det er råd å gje ei nærmare dialektgeografisk bestemming. Teksten begynner i kap. 12 i Kristendomsbolken. Same handa har skrive Bergens bylov og Farmannslova. Kap. 13 av Kjøpebolken er avskrive i AM 61 b 4°. På slutten av 1500-talet har Michel Jenssøn brukt handskriftet i Bergen. Johan Gabriel Sparwenfeldt (1655–1727) fekk tak i handskriftet i Skien i 1678.

Holm perg 33 4° hand b (Gq) (før: C 20), ca. 1300–1325, Gulatings-redaksjonen. Denne skrivaren har også skrive NRA 64, eit fragment av *Barlaams ok Josaphats saga*, og språket er

truleg nordvestlandsk (Rindal 1981b: \*46-\*48). Fred Sætveits (1976:136–138) konklusjon er at skrivaren truleg er sørvestlending, og at handskriftet kan ha blitt til i Bergen. Hand a (ca.1500) har skrive eit seinare tilhefta blad med byrjinga av prologen. Handskriftet inneheld no også originalen av Sauebrevet, hertug Håkon Magnussons rettarbot til Færøyane frå 1298, skriven av sira Teit. Handskriftet har truleg vore på Færøyane frå 1300-talet til 1500-talet, og tilhøyrde i 1599 Peder Jacobsen, lagmann på Færøyane 1588–ca. 1600. Seinare har det blitt brukt av Michel Jenssøn i Bergen. Handskriftet er skrive av i Holm papp 81 fol. Kap. 10 og 24 av Kjøpebolken er avskrivne i AM 61 b 4°. Handskriftet blei i 1990 deponert på ubestemt tid ved Føroya Landsskjalasavn i Tórshavn.

Holm perg 34 4° hand f (Fa) (før: C 21), ca. 1275–1300, Frostatings-redaksjonen. Skrivar er Eirik Trondsson, som kjeldene ikkje seier meir om. Anne Skaug har granska språket i bylova, som hand f har skrive. Hennar konklusjon er at språket er nordvestlandsk (Skaug 1977:129–134). Håkons rettarbøter manglar. Same handa har skrive Bergens bylov (ofte generelt formulert) og Farmannslova. Hand d (ca. 1350–1400) har m.a. skrive Gulatings nyare kristenrett. Hand g (ca. 1350–1400) har m.a. skrive Hirdskråa; kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280; kong Eirik Magnussons og hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1290 om den eldre kristenretten. Gustav Storm (1885:672) trur at den delen som hand f har skrive, blei bunden saman med resten av handskriftet i Skien i 1588, og har tilhøyrt Pros Lauritssøn, lagmann i Skien. Frå han har handskriftet gått i arv til svigersonen Nils Mund. Enkja hans gav det seinare til svigersonen Peder Harbou til Birkesvold. Landslova er skriven av i Holm papp 83 fol, Gulatings nyare kristenrett er skriven av i Holm papp 82 fol.

Holm perg 35 4° hendene d, a og e (Ff) (før: C 22), ca. 1350. Etter Storm (1885:673) er det Frostatings-redaksjon til og med kap. 2 i Kristendomsbolken, deretter Eidsivatings-redaksjon, men Gulating er nemnt i kap. 1 i Landevernsbolken, og Håkon og Magnus sine rettarbøter er til Gulating. Astrid Lunde Kårstad har granska språket i det hand e har skrive. Hennar konklusjon er at språket er nordaustlandsk (Kårstad 1979:111–114). Teksten sluttar i Magnus sine rettarbøter. Hand a har også skrive erkebiskop Jons kristenrett. Hand b (ca. 1350) har skrive Frostatings eldre kristenrett. Hand g (ca. 1400–1450) har m.a. skrive kong Magnus Lagabøtes rettarbot frå 1265 eller 1266 om åger i Vika; kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Borgarting; kong Eirik Magnussons og hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1290 om den eldre kristenretten, stila til Eidsivating; kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til Nidaros og Oslo. Hans Poulsen Resen (1561–1638), professor i København 1591–1615, biskop på Sjælland 1615–1638, har ått handskriftet. Prologen i landslova er skriven av i Holm papp 82 fol. Også erkebiskop Jons kristenrett og Frostatings eldre kristenrett er skrivne av i Holm papp 82 fol.

LundUB Mh 15 (Gn) (før: 12), ca. 1305–1320, Gulatings-redaksjonen. Mikkel Sørlie har skrive to avhandlingar om språket i dette handskriftet (1938, 1965), og hans konklusjon er at det er færøysk. Handskriftet innheld også m.a. Hirdskrāa, Bergens bylov, Farmannslova Gulatings nyare kristenrett, kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Eidsivating, Sauebrevet (hertug Håkon Magnussons rettarbot til Færøyane frå 1298), og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313. Handskriftet har truleg blitt skrive i Bergen og tilhørt Arne Sigurdsson, biskop i Bergen 1304–1314, og har seinare kome til Sverige (Sørlie 1965:12–13). Handskriftet er skrive av i Uldall 37 fol.

NB Ms.4° 1 hand a (Gt), ca. 1300–1350, Gulatings-redaksjonen. Gustav Storm (1885:724) meinte at ortografiene i hand a «er væsentlig norsk», men at skrivaren «aabebart» var islending. Jónas Kristjánsson (1967a:53) er av same oppfatning. Didrik Arup Seip (1955:233) meiner at denne delen av handskriftet er islandsk. Men eit studium av språket i handskriftet syner få islandske trekk. Vi finn aldri *h* framfor *n* eller *r*. Av dei svært mange moglege eksempla finn vi *h* framfor /berre to gonger, *hbutam* og *hl[uti]* (*uti* er skore bort), begge i byrjinga. Vi finn aldri *ie* for eldre /e:/, samanfall av /ø/ og /ø/ eller samanfall av /æ:/ og /ø:/. For diftongen /øy/ er det oftast skrive *øy*. For eldre /a/ framfor ståande /u/ er det normalt skrive *o*, ein hende gong finn vi *a* eller *au*. Det privative prefikset er /o:/ eller /u:/. Ruth J. Stokkedal Bokn (1987:112–115) meiner at skrivaren er nordvestlandsk, og at dei islandske målmerka er påverknad frå førelegget. Etter vårt syn er dei islandske trekka så få at vi ikkje treng rekne med islandsk førelegg, og språket er truleg vestlandsk. Lakunar: 1. Kap. 2–4 i Tingfarebolken. 2. Kap. 11–13 i Landevernsbolken. 3. Kap. 8–10 i Mannhelgebolken. 4. Kap. 52–54 i Landsleigebolken. Hand d (ca. 1400) har skrive biskop Arnes kristenrett. Hand b (ca. 1350) har m.a. skrive kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til erkebiskopen og Frostating. Hand c (ca. 1560) har m.a. skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til tinget på Steig. Handskriftet har tilhørt Ole Irgens, biskop i Bergen 1779–1803.

NB Ms.4° 317 hand e (Ed), ca. 1300–1350, Eidsivatings-redaksjonen. Språket er søraustlandsk (Rajic 1975:155–158). Lakune: Kap. 10–16 i Landsleigebolken. Same handa har skrive Eidsivatings eldre kristenrett og erkebiskop Jons kristenrett. Hand g (ca. 1350) har m.a. skrive kong Håkon Håkonssons rettarbot frå 1263 om tiend og kyrkjas rettar i Hamar bispedøme. Hand f (ca. 1300–1350) har m.a. skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Eidsivating; kong Eirik Magnussons og hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1290 om den eldre kristenretten, stila til Eidsivating; kong Håkon Magnussons rettarbot frå 1307 om landskyld i Vika, stila til Borgarting; og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til Eidsivating. Hand h (ca. 1350) har skrive kong Magnus Håkonsson Lagabøtes udaterte rettarbot om tiend og kyrkjas rettar i Hamar bispedøme. Inntil ca. 1835 var handskriftet bunde saman med to svenske handskrifter, det eine inneheld Upplandslagen. På den tid kjøpte kammerherre Bernhard Rosenblad det samla handskriftet av Karl Schildener (1777–1843).

Schildener var fra 1810 professor i juss i Greifswald, og hadde lenge interessert seg for nordisk mellomalderrett. Rosenblad delte opp handskriftet, og den norske delen kom til Christiania Universitetsbibliotek i 1844 (etter katalogen ved Nasjonalbiblioteket).

NKS 1640 4° hendene a og b (Ec), ca. 1280–1300, Eidsivatings-redaksjonen. Marit Christoffersen (1978:16) meiner at hand a og hand b er ei og same hand. Einar Lundeby (1947:98–100) meiner at språket i hand a er nordaustlandsk, og at handskriftet kan ha blitt til i Hamar. Dei språklege trekka Lundeby finn, svarer ikkje heilt til dei trekka Magnus Rindal (1981c) set opp for ei Opplands-norm. Språkforma kan like gjerne vere søraustlandsk. Eit innskote blad (54) er skrive med hand c (frå 1400-talet). Epilogen er til Gulathing. Lakunar: 1. Frå kap. 2 i Kristendomsbolken til kap. 1 i Landevernsbolken. 2. Kap. 9–12 i Mannhelgebolken. 3. Kap. 17 i Odelsløysingsbolken til kap. 6 i Landsleigebolken. Hand a har også skrive Farmannslova og Bergens bylov. Hand d (ca. 1280–1300) har skrive kong Eirik Magnussons og hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1290 om den eldre kristenretten, stila til Eidsivating. Hand e (ca. 1300–1350) har skrive hertug Håkon Magnussons rettarbot om lønssatsar for arbeidsfolk i Opplanda, stila til Eidsivating. På midten av 1300-talet blei bylova brukt i Tønsberg (Storm 1885:425). Handskriftet har kanskje tilhøyrt Søren Schiøtz, sorenskrivar i Sunnhordland 1776–1803.

NKS 1642 4° (Codex Tunsbergensis) hand d (Ba), ca. 1320–1330, Borgartings-redaksjonen. Teksten er trykt i Flom 1925. Språket er søraustlandsk (Grøtvedt 1939:124–125). Didrik Arup Seip (1955:226) meiner at vi finn same skrivaren i NRA 65, som inneholdt *Soga om Flores og Blankiflur*. Epilogen er til Gulathing. Same handa har skrive Gulatings nyare kristenrett, Borgartings eldre kristenrett, Tønsbergs bylov, Farmannslova, Hirdskråa. Denne handa har også skrive kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280, stila til Gulating; kong Eirik Magnussons og hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1290 om den eldre kristenretten; kong Håkon Magnussons rettarbot frå 1307 om landskyld i Vik, stila til Borgarting; kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313, stila til Nidaros og Oslo; og ei rad andre rettarbøter som gjeld Tønsberg og Borgarting. Handskriftet har truleg tilhøyrt lagstolen i Tønsberg opp til slutten av 1500-talet. Jørgen Lauritsson, lagmann 1581–1600, lét det truleg binde inn. Rundt 1700 var det kome til Christiania. I 1769 åtte Peter Frederik Suhm (1728–1798) det, og frå han kom det til Det Kongelige Bibliotek. NKS 1642 4° er det einaste handskriftet av landslova der same skrivaren har lagt til alle lover som har relevans for lovområdet. Dette handskriftet ligg til grunn for omsetjinga av landslova til dansk i NB Ms.4° 553. Handskriftet er skrive av i NB Ms.4° 686. NKS 1642 4° har eit språk prega av søraustlandske dialektale trekk, f.eks. *a* som svarabhaktivokal, slik vi finn det i varianten *rettar til loglegr*. I omtalen av tekstgrunnlaget for utgåva av *Hirdskråa* seier utgjevarane at NKS 1642 4° har den beste teksten, men dei vrakar det handskriftet fordi ortografin var «usædvanlig og stödende» (NGL 2:VII). P. A. Munch og

hans samtid var ukjende med dialektale variasjonar i gammalnorsk, og for dei var former som *rettar* for *réitr* uttrykk for slurvete skriftspråk.

Thott 1275 fol hand b (Gm), ca. 1350–1400, og hand c (Gmx), 1599, Gulatings-redaksjonen. Språket er truleg trøndsk (Schmidt 1987:38–39). Rettarbøtene og epilogen manglar. Gmx har skrive blad 40 (kap. 4–8 i Odelsløysingsbolken) og blad 62–74r (frå kap. 56 i Landsleigebolken til og med Tjuvebolken). I ein notis frå ca. 1400 er Harald Kolbjørnsson nemnd, lagmann i Oslo 1389- ca. 1408. Handskriftet har truleg vore i Oslo på 1400- og 1500-talet. På midten av 1600-talet har det tilhøyrt Hans Pedersen Marbach, sorenskrivar i Idd. I 1661 gav han det til G. Reichwein. I 1683 gav byskrivar Niels Poffuelson handskriftet til I. Huidt. Seinare har det tilhøyrt F. C. Sevel (d. 1778).

#### **Fragmenterte handskrifter i norrøn språkform med tekstkritisk verdi**

AM 315 h fol (Go), 2 blad, ca. 1300–1350, Gulatings-redaksjonen. Språket ser ut til å vere søraustlandsk, vi finn fleire eks. på *ia* for /ia/, *ei/æi* for /e/ framfor /g/, *o* for eldre /a/ framfor ståande /u/. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 7–10, 18–22. To andre blad, skrivne av same handa, inneholder delar av bylova, truleg for Bergen. Árni Magnússon opplyser at han har fått blada på to stader på Island. Fragmenta er skrivne av i NKS 1633 4°.

AM 315 i fol (Bi), 2 blad, ca. 1320–1350. Språket ser ut til å vere søraustlandsk, det er ofte skrive *a* for svarabhaktivokalen. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 28–31, 46–48. Fragmenta er skrivne av i NKS 1633 4°.

AM 1056 III 4° (1056 III) (Haandskrifter i det danske Geheimearkiv, Brudstykker af Pergamenthaandskrifter, c i Storm 1885:645), 2 fragment av 1 blad, ca. 1325–1350. Språket ser ut til å vere norsk, for vi finn former som *sökia* og *allum*, men ingen klart islandske former. Elles er fragmentet for lite til bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Kristendomsbolken, kap. 5–6, og Landevernsbolken, kap 1. Funne ved rekneskap frå Hedmark 1646.

AM 1056 VI 4° (1056 VI) (Haandskrifter i det danske Geheimearkiv, Brudstykker af Pergamenthaandskrifter, a i Storm 1885:644), 1 blad, ca. 1320–1350. Språket ser ut til å vere norsk, for vi finn former som *umagð* og *faður*, men ingen klart islandske former. Elles er fragmentet for lite til å bestemme språket nærmare. Innhold: Del av Arvebolken, kap. 8–13.

AM 1056 VII 4° (1056 VII) (Haandskrifter i det danske Geheimearkiv, Brudstykker af Pergamenthaandskrifter, b i Storm 1885:644), 2 fragment av 1 blad, ca. 1300–1350. Språket ser ut til å vere islandsk, for vi finn former som *onyt* og *demiȝ*, men ingen klart norske former (jfr.

også Hagland 1986:75). Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 61–64. Funne ved skattemanntal frå Båhus 1610.

AM 45 8° (45 8°), 2 blad av eit handskrift på 48 blad, ca. 1550–1600, Gulatings-redaksjonen. Elles inneheld handskriftet andre lovtekstar. Språket er truleg islandsk, vi finn /o:/ som privativt prefiks, og *ie* for /e:/. Innhold: Epilogen.

EdinbUL 211 (211), 1 blad, ca. 1300–1320. Teksten er trykt i Flom 1933. Flom (1933:202) meiner at fragmentet er skrive i Bergen. Men han gjev mange eksempel på *o* for eldre /a/ framfor ståande /u/, og *æi* er den vanlege skrivemåten for /e/ framfor *i* i neste stavning. Språket kan difor heller karakteriserast som søraustlandsk. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 25–29.

KB frg 4 a 424–431 (4a), 7 fragment, ca. 1275–1300. Teksten er trykt i Jacobsen 1979. På tekstleg grunnlag reiser Jacobsen (1979:99–100) spørsmålet om fragmentet inneheld ein Gulatings-redaksjon. Språket er norsk, vi finn former som *bøti*, *allu*, *riðinni*, *døyr*, og ingen klart islandske former. Elles er fragmentet for lite til bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Mannhelgebolken, kap. 19–21.

NB Ms.8° 2037 (2037), 7 blad, ca. 1500. Dei to første blada inneheld starten på Mannhelgebolken, frå kap. 1 og til slutten av kap. 4. Dei fem neste begynner i fyrste arven i kap. 7 i Arvebolken. Etter trettande arven sluttar Arvebolken, og teksten går rett over i kap. 1 i Odelsløysingsbolken, og sluttar med kap. 11. Teksten utelèt kap. 3, 5, 6, 8, 9 og 10 av Odelsløysingsbolken. Biblioteket fekk blada frå Carl Richard Unger i 1887, og dei er naturleg nok ikkje nemnde i Storm 1885.

[NKS 1838 4°, andre halvdel av 1700-talet. Fragment av Eidsivatnings-redaksjonen. Skrive av Peter Frederik Suhm (1728–1798), som lagar ekserpt av islandske handskrifter. Sidan det berre er ekserptar, er det ikkje teke med i vår utgåve.]

NRA 2 (2), 28 fragment, ca. 1302–1310, Gulatings-redaksjonen. Teksten er trykt i NGL 4:117–133). Skrivar skal vere den kjende islendingen Hauk Erlendsson, som var lagmann i Gulating 1303–1322. Språket er i hovudsak norsk. Vi finn eitt eksempel på *br*; elles har *b* alltid falle framfor *l* og *r*. Det er skrive *ø* for /æ:/ to gonger, elles er ingen eksempel på samanfall av /æ:/ og /ø:/. Det privative prefikset er /u:/. Det er aldri skrive *ie* for /e:/. For diftongen /øy/ er det skrive *ey*. For eldre /a/ framfor ståande *u* er det oftaast skrive *o*. Språket er heller tradisjonelt, vi har ei slags riksnorm. Hauk står som utferdar av nokre originaldiplom frå Oslo og Bergen. Ingen av desse har islandske trekk i språket. Innhold: Delar av Landevernsbolken, kap.14–15; Mannhelgebolken, kap. 2, 17–19, 20–21, 23; Arvebolken, kap. 18–25; Odelsløysingsbolken kap. 1–2, 3–8; Landsleigebolken, kap.7–15, 37–39, 43–45; Tjuvebolken,

kap. 4–7, 11–16; Håkon og Magnus sine rettarbøter; Epilogen. Fragmentet inneheld elles delar av Farmannslova og Hirdskråa. Funne ved rekneskap frå Sunnmøre 1630–1637.

NRA 3 (3), 2 blad, ca. 1275–1300, Frostatings-redaksjonen. Teksten er trykt i NGL 4:134–138. Språket er tradisjonelt norsk, men eit par eksempel på ou for /au/ kan peike mot søraustlandsk. Innhold: Delar av Odelsløysingsbolken, kap. 4–8, 11–15, 17, og litt av Landsleigebolken, kap 1. Gåve frå det svenske Kammarcollegium 1862 til P. A. Munch, som gav det til Riksarkivet.

NRA 4 (4), 13 fragment, ca. 1275–1325, kanskje Gulatings-redaksjonen, for det siste bladet inneheld eit stykke av bylova for Bergen. Teksten er trykt i NGL 4:138–144. Jan Ragnar Hagland (1986:71–72) peikar på fleire trekk i fragmentet som kan vere islandske. Men vi finn også mange norske former, som *domi*, *faður*, *ross*. Innhold: Delar av Mannhelgebolken, kap. 3–4; Landsleigebolken, kap. 18–20, 32–35, 58–59, 61; Kjøpebolken, kap 14–14. Funne ved rekneskap frå Eiker 1634–1636 og Tønsberg 1639.

NRA 5 (5), 2 blad og 2 fragment, ca. 1300, kanskje Borgartings-redaksjonen. Teksten er trykt i NGL 4:145–149. Språket er truleg søraustlandsk, for det har eksempel på *a* som svarabhaktivokal (*brennar*) og på *æi* for *e* framfor *i* i neste staving (*gæririr*, *haifir*). Innhold: Delar av Landevernsbolken, kap. 3–4, 11–13; Mannhelgebolken, 3–5. Funne ved rekneskap frå Bergenhus 1614 og Sunnfjord 1617.

NRA 7 (Bm, i NGL 2 feilaktig kalla Bl), 5 blad og 4 fragment ca. 1300–1350, kanskje Borgartings-redaksjonen. Språket er søraustlandsk (Egenæs 1971:137–143). Egenæs (1971:143–145) meiner at skrivaren har hatt to førelegg, og at begge kan vere vestnorske. Innhold: Delar av Landevernsbolken, kap. 3–6; Arvebolken, kap. 7–9, 15–22, 22–25; Odelsløysingsbolken, kap. 1–3; Landsleigebolken, kap. 21–26, 57–59, 61, 61–64. Funne ved rekneskap frå Sogn 1628 og Sunnhordland 1629.

NRA 9 (9), 12 fragment, ca. 1400. Både Thorsten Eken (1963:103–110) og Jónas Kristjánsson (1967b:4) reknar dette som islandsk. Ei gransking av fragmentet syner at språket er islandsk (Rindal 1981a:31). Vi finn *bl*, samanfall av eldre /æ:/ og /ø:/, *ie* for eldre /e:/, /o:/ som privativt prefiks. Kristjánsson (1967b:4) meiner at det er same handa i NRA 9 som i NRA 8, som inneheld biskop Arnes kristenrett, og det ser ut til å vere rett. Innhold: Delar av Tingfarebolken, kap. 9; Arvebolken, kap. 7–13, 13–17, 21, 24–25; Odelsløysingsbolken, kap. 1–3; Landsleigebolken, kap. 17–18, 20, 20–24, 42–43, 45–46; Kjøpebolken, kap 1–2. Funne ved rekneskap frå Sunnhordland 1640 og 1641. Fragmentet er ikkje teke med i Storm 1885.

NRA 11 (11), 4 fragment, ca. 1320–1350, Eidsivatings-redaksjonen, men i kap. 2 i Tingfarebolken er det rekna opp sendemenn til Gulating. Språket er truleg austlandsk (Rindal

1981a:32). Innhold: Delar av Tingfarebolken, kap 2–3; Kristendomsbolken, kap. 5–6. Funne ved rekneskap frå Nordhordland 1630.

NRA 12 (12), 5 fragment, ca. 1320–1350. Språket er truleg nordaustlandsk, for vi finn eksempel på *æ* for eldre /a/ etter lang staving, og *a* for eldre /a/ framfor ståande /u/. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 27–29, 30–33. Funne ved rekneskap frå Mandal 1626–1628.

NRA 13 (13), 5 fragment, ca. 1320–1350, redaksjonen er generell, gjeld N-ting, men Epilogen er til Gulating. Språket er norsk, vi finn former som *døme, faður, leypr, ræzslo*, og det finst ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Tingfarebolken, kap. 5–6; Mannhelgebolken, kap. 16–17; Kjøpebolken, kap. 4–7; Magnus sine rettarbøter; Epilogen. Funne ved rekneskap frå Bratsberg 1648, Bamble 1649 og Telemark 1650.

NRA 14 (14), 2 fragment, ca. 1320–1350. Språket er norsk, vi finn former som *bondr, allum, leypr*, og det finst ingen særlandske former. Det er mest *a* for eldre /a/ framfor stående /u/ og det privative prefikset er /o:/. Dette kunne peike mot trøndsk eller nordaustlandsk, men fragmentet er for lite til at vi kan dra nokon sikker konklusjon. Innhold: Delar av Landevernsbolken, kap 3–8. Funne ved rekneskap frå Sunnmøre 1611.

NRA 16 (16), 2 fragment, ca. 1320–1350. Språket er norsk, vi finn former som *søki, taku, mykit*, og det finst ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Odelsløysingsbolken, kap. 12– 15. Funne ved rekneskap frå Nordfjord 1649.

NRA 17 (17), 8 fragment, ca. 1320–1350. Språket er norsk, vi finn former som *domi, frialsum, landreinsinghar*, og det finst ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Mannhelgebolken, kap. 4, 6–7, 8–11; Landsleigebolken, kap. 57–59, 61. Funne ved rekneskap frå Hardanger 1637 og 1639.

NRA 19 A (19), 4 fragment, ca. 1300. Språket er norsk, vi finn former som *fatokan, allum, lunnendum*, og det finst ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Kristendomsbolken, kap. 10–12. Funne ved rekneskap frå Tønsberg 1631. Storm (1885:769) meinte at fragmentet innheldt Hirdskråa.

NRA 19 B (Gu), 4 fragment, ca. 1325–1350. NGL meiner at dette fragmentet tilhører Gulatings-redaksjonen, men det er ikkje noko i sjølve teksten som tilseier det. Språket er norsk, vi finn former som *bote, laðu, laupi, /u:/* som privativt prefiks, og det finst ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 27–30, 33, 35. Funne ved rekneskap frå Tønsberg 1641.

NRA 20 (20), 6 fragment, ca. 1300. Språket har mest særnorske former som *døma*, *laupr*, *oluti*. Fragmentet har stundom digrafisk skrivemåte for monoftong, både lang og kort: *kneifi* (for *knífi*), *beitr* for (*bítr*), *geyri* for (*geri*), *geylld* for (*gjold*). Innhald: Delar av Mannhelgebolken, kap 5–8, 14–17. Funne ved rekneskap frå Brunla 1640, 1641, 1642 og Unneberg 1642. Storm (1885:768) reknar med at NRA 20, NRA 22 og NRA 23 har tilhørt same handskriftet, og fragmenta er trykte i NGL 4:149–152. ONP fører dei opp kvar for seg. Eit studium av skrifta i dei tre fragmenta tyder på at dei alle er skrivne av ein og same skrivars. Sidan dei er funne i band på rekneskap frå same delen av landet, kan dei ha vore delar av same handskriftet. Men vi har elles fleire ulike handskrifter av same skrivars, difor har vi her rekna med tre handskrifter. Hægstad (1916:33) meiner at dei viser «eit strandmaal umkring eller austanfor Linnesnes». Sørlie (1969:22) trur at formene i desse fragmenta best kan forklara ut frå eit bergensk språkmiljø. Hagland (1968:72–75) peikar på språktrekk som talar for påverknad frå islandsk.

NRA 21 (21), 5 fragment, ca. 1300. Storm (1885:768) meiner skrivaren er islandsk, men Kristjánsson (1967b) nemner det ikkje mellom islandske handskrifter i Riksarkivet. For eldre / ø:/ er det eksempel både på ø, œ og e, men fragmentet er for lite til å seie noko bestemt om språket er islandsk eller norsk. Innhald: Delar av Odelsløysingsbolken, kap. 12–16; Landsleigebolken, kap. 3, 5–6. Funne ved rekneskap frå Brunla 1642, 1643, Unneberg 1642.

NRA 22 (22), 4 fragment, ca. 1300. Språket er norsk, vi finn former som *boti*, *hyta* (= *hluta*) og det finst ingen særlandske former. Fragmentet har ein gong digrafisk skrivemåte for monoftong, *geyriz* for (*gerist*). Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhald: Delar av Kristendomsbolken, kap. 12; Landevernsbolken, kap. 1–2. Funne ved rekneskap frå Brunla 1640 og 1641. Sjå også NRA 20 om språket og overleveringa.

NRA 23 (23), 3 fragment, ca. 1300, Gulatings-redaksjonen. Språket er truleg norsk, vi finn *lautr* for *hlutr*, *kopti* for *keypti*. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhald: Delar av Landevernsbolken, kap. 16–18 og Mannhelgebolken, kap. 1–2. Funne ved rekneskap frå Brunla 1641 og 1642. Sjå også NRA 20 om språket og overleveringa.

NRA 24 (24), 12 fragment, ca. 1320–1350. Språket er norsk, vi finn former som *loyp-*, *dømest*, *aðru*, diftongen øy, og det finst ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhald: Delar av Tingfarebolken, kap. 6–9 og Odelsløysingsbolken, kap. 4–7. Funne ved rekneskap frå Brunla 1642 og 1643.

NRA 30 (30), 4 fragment, ca. 1320–1350. Språket er truleg norsk, vi finn former som *botr* og *fadur*, og ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhald: Delar av Mannhelgebolken, kap. 11–13; Arvebolken, kap. 2, 4. Funne ved rekneskap frå Hedmark 1647 og 1648. Storm (1885:770) reknar med at NRA 30, NRA 31, NRA 32 og NRA 33 har tilhørt same handskriftet. ONP fører dei opp kvar for seg. Eit studium av skrifta i dei

fire fragmenta tyder på at dei alle er skrivne av ein og same skrivare. Sidan dei er funne i band på rekneskap frå same delen av landet, kan dei ha vore delar av same handskriftet. Men vi har elles fleire ulike handskrifter av same skrivare, difor har vi her rekna med fire handskrifter.

NRA 31 (31), 2 fragment, ca. 1320–1350. Vi finn den særnorske forma *þyða*, men fragmentet er for lite til å seie noko avgjort om språket. Innhold: Delar av Odelsløysingsbolken, kap. 7–9. Funne ved rekneskap frå Hedmark 1649. Sjå også NRA 30 om språket og overleveringa.

NRA 32 (32), 2 fragment, ca. 1320–1350. Vi finn den særlandske forma *bþyð-*, men også særnorske former som *høfir*, *allum*, *troystande*. Fragmentet er for lite til å seie noko avgjort om språket. Innhold: Delar av Prologen. Funne ved rekneskap frå Hedmark 1646. Sjå også NRA 30 om språket og overleveringa.

NRA 33 (33), 2 fragment, ca. 1320–1350. Vi finn særnorske former som *umrøðe* og *møyiar*, men fragmentet er for lite til å seie noko avgjort om språket. Innhold: Delar av Kristendomsbolken, kap. 6; Landevernsbolken, kap. 1. Funne ved rekneskap frå Hedmark 1646. Sjå også NRA 30 om språket og overleveringa.

NRA 35 A (35), 36 fragment, ca. 1320, Gulatings-redaksjonen. Same skrivaren har skrive AM 304 fol hand a, AM 322 fol hand c, AM 60 4° hand b, sjå under AM 322 fol om språket. Innhold: Delar av Kristendomsbolken, kap. 5–8, 11–12; Landevernsbolken, kap. 1–2; Mannhelgebolken, kap. 1–3, 10–13, 26–28; Arvebolken, kap. 1–5; Landsleigebolken, kap. 6–7, 9–10, 14–16, 18–23, 27–29, 61–63; Kjøpebolken, kap. 12–14, 18–26; Rettarbøter. Fragmentet inneholder også delar av Bergens bylov, og Magnus sine rettarbøter kjem etter den. Det inneholder også fleire rettarbøter, mellom dei kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280. Funne ved rekneskap frå Gudbrandsdalen 1638–1639, Hadeland og Valdres 1642.

NRA 36 (36), 7 fragment, ca. 1300, både Frostating og Gulating er nemnde. Etter Storm (1885:771) og Kristjánsson (1967b:5) er skrivaren islandsk. Vi finn særlandske former som *demi*, *saki*, og særnorske former som *luta*, *rettyndi*, /u:/ som privativt prefiks. Det er ikkje godt å vite om dei islandske formene kjem frå førelegget eller skrivarens språk. Innhold: Delar av Tingfarebolken, kap. 5–12; Kristendomsbolken, kap. 1; Landsleigebolken, kap 26–28, 30–34. Funne ved rekneskap frå Herjedalen 1637 og 1638.

NRA 37 (37), 5 fragment, ca. 1300–1350, Frostatings-redaksjonen. Teksten er trykt i NGL 4:157–159. Storm (1885:771) meiner skrivaren er islandsk, men Kristjánsson (1967b) nemner det ikkje mellom islandske handskrifter i Riksarkivet. Etter Jan Ragnar Hagland (1986:75) er språket islandsk. Det finst også eksempel på særnorske former som *luta*, *ufagnat*, *skipaðu*, og det er usikkert om vi skal rekne språket som islandsk eller norsk. Innhold: Delar av

Tingfarebolken, kap.12; Kristendomsbolken, kap. 1–2, 7–10; Landevernsbolken, kap. 3–4. Funne ved rekneskap frå Vesterålen 1611, Lofoten 1612 og 1613.

NRA 38 (38), 2 fragment, ca. 1300. Språket er norsk, vi finn ø for /ø:/, /u:/ som privativt prefiks, *hæfir* for *hefir*, og ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Mannhelgebolken, kap. 23–25, 27–29. Funne ved rekneskap frå Nordmøre 1632.

NRA 39 (39), 6 fragment, ca. 1300. Teksten er trykt i NGL 4:153–156. Språket er norsk, det finst ingen særlandske former i dei mange tilfella det kunne vere aktuelt. Fragmentet har mest konsekvent skrivemåten *au* for omlydd /a/, både framfor ståande og fallen /u/. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Mannhelgebolken, kap. 20–21, 29; Arvebolken, kap. 1–2, 9–11, 14; Odelsløysingsbolken, kap. 10–12, 15–16. Funne ved rekneskap frå Vesterålen 1634 og 1635, Andenes 1618 og 1632.

NRA 40 (40), 2 fragment, ca. 1320–1350. Språket er norsk, vi finn former som *loypr*, *bondr*, *foddr*, diftongen /øy/ skriven *øy*, og det finst ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Landevernsbolken, kap. 4–7. Funne ved rekneskap frå Trondheims len 1620.

NRA 41 (41), 2 fragment, ca. 1300–1325. Språket er truleg norsk, vi finn former som *halfu*, *mykit* og *loyfi*, og ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Odelsløysingsbolken, kap. 16–17; innhaldsregisteret til Landsleigebolken. Funne ved rekneskap frå Trondheim 1619.

NRA 42 (42), 1 blad, ca. 1320–1350. Språket er truleg norsk, vi finn former som *botti*, *vsekio*, *høyra*, og ingen særlandske former. Det er 4 eksempel på e for eldre /ei/, og 2 eksempel på æi for eldre /e/, noko som kan tyde på monoftongering, som er mest utbreidd i nordaustlandsk og bergensk. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 62–64. Funne ved rekneskap frå Vardøhus 1601.

NRA 43 (43), 3 fragment, ca. 1320–1350. Språket er norsk, vi finn former som *bondr*, *øðe*, *loypr*, *umage*, og ingen særlandske former. Framfor i i neste staving blir det alltid skrive ei, for eksempel *seigir*, *seili*, men dette gjev ikkje godt nok grunnlag for nærmare bestemming av språket. Innhold: Delar av Mannhelgebolken, kap. 8, 10–11; Kjøpebolken, kap. 16–22. Funne ved rekneskap frå Senja 1626 og 1636.

NRA 44 (44), 2 fragment, ca. 1320–1350. Språket er truleg norsk, vi finn former som *søke*, *føre*, *vmaga*, *loyst*, og ingen særlandske former. Det er vanskeleg å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Odelsløysingsbolken, kap. 12–14, 16–17. Funne ved rekneskap frå Romsdalen 1620.

NRA 45 (45), 2 fragment, ca. 1350. Storm (1885:772) meiner skrivaren er islandsk, men Kristjánsson (1967b) nemner det ikkje mellom islandske handskrifter i Riksarkivet. Vi finn særnorske former som *leypr* og *usekin*, for eldre /ø:/ finn vi både ø og æ. Sidan også norske tekstar kan syne eksempel på delabialisering av /ø:/, er fragmentet truleg norsk. Innhold: Delar av Landevernsbolken, kap. 11–13. Funne ved rekneskap frå Namdalen 1637.

NRA 46 (47), 2 fragment, ca. 1375–1400. Former som *frændbotr* og *addrum* tyder på at språket er norsk. Forma *bøta* (inf.) kan vere austlandsk. Men ein stor del av fragmentet er uleseleg, så det er uråd å bestemme språket nærmare. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 58, 60–61. Funne ved rekneskap frå Nordmøre 1631.

NRA 47 (Fg), 5 fragment, ca. 1325. Etter Hægstad (1899:24) er språket trøndsk. Eit studium av fragmentet syner trøndskes særtrekk: a framfor ståande /u/, det privative prefikset /o:/, eksempel på ia for eldre /ia/. Innhold: Delar av Landevernsbolken, kap. 1–2; Arvebolken, kap. 15–19; Landsleigebolken, kap. 32–36 (kap. 36 er sett til i margen med ei anna hand); Rettarbøter (skrivne med ei anna hand ved kap. 1 av Landevernsbolken). Ukjent opphav.

NRA 50 A 1 (50A1), 2 fragment, ca. 1275–1325. Språket er norsk, vi finn former som *laypr*, *bondr*, *föra*, *laghum*, og det finst ingen særlandske former. For eldre /a/ framfor stående /u/ er a den dominerande skrivemåten, saman med eksempel på /o:/ som privativt prefiks og overgangen *ia>ia* kan dette peike mot trøndsk. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 9–10, 11–12, 14, 32–35. Ukjent opphav.

[NRA 50 A 2–3, 2 fragment. Det er så lite tekst i fragmenta at det er umogleg å identifisere den. Dei er difor ikkje tekne med i vår utgåve. ONP tek dei med under landslova, og meiner at NRA 50 A 2 inneheld to norske fragment frå ca. 1275–1325, og at NRA 50 A 3 er eitt norsk fragment frå ca. 1300–1400. Etter vår vurdering er det uråd å dra slike konklusjonar. Funne ved rekneskap frå «Nordlandenes Len» 1632.]

NRA 50 A 4 (50A4), 1 fragment, ca. 1275–1350. ONP meiner at dette fragmentet er «no./isl.?». Tekststykket er lite, men *miðfastu* kan tyde på at språket er norsk, og der er ingen særlandske former. Innhold: Delar av Landevernsbolken, innholdsregisteret, kap. 1–2. Ukjent opphav. NRA 50 A 5 (50A5), 2 fragment, ca. 1300–1400. Språket er norsk, vi finn former som *laeypir*, *samdø[gris]*, *faður*, /u:/ som privativt prefiks og det finst ingen særlandske former. For eldre /a/ framfor stående /u/ er det skrive a. Det er eksempel på overgangen *ia>ia* og *þet*. Dette kunne peike mot trøndsk, men det passar ikkje med /u:/ som privativt prefiks. Innhold: Delar av Mannhelgebolken, kap. 4–6; Rettarbøter (som står mellom kap. 5 og 6 i Mannhelgebolken). Ukjent opphav.

NRA 50 A 6 (50A6), 1 fragment, ca. 1300–1400. ONP seier at fragmentet er norsk. Men tekstukskhet er så lite at vi ikkje kan avgjere proveniens. Skrivemåten for vokalar er spesiell, vi finn *a* for /ø:/, og eksempel på *au* for /u/ og *o* for /a/. Innhold: Delar av Tingfarebolken, kap. 6–7, 11. Funne ved rekneskap frå Brunla 1641.

NRA 50 A 7 (50A7), 1 fragment, ca. 1300–1400. Språket er truleg søraustlandsk, vi finn 5 gonger *a* som svarabhaktivokal, *ia>iæ* i *fjælviðr* og *vont* for *vøtn*. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 62–64. Ukjent opphav.

NRA 50 A 8 (50A8), 1 fragment, ca. 1300–1400. I dette vesle tekstukskhet er det ingen former som kan gje grunnlag for språkleg bestemming. Innhold: Delar av Odelsløysingsbolken, kap. 4, 7–8. Funne ved rekneskap frå Brunla og Unneberg 1628.

NRA 50 A 9 (50A9), 1 fragment, ca. 1300–1400. I dette vesle tekstukskhet er det berre ei form som kan gje grunnlag for språkleg bestemming, og det er *uthlagd* for *útlagð*, som vi finn tre gonger, mot ein gong *utlagd*. Det kan vel vanskeleg tenkast at ein islanding feilaktig ville setje inn *h* framfor *l*. Innhold: Delar av Mannhelgebolken, kap. 6–8. Ukjent opphav.

NRA 50 A 10 (50A10), 2 fragment, ca. 1400–1500. Teksten på det eine fragmentet kan ikkje identifiserast. Det er berre 4 leselege linjer, og det finst ingen former som kan gje grunnlag for språkleg bestemming. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 11, 14. Ukjent opphav.

NRA 50 B (50B), 1 fragment, ca. 1275–1350. Tekstukskhet er for lite til å gje noka sikker språkleg bestemming. Men vi finn *sifiaðum*, *vnemfnðr* og *øyri*, som tyder på at språket er norsk. Innhold: Delar av Tingfarebolken, kap. 2–3. Funne under golvet i Lom kyrkje.

NRA 50 D (50D), 1 fragment, ca. 1275–1325. Språket er truleg norsk, vi finn *lut*, *uleyft*, *halvo*, og ingen særlandske former. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 20–21. Ukjent opphav.

### **Handskrifter i norrøn språkform utan tekstkritisk verdi**

AM 303 fol, ca. 1700, Borgartings-redaksjonen. Avskrift av AM 302 fol. Skrivar er Ásgeir Jónsson (ca. 1657–1707). Han var skrivar hos Tormod Torfæus 1688–1705, deretter sorenskrivar i Heggen og Froland til sin død.

AM 67 4°, ca. 1700, Eidsivatings-redaksjonen. Avskrift av AM 68 4°. AM 70 4°, 1586, Frostatings-redaksjonen. Avskrift av AM 69 4°. Storm (1885:564) seier følgjande: «Af de tre Lakuner i hint Haandskrift er den første og tredie udfyldt efter et nyere Haandskrift af Jónsbók, medens skriveren har overset 2den Lakune.»

AM 94 4°, ca. 1600, Gulatings-redaksjonen. Avskrift av AM 322 fol og omsetjing til dansk. Ansvarleg for arbeidet var Peder Claussøn Friis (1545– 1614), prost, kannik, topografisk-historisk forfattar og sagaomsetjar. Eit utdrag av AM 94 4° finst i Uldall 314 4°.

Edinburgh, Advocates library, 21–4–1, midten av 1700-talet, Gulatings-redaksjonen. Avskrift av blad 30–74 og 78v–92 i AM 322 fol.

Edinburgh, Advocates library, 21–4–3, ca. 1600, Gulatings-redaksjonen. Tekst og omsetjing etter AM 322 fol. Skrivar er Pål Helgesson.

GKS 1155a fol hand b, ca. 1700, Eidsivatings-redaksjonen. Avskrift av AM 68 4°, «tagen, førend Arne Magnussøn fornyede den afblegede Skrift paa 1ste Blad» (Storm 1885:395).

Holm papp 78 fol (svarar til Isl. chart. 78 fol i Storm 1885:691), 1687, Borgartings-redaksjonen. Avskrift ved Jón Vigfússon, amanuensis ved Antikvitetskollegiet, av Holm perg 4° 28. Handskriftet inneheld også Farmannslova, Tønsbergs bylov og Borgartings eldre kristenrett, alle etter Holm perg 28 4°.

Holm papp 79 fol (svarar til Isl. chart. 79 fol i Storm 1885:691), 1689, Borgartings-redaksjonen. Avskrift ved Jón Vigfússon, amanuensis ved Antikvitetskollegiet, av Holm perg 11 fol. Handskriftet inneheld også Farmannslova, skriven av etter same handskriftet.

Holm papp 81 fol (svarar til Isl. chart. 81 fol i Storm 1885:691), 1687, Gulatings-redaksjonen. Avskrift ved Jón Vigfússon, amanuensis ved Antikvitetskollegiet, av Holm perg 33 4°. Handskriftet inneheld også Gulatings nyare kristenrett, skriven av etter Holm perg 29 4°.

Holm papp 82 fol (svarar til Isl. chart. 82 fol i Storm 1885:691), 1687. Blad 1–240: Eidsivatings-redaksjonen. Avskrift ved Jón Vigfússon, amanuensis ved Antikvitetskollegiet, av Holm perg 30 4°. Blad 389–392: Prologen i Frostatings-redaksjonen. Avskrift ved Jón Vigfússon av Holm perg 35 4°. Handskriftet inneheld også Bergens bylov etter Holm perg 30 4°; Gulatings nyare kristenrett etter Holm perg 34 4°; Erkebiskop Jons kristenrett og Frostatings eldre kristenrett, begge etter Holm perg 35 4°.

Holm papp 83 fol (svarar til Isl. chart. 83 fol i Storm 1885:692), slutten av 1600-talet, Frostatings-redaksjonen. Avskrift ved Jón Vigfússon, amanuensis ved Antikvitetskollegiet, av Holm perg 34 4°.

Holm papp 119 fol, andre halvdel av 1600-talet, Frostatings-redaksjonen. Avskrift ved Jónas Rugman (d. 1679) av DG 8. Dette handskriftet er ikkje nemnt i Storm 1885.

Holm papp 74 4° (før: C 33–36), 1600, Gulatings-redaksjonen. Avskrift av AM 322 fol, med parallel omsetjing til dansk. Ansvarleg for arbeidet var Peder Claussøn Friis (1545–1614),

prost, kannik, topografisk-historisk forfattar og sagaomsetjar.

NB Ms.fol 5, slutten av 1500-talet, landslova for «N: Ting», norrøn tekst og omsetjing. Den norrøne teksten stammar frå AM 322 fol. Vi finn same skrivaren i ein del av landslova i norrøn språkform i Holm perg 31 4°, og det er Morten Nilssøn, byskrivar i Bergen 1588–1590, lagmann i Stavanger 1590– 1601.

NB Ms.fol 87a, ca. 1700, Eidsivatings-redaksjonen. Avskrift av AM 68 4°.

NB Ms.4° 684, 1835–1836, Gulatings-redaksjonen. Avskrift ved R. Keyser av AM 60 4°, med variantar frå AM 304 fol og AM 322 fol. På sidene 1–179 har P. A. Munch ført inn variantar frå alle redaksjonane.

NB Ms.4° 685, 1836, Gulatings-redaksjonen. Avskrift ved R. Keyser av GKS 1154 fol, med variantar frå dei andre Gulatings-handskriftene (utanom AM 304 fol, AM 322 fol og AM 60 4°).

NB Ms.4° 686, 1836, Borgartings-redaksjonen. Avskrift ved R. Keyser av NKS 1642 4°, med variantar frå dei andre Borgartings-handskriftene.

NB Ms.4° 687, 1846 (etter Storm 1885:745, truleg trykkfeil for 1836), Eidsivatings-redaksjonen. Avskrift ved P. A. Munch av AM 309 fol, med variantar frå dei andre Eidsivatings-handskriftene.

NB Ms.4° 688, 1836, Frostatings-redaksjonen. Avskrift ved P. A. Munch av AM 69 4°, med variantar frå dei andre Frostatings-handskriftene.

NB Ms.4° 695, slutten av 1600-talet, Eidsivatings-redaksjonen. Avskrift av AM 68 4°. Handskriftet har tilhørt Benedikt Jónsson Gröndal (1762–1825), lagmann på Island. R. Keyser fekk tak i det på Island i 1826, og gav det til Universitetsbibliotheket.

NB Ms.8° 66, 1700-talet, Gulatings-redaksjonen. Avskrift ved Eggert Olafsson av AM 322 fol. R. Keyser fekk tak i det på Island i 1826, og gav det til Universitetsbibliotheket i 1859. Storm (1885:749) seier følgjande om handskriftet: «Texten er helt igjennem korrigert af Keyser efter Originalen.»

NKS 1070 fol, 1700-talet, Borgartings-redaksjonen. Avskrift ved Markus Magnussøn, for Peter Frederik Suhm (1728–1798), av AM 31 8°.

NKS 1071 fol, 1750–1800, Gulatings-redaksjonen. Avskrift ved «Issfold», for Peter Frederik Suhm (1728–1798), av AM 322 fol.

NKS 1072 fol, 1750–1800. Innhold: Eidsivatings-redaksjonen. Avskrift ved «Issfold», for Peter Frederik Suhm (1728–1798), av AM 309 fol.

Steph 5 4°, byrjinga av 1700-talet, Eidsivatings-redaksjonen. Avskrift av AM 68 4°.

UBB-Ms 81, ca. 1720, Gulatings-redaksjonen. Avskrift av AM 56 4°. Annakvar side er blank, og der skulle det nok ha stått omsetjing til dansk, men av ei slik er det berre små forsøk.

Uldall 37 fol, 1700-talet, Gulatings-redaksjonen. Avskrift av LundUB Mh 15.

Uldall 314 4°, 1601, utdrag av landslova avskrivne i AM 94 4°. Utdraget er laga av ein skrivar hos Peder Claussøn Friis (1545–1614), prost, kannik, topografisk-historisk forfattar og sagaomsetjar.

### **Fragmenterte handskrifter i norrøn språkform utan tekstkritisk verdi**

AM 59 a 4°, 7 blad, slutten av 1600-talet. Innhold: Kap. 1–17 av Odelsløysingsbolken. Avskrift av AM 69 4°. AM 59 b 4°, 4 blad, ca. 1700. Avskrift av AM 59 a 4°, som er avskrift av AM 69 4°.

AM 61 b 4°, 1 blad, 1550–1600. Innhold: Kap. 10, 13 og 24 av Kjøpebolken (Storm 1885:551 reknar dette saman med AM 61 a 4° som eitt handskrift). Etter Storm er kap. 10 og 24 skrivne av etter Holm perg 33 4°, og kap. 13 etter Holm perg 32 4°. Skrivaren er «Borgemester Michel Jenssøn», som kjøpte AM 61 a 4° av Jens Nilssøn i 1579 (Storm 1885:549, 551).

AM 95 b 4°, 7 blad, ca. 1570. Innhold: Kap. 7–12 av Landevernsbolken. Avskrift av Holm perg 29 4°. Skrivar er Hans Jakobsen Loe, sjå Deichman 11 8°. I 1618 fekk Søffren Knudsen handskriftet av Samuel Jørgensenn, sokneprest i Mandal.

AM 1056 VIII 4° (svasar til d i det danske Geheimearkivet i Storm 1885:645), 8 blad, 1550–1600. Innhold: Kap. 16–17 av Odelsløysingsbolken, innhaldsregister og kap. 1–17 og 55–65 av Landsleigebolken, innhaldsregister og kap 1–5 av Kjøpebolken. Avskrift av AM 322 fol. Skrivar er Jon Simonsson eller ein som etterliknar hans skrift. Han har også skrive AM 108 4° og delar av Thott 1273 fol. Jon Simonsson (1512–1575) er nemnd som rådmann i Bergen 1544, frå 1546 var han lagmann på Agder.

NKS 1633 4°, 1750–1800. Innhold: Delar av Landsleigebolken, kap. 7–10, 18–22, 28–31, 46–48. Avskrift av AM 315 h fol og AM 315 i fol.

## **Handskrifter med omsetjing til dansk**

AM 313 fol, 1598. Avskrift av eit tapt handskrift med omsetjing i parallelle spaltar. Gammal prolog. Skrivar er Jacob Pedersen. Seinare eigar er Christianus Lange Henrici filius.

AM 316 fol, slutten av 1500-talet. Gammal prolog. Skrivar er Peder Nilssøn Lem, byskrivar i Bergen, som også har skrive AM 64 4° og delar av NKS 1643 4°. Eigar har vore Niels Helliesen, rådmann i Bergen, omtalt før 1579, seinare Tormod Torfæus (1636–1719).

AM 317 fol, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog.

AM 318 fol (før 1886: Chr. Univ. 3 fol), 1554, omsetjing av AM 31 8°, med utelating av Gulatinget. Skrive i Marstrand av Rasmus skrivar.

AM 319 fol, andre halvdel av 1500-talet. Prologen manglar. Landslova var ferdig 1563, og handskriftet blei fullført av Hans Amundsen i Oslo 1587. Eigar 1716 var Jonas Ramus, prest i Norderhov.

AM 320 fol, slutten av 1500-talet. Mathias Scavenius si fortale til landslova. Ny prolog. Etter Storm 1879:24 er skrivaren Johannes Heliæ. Eigar 1593 var Andreas Matthiades Been, sokneprest i Topdal og prost over Mandals len.

AM 321 fol, slutten av 1500-talet. Ny prolog.

AM 64 4°, slutten av 1500-talet, Gulatings-redaksjonen. Gammal prolog. Skrivar er Peder Nilssøn Lem, byskrivar i Bergen, som også har skrive AM 316 fol og delar av NKS 1643 4°. Eigar har vore Absalon Absalonsson Beyer, kapellan ved Domkirken i Bergen 1589–1594, seinare sokneprest i Gloppen.

AM 75 4°, ca. 1600. Utkast til omsetjing, tidlegare hefta inn i AM 71 4°.

AM 79 4°, slutten av 1500-talet, Gulatings-redaksjonen. Gammal og ny prolog. Handskriftet er skrive av i Uldall 35 fol.

AM 80 4°, midten av 1500-talet. Ny prolog. Skrivar er Hans Jacobsen, som var i teneste hos den danske adelsmannen Iver Jenssøn Jernskjegg på Fritsø. Storm 1879:24 meiner at vi har å gjere med Hans Jakobsen Loe, sjå Deichman 11 8°.

AM 81 4°, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog. Eigar 1597 var Severinus Martini Roschildius.

AM 82 4°, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog. Eigar har vore Thomas Ybsen, deretter Hans Atterndorp, begge i teneste hos Erik Rosenkrantz, lensherre på Bergenhus 1560–1568. Hans selde handskriftet til Niels Lauritssøn 1558. I 1601 gav Olaf Holk, Borgartings lagmann, det til systersonen Laurits Nilssøn, borgarmeister i Tønsberg.

AM 83 a 4°, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Skrivar er Mattias Juell, som også har skrive i AM 91 4°.

AM 84 4°, slutten av 1500-talet. Ny prolog.

AM 85 4°, 1543. Ny prolog. Handskriftet inneholder også Bergens bylov og Farmannslova. Skrivar er Rasmus Hertuicksen, som også har skrive NB Ms.4° 528. Eigar har vore Michel Eskilsson, fogd på Halsnøy rundt 1570, som gav det til Christen Trane, som er nemnd som fogd i Ryfylke 1591. Seinare har handskriftet tilhørt Tormod Torfæus (1636–1719).

AM 86 4°, noko eldre enn 1550. Ny prolog. Det er same skrivaren i Holm papp 69 4° (før: C 28) og Thott 2084 4°. Handskriftet har på 1600-talet tilhørt Søren Mikelsen.

AM 87 4°, 1566. Ny prolog. I 1629 gav Jens Hansen handskriftet til Samson Michelsen Ferøe. Seinare har det tilhørt Frederik Rostgaard (1671–1745).

AM 88 4°, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog.

AM 89 4°, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog. Handskriftet har tilhørt Tormod Torfæus (1636–1719).

AM 90 4°, 1593. Ny prolog. Skrivar er Jón Jónsson, lagmann på Island, d. 1606. Avskrift av Thott 2086 4°.

AM 91 4°, slutten av 1500-talet (påbegynt 1592, fullført 1593). Ny prolog. Skrivar er Mattias Juell, som også har skrive AM 83 a 4°.

AM 92 4°, 1600, avskrift av omsetjinga av NKS 1642 4°, som finst i NB Ms.4° 553. Lova er i innleiinga kalla Fredrik 2.s norske lov. Skrivar er Laurens Nilssøn. Handskriftet har tilhørt Tormod Torfæus (1636–1719).

AM 93 4°, andre halvdel av 1500-talet. Prologen manglar. Handskriftet har tilhørt Tormod Torfæus (1636–1719).

AM 94 4°, ca. 1600. Handskriftet inneholder avskrift av AM. 322 fol, og omsetjing til dansk. Arbeidet er gjort for Peder Claussøn Friis (1545–1614), prost, kannik, topografisk-historisk forfattar og sagaomsetjar. Eit utdrag av AM 94 4° finst i Uldall 314 4°.

AM 95 a 4°, ca. 1600. Ny prolog.

AM 32 8°, slutten av 1500-talet. Mathias Scavenius si fortale til landslova. Ny prolog.

AM 33 8°, 1601. Ny prolog. Skrivar er Baltzer Caspersen. Eigrarar i fyrste halvdel av 1600-talet har vore brørne Svend og Christoffer Jacobssøn, fødde i Fosen. Ca. 1650 har handskriftet tilhøyrt Petrus Christiani Grimsted. [De Heibergske Samlinger. I band 1 av *Rettssoga* seier Knut Robberstad (1976:220) at dei Heibergske samlingane i Sogn hadde to eksemplar av den danske omsetjinga av landslova. Desse to handskriftene er nærmare omtala i Robberstad 1950, og har der nummera 4368 og 4940. I e-brev av 09.09.2014 opplyser De Heibergske Samlinger at dei ikke kan finne desse bøkene i biblioteket no.]

Deichman 11 fol, 1595. Gammal og ny prolog. Skrivar er I. C. W.

Deichman 12 fol, 1604. Ny prolog. Skrive i Trondheim på initiativ av Christoffer Bjørnssøn, etter kanslaren Hans Pedersøns lovbok. Gjeve 1637 til Dr. Peder Alfssøn, lagmann i Trondheim 1631–1653. Svigersonen Niklas Poulsøn, lagmann 1653–1658, har skrive notar i margen i boka.

Deichman 13 fol, 1596. Gammal og ny prolog. Handskriftet inneholder også ein kristenrett, Farmannslova og Bergens bylov. Skrivar er Sander Mænn, «borger och jnnduaaner vdj Bergen». Eigar har vore Søfferen Rasmussen som i 1633 gav handskriftet til Jens Michellsen, seinare har handskriftet tilhøyrt Niels Pouelsen.

Deichman 14 fol, 1577. Mathias Scavenius si fortale til landslova. Ny prolog. Eigar i 1582 var Jørgenn Lauritzenn.

Deichman 28 4°, Trondheim 1562. Ny prolog. I 1596 var Christoffer Erlandssøn eigar, seinare har handskriftet hatt mange eigrarar (sjå Storm 1885:757).

Deichman 29 4°, andre halvdel av 1500-talet. Gammal prolog, som er stila til Eidsivatinget.

Deichman 30 4°, Tønsberg 1591. Dette er eit utdrag. Skrivar er L. T.

Deichman 31 4°, 1700-talet. Avskrift av ei omsetjing frå 1500-talet.

Deichman 32 4°, 1700-talet. Avskrift av Thott 2084 4°.

Deichman 33 4°, Sandeherred 1567. Ny prolog. Skrivar er Laurentz Hermanson, tidlegare prest i Sandeherred. Her er Anders Sæbjørnsson omtalt som omsetjar av landslova (sjå Storm 1885:758).

Deichman 34 4°, 1596. Ny prolog. Etter Storm 1879:22 var eigaren 1598 Henrik Pedersen Fynbo i Smørsgården i Bergen.

Deichman 38 4°, slutten av 1500 talet. Ny prolog.

Edinburgh, Advocates library, 21–4–3 (21–2–1 i Robberstad 1976:230), ca. 1600. Handskriftet inneholdt tekst og omsetjing etter AM 322 fol. Skrivars er Paal Helgessøn.

Engestr C XVII, 1, 17, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog.

GKS 1155 b fol, slutten av 1500-talet. Omsetjing i utdrag av GKS 3261 4°.

GKS 1156 fol, andre halvdel av 1500-talet. Gammal og ny prolog. Handskriftet inneholdt også ein kristenrett. Eigar i 1589 var Hans Teiste, lagmann i Stavanger 1585–1591. I 1654 tilhørde handskriftet Niklas Paulssøn, lagmann i Trondheim.

GKS 3263 4°, ca. 1550. Ny prolog. Handskriftet har tilhørt Jacob Matsøn Prestøe, slottsskrivar og kapellan på Bergenhus, d. ca. 1550.

GKS 3264 4°, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Eigar i 1624 var Jacob Jørgensen.

GKS 3265 4°, slutten av 1500-talet. Ny prolog.

GUNNERUS XA Qv. 135, slutten av 1500-talet.

GUNNERUS XA Qv. 506, ca. 1595. Dette handskriftet er ikkje med i Storm 1885. Det kom til biblioteket i 1888, funne på realskolens mørkeloft.

GUNNERUS Xa Oct. 57, slutten av 1500-talet. Ny prolog.

Holm C 79 fol, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Etter Storm (1885:691) er skrivaren «Philippus Sertorius Megapolensis Grabouiensis, tysk og dansk Skolemester i Odense».

Holm papp 84 fol (svarar til Danica 43 fol i Storm 1885:693), midten av 1500-talet. Omsetjinga stansar med kap. 25 i Arvebolken.

Holm papp 113 fol (før: C 23), slutten av 1500-talet. Ny prolog. Kristenretten. Eigar i 1599 var Nils Krag Mogensen til Agerkrog.

Holm papp 114 fol (før: C 24), slutten av 1500-talet. Ny prolog. Eigar i 1610 var den svenske hertugen Karl Philip.

Holm papp 115 fol (før: C 25), andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog. Eigaren Jacob Søffrensen skrivars, borgarmeistar i København, lét handskriftet skrive i 1583. Han selde det

seinare til Torbenn Jenssen.

Holm papp 116 fol (før: C 26), midten av 1500-talet. Ny prolog. Eigar i 1558 var Tage Ottesen Thott, lensherre på Båhus 1555–1562.

Holm papp 117 fol (før: C 27), slutten av 1500-talet. Ny prolog. Grev Magnus Gabriel de la Gardie (1622–1686) har fått handskriftet. Holm papp 69 4° (før: C 28), første halvdelen av 1500-talet. Ny prolog. Det er same skrivaren i AM 86 4° og Thott 2084 4°. Eigar i 1547 var kanslar Johan Friis (1494–1570).

Holm papp 70 4° (før: C 29), andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog. Handskriftet er skrive av fire skrivrarar i perioden 1571–1596, landslova er skriven i 1571 av Hans Didrikssøn. I 1596 tilhørde handskriftet Hans Poulsen Resen (1561–1638), professor i København 1591–1615, biskop på Sjælland 1615–1638.

Holm papp 71 4° (før: C 30), midten av 1500-talet. Ny prolog. Det har vore fleire eigarar: Eirick Kiill i 1552, Erich Simonszon til Rechboo i 1594, Jøns Erichsonn ca. 1600, adelsmannen Claes Rålamb (1622–1698) på slutten av 1600-talet.

Holm papp 72 4° (før: C 31), 1552. Gammal og ny prolog. Handskriftet er skrive under tilsyn av Claus Huitfeldt, lensmann i Skiens syssel 1549–1556. Eigar fra 1651 var friherre Lars Fleming til Liebelitz (d. 1699).

Holm papp 73 4° (før: C 32), slutten av 1500-talet. Ny prolog. Det er nemnt fleire eigarar: Peder Jørgensøn, Petrus Halmianus Ripensis i 1599, Omund Tiørbjønson i 1599.

Holm papp 74 4° (før: C 33–36), ca. 1600, tekst etter AM 322 fol, med parallel dansk omsetjing. Ansvarleg for arbeidet var Peder Claussøn Friis (1545–1614), prost, kannik, topografisk-historisk forfattar og sagaomsetjar. Ifølgje Ludvig Holm-Olsen (1981:25) er dette den beste av dei bevarte omsetjingane av landslova.

Holm papp 75 4° (svasar til Danica 44 qv i Storm 1885:694–695), 1561. Ny prolog.

Holm papp 76 4°, andre halvdel av 1500-talet. Dette handskriftet er ikkje nemnt i Storm 1885.

Holm papp 77 4°, 1575–1576. Prologen manglar. I 1579 gav Hans Jenssøn handskriftet til Henrik Matzen. På 1600 talet tilhørde det grev Magnus Gabriel de la Gardie (1622–1686). Storm (1885:697) kallar handskriftet «Norsk Lovbog in 4°», og plasserer det under det svenske riksarkivet. Riksarkivet gav det til biblioteket i 1889.

Holm papp 78 4°, etter 1591. Gammal og ny prolog. Eigar var Niels Sørum i 1671 (etter Storm 1885:698, i 1601 etter Gödel 1897–1800:352). Storm (1885:697–698) kallar handskriftet

«Norsk Lovbog in 4°», og plasserer det under det svenske riksarkivet. Riksarkivet gav det til biblioteket i 1889.

Kall 605 4°, 1568–1579. Ny prolog.

Ledreb 76 4°, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog.

Linköping B 72, andre halvdel av 1500-talet. Dette er ei omsetjing til svensk av den danske omsetjinga av landslova, truleg utført i Trondheim under den svenske okkupasjonen i 1564. Handskriftet seier at lova er omsett frå islandsk til dåtidas talemål av Erik Gyldenstierne med hjelp av fire lagmenn. Erik Gyldenstierne var lensherre på Akershus 1532–1536. Lund J 10 b fol, andre halvdel av 1500-talet. Gammal prolog. Eigar i 1630 var Nils M. Madtzen, i 1681 tilhørde handskriftet S. Simensen. Lund J 6 4°, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog. Handskriftet er skrive av i NKS 1646 4°.

NB Ms.fol 4, Bergen slutten av 1500-talet. Gammal prolog. Handskriftet inneheld også Bergens bylov.

NB Ms.fol 5, slutten av 1500-talet, landslova for N: Ting, norrøn tekst og omsetjing. Den norrøne teksten stammar frå AM 322 fol. Same skrivar i ein del av landslova i norrøn språkform i Holm perg 31 4°, skrivaren er Morten Nilssøn, byskrivar i Bergen 1588–1590, lagmann i Stavanger 1590–1601. Han har også skrive GKS 3262 4° (bylova) og AM 97 4° (bylova i omsetjing).

NB Ms.fol 230, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Landslova er skriven i 1585. Handskriftet er skrive for Henrik Gyldenstierne, lensherre på Båhus 1576–1592.

NB Ms.fol 278, 1598. Ny prolog. Skrivar er truleg I. P. S.

NB Ms.fol 530, 1593–1594, Frostatings-redaksjonen. I 1599 blei handskriftet gjeve frå Jacob Trolle til Niels Lange. I 1796 åtte Iver Pedersen Bø det. Handskriftet blei sendt inn til biblioteket i 1837 frå garden Bø i Gausdal.

NB Ms.4° 14, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog.

NB Ms.4° 58, ca. 1560. Ny prolog.

NB Ms.4° 302, ca. 1575. Ny prolog. I 1812 kjøpte Teis Lundsgaard (1774– 1856) handskriftet av «Madame Holm» (Storm 1885:729).

NB Ms.4° 311, ca. 1550. Defekt.

NB Ms.4° 314, andre halvdel av 1500-talet. Gammal prolog. Ca. 1600 har Jens Christopherssen gjeve handskriftet til svogeren Otte Mogenssen. Biblioteket fekk det som gāve i 1842 av bergråd Peter Petersen (d. 1850).

NB Ms.4° 377, skrive i Lindås i Nordhordland av «Albert Albertzon effter Erick Pedersson egen handskrifft Anno 1601 den 26 Decemb. Soli deo gloria» (Storm 1885:734). Dette er ei omsetjing av Gulatings-redaksjonen (Storm 1885:734), med gammal prolog. Under omtalen av AM 307 fol meiner Storm (1885:483) at dette handskriftet er grunnlaget for omsetjinga.

NB Ms.4° 502, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog. Etter Storm (1885:735) har handskriftet i 1764 tilhøyrt Philip Smit, som også kalla seg Philipus Georgius Fabritius. Biblioteket kjøpte det 1855 på auksjon etter høgsterettsassessor Debes.

NB Ms.4° 526, slutten av 1500-talet, Gulatings-redaksjonen. Ny prolog. Eigar i 1593 var Christoffer Jørgensson. Mange av kapittelinitialane har andlet teikna inn i seg.

NB Ms.4° 528, 1544 (landslova). Ny prolog. Skrivar er Rasmus Hertuicksen, som også har skrive AM 85 4°.

NB Ms.4° 553, andre halvdel av 1500-talet. Hovuddelen (hand a fra ca. 1575) av handskriftet er ei omsetjing av NKS 1642 4° av Hans Jakobsen Loe (sjå Deichman 11 8°). Sjølv teksten skriv han i gotisk skrift, men i notar og i overskrifter bruker han kursiv. Prologen og kristenretten manglar, og Tingfarebolken er generelt formulert. I tillegg har Hans Jakobsen Loe skrive AM 95 b 4° (delar av Landevernsbolken etter Holm perg fol 29) og notisar i AM 60 4° og i NKS 1642 4°. Storm 1879:24 meiner at han også har skrive AM 80 4°. Hand b, fra 1590-åra, kallar seg Hartuigh Rasmussen. Omsetjinga av landslova er skriven av i AM 92 4° og UBB-Ms 65.

NB Ms.4° 591, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Handskriftet inneheld også Gulatings nyare kristenrett, etter eit tapt handskrift.

NB Ms.4° 691 b, slutten av 1500-talet. Prologen manglar.

NB Ms.4° 694, slutten av 1500-talet. Omsetjinga begynner med Landevernsbolken. Handskriftet inneheld også omsetjing av Tønsbergs bylov etter NKS 1642 4°.

NB Ms.4° 736 a, andre halvdel av 1500-talet. Gammal prolog. På 1600-talet tilhørde handskriftet Kiehell Biostadt og Anund Kietlsøn. Seinare har det tilhørt Jacob Aall (1773–1844), og arvingane hans gav det til biblioteket.

NB Ms.4° 736 b, andre halvdel av 1500-talet. Prologen er borte. Både byrjinga og slutten av handskriftet er borte. Det same er innbindinga. Vi veit difor ingenting om historia til

handskriftet.

NB Ms.4° 1392 (før: Kristiansand katedralskole E. 13 4°, sjå Storm 1885:783–787), slutten av 1500-talet. Ny prolog. Handskriftet blei gjeve til Kristiansands skolebibliotek i 1775 av I. Schavland.

NB Ms.8° 29, ca. 1600. Omsetjinga er i utdrag. Handskriftet inneheld også ei omsetjing av Frostatings eldre kristenrett.

NB Ms.8° 71, andre halvdel av 1500-talet. Ny prolog. I 1818 kjøpte Ingvard Hansen Seland (d. 1858) handskriftet. Sonen hans, Andreas I. Seland, skolelærar i Hellesund, gav det til universitetet i 1861.

NB Ms.8° 296, 1500-talet. Ny prolog. På innsida av frampermen er det klistra inn ein lapp med namnet Olluf Bagger Hanssøn. Dette namnet står to stader til, ein gong med årstalet 1620. Ut frå innhaldet er det grunn til å tru at handskriftet har vore i Trondheim på 1600-talet. På 1800-talet tilhørde det truleg Slotsbiblioteket i Stockholm. Det blei gjeve som gåve til Universitetsbiblioteket i 1907, og er naturleg nok ikkje nemnt i Storm 1885.

NB Ms.8° 3121, ca. 1600. Ny prolog. Handskriftet blei kjøpt av dr. Trond Berg Eriksen, Universitetet i Oslo, i 1979, og er naturleg nok ikkje nemnt i Storm 1885.

NKS 1073 fol, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Eigar i 1600 var Peder Jespersen, som fekk det av sin husbonde Hans Pedersen til Semb, Noregs rikes kanslar frå 1591. Seinare har handskriftet tilhøyrt geheimeråd A. W. v. Osten og Peter Frederik Suhm (1728–1798).

NKS 1074 fol, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Handskriftet inneheld også omsetjing av Farmannslova og eit utdrag av Bergens bylov. I 1619 kjøpte Peder Pederssen M. handskriftet, som før hadde tilhøyrt S. Niels Frandzen. Seinare har det tilhøyrt F. C. Sevel (d. 1778) og Peter Frederik Suhm (1728–1798).

NKS 1075 fol, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Handskriftet har tilhøyrt F. C. Sevel (d. 1778) og Peter Frederik Suhm (1728–1798).

NKS 1076 fol, ca. 1600. Ny prolog. Skrivar er Hans Andersen, prest i Fredrikstad frå 1603, som også har skrive Uldall 34 fol. Eigar 1602 Christoffer Galde til Nygaardt. Seinare har handskriftet tilhøyrt geheimeråd A. W. v. Osten og Peter Frederik Suhm (1728–1798).

NKS 1634 4°, 1749. Dette er Hans Paus si omsetjing til dansk av landslova og andre lovtekstar, etter AM 322 fol. Omsetjingane er trykte i Paus 1751–1752.

NKS 1635 b 4°, islandsk avskrift frå 1700-talet av omsetjinga av landslova. Ny prolog. Handskriftet har tilhøyrt geheimeråd Henrik Hjelmstjerne (1715– 1780).

NKS 1635 c 4°, ca 1600. Ny prolog. I 1700 var I. Sthure, Trondheim, eigar. Seinare har handskriftet tilhøyrt geheimeråd Henrik Hjelmstjerne (1715–1780).

NKS 1643 4°, 1593–1594. Gammal og ny prolog. Omsetjinga av landslova skal vere avskrift av eit handskrift frå 1556. Skrivar er Peder Nilssøn Lem, byskrivar i Bergen, som også har skrive AM 316 fol og AM 64 4°. Eigar ca. 1700 var R. Lindgaard. Seinare har handskriftet tilhøyrt Peter Frederik Suhm (1728–1798).

NKS 1644 4°, slutten av 1500-talet, Gulatings-redaksjonen. Gammal prolog. Eigar i 1589 var truleg Morten Nilssøn, byskrivar i Bergen 1588–1590, lagmann i Stavanger 1590–1601. Han har skrive ein del av Holm perg 4° 31, og heile NB Ms.fol 5. Seinare har handskriftet tilhøyrt Peter Frederik Suhm (1728–1798).

NKS 1646 4°, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Avskrift av Lund J 6 4° frå 1564. Handskriftet blei i april 1632 gjeve frå Michell Mogenssøn, prest i Nærøy, til Hans Joennsøn. Juni same året gav han det vidare til Jacob Nielsen. Seinare arva Peder Hersleb, biskop i Akershus 1731–1737, handskriftet etter far sin, Christopher Hersleb, sokneprest i Stod i Trøndelag. Handskriftet har seinare tilhøyrt F. C. Sevel (d. 1778) og Peter Frederik Suhm (1728–1798).

NRA 49, midten av 1500-talet, stykke av to blad med delar av den nye prologen og kap. 1–2 av Tingfarebolken.

NRA Manuscriptsamlingen fol 117, slutten av 1500-talet. Teksten begynner med Tingfarebolken. Handskriftet inneheld også rettarbøter. Dette handskriftet er ikkje nemnt i Storm 1879 eller 1885, for Riksarkivet kjøpte det av bibliotekar S. Petersen i 1922.

NRA Manuscriptsamlingen 4° 60, 1597 (årstal på bandet). Gammal prolog. Dette handskriftet er ikkje nemnt i Storm 1879 eller 1885, for det kom til Riksarkivet i 1892 som gav frå postmeister Johan Ludvig Malthe. Øvst på framsida av bandet står initialane F G O G R, nedst står det S W D H I F G.

NRA Manuscriptsamlingen 4° 63, det er innhefta notat tilbake til midten av 1600-talet. Utdrag. Dette handskriftet er ikkje nemnt i Storm 1879 eller 1885, for det kom til Riksarkivet i 1893.

NRA Manuscriptsamlingen 4° 69 (Storm 1879:26 seier berre Rigsarkivet, Storm 1885 har det ikkje med), etter ca. 1560 (Storm 1859:26). Gave frå Olav Tovsson Tveiten ved lensmann i Hjartdal T. M. Kleppen desember 1878.

NRA Manuskriptsamlingen 4° 79. Utdrag. Handskriftet inneholder også ei forordning som gjeld geistlige forhold i Stavanger stift i biskop Jørgen Eriksens (1535–1604) tid.

NRA Manuskriptsamlingen 16° 1. Utdrag av landslova og rettarbøter. Dette handskriftet er ikke nemnt i Storm 1879 eller 1885.

[NRA ca. 1580–1600, berre nemnt i Storm 1879:26: «før Pastor Brochmanns». Vi har ikke greidd å finne att dette handskriftet på Riksarkivet.]

Rål 29 4°, 1585. Skrivaren er Per Nielssøn Lem på Aspe på Sunnmøre.

Thott 1272 fol, ca. 1550. Ny prolog. Landslova er skriven av hand a, med signatur T I. Hand c (Laurents Hanssøn) fullførte 1551 ei omsetjing av kristenretten, ei samanstøyting av Gulatings nyare og Jons, den siste etter hans avskrift (GKS 3669 8°) av Jons kristenrett i GKS 1154 fol. Eigar var Laurents Hanssøn, lagmann i Stavanger 1554–1557, «vår første virkelige sagaoversetter» (Holm-Olsen 1981:17).

Thott 1273 fol, ca. 1550–1560. Ny prolog. Same skrivaren, Jon Simonssøn, som i AM 108 4°, som inneholder omsetjing av Hirdskråa etter AM 322 fol. Jon Simonssøn (1512–1575) er nemnd som rådmann i Bergen 1544, fra 1546 var han lagmann på Agder. Han har truleg også skrive AM 1056 VIII 4°.

Thott 1274 fol, ca. 1500–1580. Ny prolog. I 1604 åtte Knud Marquordsen handskriftet, og på slutten av 1600-talet var eigaren Olaus Laurentij. Seinare har handskriftet tilhørt F. C. Sevel (d. 1778).

Thott 2084 4°, ca. 1550. Ny prolog. Det er same skrivaren i AM 86 4° og Holm papp 69 4° (før: C 28). Avskrift i Deichman 32 4°, som er fra 1700-talet. I 1602 var eigaren Madtz Bagge. I 1651 gav Daniel Bildt Knudsen til Morlandgaard handskriftet til Peder Andressen. I fyrste halvdel av 1700-talet har det tilhørt Paludan, sorenskrivar på Ringerike og i Hallingdal 1726–1750. Thotts samling fekk det i 1750 fra Ivar Wiel, fogd på Ringerike og i Hallingdal 1736–1756.

Thott 2085 4°, slutten av 1500-talet. Ny prolog. Handskriftet er delvis skriven av Thomas Normand, som åtte det i 1596.

Thott 2086 4°, 1589. Ny prolog. Handskriftet er skriven av i AM 90 4°. Eigar ca. 1600 var Anders Oluffsen.

Thott 2087 4°, 1596. Ny prolog. Storm 1885:422 behandler dette handskriftet som NKS 1635 a 4°.

Thott 2088 4°, 1599. Prologen manglar. Handskriftet er skrive på Bremsnes på Nordmøre av Hans Morthennsenn. I fyrste halvdel av 1600-talet var eigaren truleg Jens Pouellsenn på Moss, og i 1738 er det skrive J Cold Kjøbenhavn på bandet.

UBB-Ms 63, Bergen ca. 1600. Ny prolog. I 1601 gav Erbelinck Schroeder handskriftet bort, og i 1605 gav Jonn Lindtt, borgar i Bergen, det vidare.

UBB-Ms 65, ca. 1598, avskrift av omsetjinga av NKS 1642 4°, som finst i NB Ms.4° 553, men med ny prolog. Lova er i innleiinga kalla Fredrik 2.s norske lov. I 1877 åtte truleg O. Beyer Roggen handskriftet. Seinare har det tilhøyrt Wilhelm Friman Koren Christie (1778–1849), som fekk det av assessor Lassen.

Uldall 34 fol, ca. 1600. Ny prolog. Skrivar er Hans Andersen, prest i Fredrikstad frå 1603, som også har skrive NKS 1076 fol. Handskriftet inneholdt også avskrift av Tønsbergs bylov i NKS 1642 4°. Eigar i 1600 var Oluf Holck. Seinare har handskriftet tilhøyrt Peder Kofod Ancher (1710–1788).

Uldall 35 fol, 1700-talet. Avskrift av AM 79 4°. Handskriftet har tilhøyrt F. C. Sevel (d. 1778).

Uldall 314 4°, 1601. Utdrag av omsetjinga av landslova i AM 94 4°. Skrivaren er den same som i delar av Holm papp 74 4°, som Peder Claussøn Friis (1545–1614) var ansvarleg for. Handskriftet har tilhøyrt F. C. Sevel (d. 1778) og Peder Kofod Ancher (1710–1788).

Uldall 315 4°, slutten av 1500-talet, Gulatings-redaksjonen. Gammal prolog. Handskriftet har tilhøyrt F. C. Sevel (d. 1778) og Peder Kofod Ancher (1710–1788).

### **Nokre konklusjonar om handskrifter og fragmenterte handskrifter med tekstkritisk verdi**

I denne utgåva av landslova reknar vi med i alt 43 handskrifter i norrøn språkform med tekstkritisk verdi. Berre eitt, AM 309 fol, er datert. Dei andre er i hovudsak daterte på grunnlag av skrift og språk i dei. Dei fleste av handskriftene, i alt 33, er frå perioden ca. 1300–1350. Vi har 2 som er eldre enn ca. 1300, 4 frå perioden ca. 1350–1400, og 4 frå 1500-talet. Frå 1400-talet finst det ingen handskrifter.

Vi har i alt fragment av 55 handskrifter i norrøn språkform med tekstkritisk verdi. Dersom vi reknar med at NRA 20, 22 og 23 er delar av same handskriftet, og at NRA 30–33 tilhører same handskriftet, er det samla talet 50. Av dei 55 er det flest frå perioden ca. 1300–1350, i alt 43, medan 7 kan vere eldre enn ca. 1300. Vi har 4 frå perioden ca. 1350–1500. Det yngste fragmentet, frå ca. 1550–1600, er del av eit handskrift med andre lovtekstar.

Vi kjenner namnet berre på to skrivrarar frå mellomalderen. Torgeir Håkonsson har skrive AM 302 fol, AM 305 fol og AM 56 4°. Eirik Trondsson har skrive Holm perg 34 4°. Dessverre veit vi ikkje noko meir om desse skrivarane.

Vi har nokre eksempel på at ein og same skrivar har skrive meir enn eitt handskrift. Det gjeld framfor alt AM 304 fol, AM 322 fol, AM 60 4° og NRA 35 A. Gustav Storm hevdar at vi har same skrivaren i AM 58 4° og AM 74 4°, men det er usikkert (sjå under AM 58 4°). Wenche Balsvik meiner at det er same skrivaren i GKS 3261 4° og Holm perg 11 fol (sjå under GKS 3261 4°). Vi har før nemnt at det truleg er same skrivaren i NRA 20, NRA 22 og NRA 23, og likeins i NRA 30, NRA 31, NRA 32 og NRA 33.

Av handskriftene frå mellomalderen inneheld 17 Gulatings-redaksjonen, 10 inneheld Borgartings-redaksjonen, 6 inneheld Eidsivatings-redaksjonen, 5 inneheld Frostatings-redaksjonen og 1, Holm perg 35 4°, vekslar mellom Frostating, Eidsivating og Gulating.

To av dei fire handskriftene frå 1500-talet, Deichman 11 8° og Holm perg 31 4°, er i hovudsak generelt formulerte, og kan vanskeleg knytast til eit bestemt lagdøme. Dei to andre inneheld Frostatings-redaksjonen.

Dei fleste fragmenterte handskriftene lèt seg ikkje sikkert knyte til noko bestemt lagdøme. Kanskje inneheld 4 av dei Gulatings-redaksjonen, 2 Borgartings-redaksjonen, 2 Frostatings-redaksjonen og 1 Eidsivatings-redaksjonen, medan 1 vekslar mellom Gulating og Frostating. Alle desse fragmenterte handskriftene er eldre enn ca. 1350.

## Norsk og islandsk

Som kjent var det ikkje store skilnader mellom språket på Island og språket i Noreg på 1200- og 1300-talet. Og i sitt store verk *Vestnorske maalføre* fyre 1350 (1906–1942) tek Marius Hægstad med også islandsk. Seinare har det vore fleire diskusjonar om norsk eller islandsk i norrøne handskrifter (sjå Rindal 1997a:113–114).

I 1978 trykte Stefán Karlsson artikkelen «Om norvagismer i islandske håndskrifter» i tidsskriftet *Maal og Minne*. Han set der opp fem moglege forklaringar (dei tre første er lanserte tidlegare av Jón Helgason 1957) på at vi kan finne norske trekk i islandske handskrifter: 1. Formene har blitt tekne inn frå eit norsk førelegg. 2. Formene har kome frå Noreg til islandsk talemål utan å få fortfeste i skriftspråket, og dei har seinare forsvunne. 3. Formene syner ein generell tendens hos islandske skrivrarar til å etterlikne norsk, endå om det ikkje er grunnlag i førelegget eller i morsmålet. 4. Formene er overtekne frå eit gammalt islandsk førelegg. 5. Formene kjem frå skrivaren sin konservative dialekt, eller hans kjennskap til ein slik dialekt.

Men Stefán Karlsson seier også at dersom vi ikkje kjenner andre handskrifter frå ein skrivar, vil påverknad frå førelegget vise seg i unntaka frå norma (Karlsson 1978:96).

Med dette settet av forklaringar er det mest uråd å sannsynleggjere norsk skrivar og/eller islandsk førelegg i handskrifter med både islandske og norske former. Og det har vore den allmenne oppfatninga at det var norsk påverknad på islandsk språk, men ikkje den andre vegen.

Handskriftene er normalt ikkje daterte eller heimfeste, og gjev såleis eit usikkert grunnlag for studiet av regional språkleg variasjon. Men vi har eit stort materiale av både norske og islandske diplom, som normalt er daterte og heimfeste. Vi har fleire norskspråklege diplom skrivne på Island (sjå Rindal 1997a:116). Og islendingar skreiv diplom i Noreg. Mest kjend er Hauk Erlendsson (ca. 1265–1334). Han var fødd og oppvaksen på Island, og var lagmann der 1294–1299. Seinare kom han til Noreg, og var lagmann i Oslo 1302 og lagmann i Bergen 1303–1322. Vi har nokre originaldiplom der han er eineutferdar eller den fyrste av fleire utferdarar. Ingen av desse diploma har islandske særtrekk i språket.

I somme andre norske diplom kan vi finne islandske trekk, som *hl* og *hn*, *æ* for eldre /ø:/, *ie* for eldre /e:/, *ø* for eldre /a/ framfor ståande /u/ (sjå Rindal 1997a:116).

Vi veit at det var mange nordmenn som oppheldt seg på Island, og at det var mange islandske skrivarar i Noreg. Det var ein stor islandsk bokproduksjon til Noreg (sjå Karlsson 1979), som førte med seg at nordmenn var fortrulege med islandsk skriveskikk. Vi kan difor ikkje sjå bort frå ein generell islandsk påverknad på norsk skriveskikk.

I si doktoravhandling seier Jan Ragnar Hagland (1986:224) at produksjonen av lovboeker i Noreg alt frå den eldste tida i «ganske stor grad» har vore utført av islendingar. Opponenten Kjell Venås (1986:13) meinte på si side at islandismar i norske handskrifter kan vere «allmenne innslag frå islandsk skriftspråksbruk opptekne av nordmenn, eller eventuelt overførte av folk som òg skreiv av etter islandske førelegg av andre tekstar.»

Etter vår vurdering har berre 1 av 39 mellomalderhandskrifter av landslova islandsk språkform. Vi har ikkje vurdert om sjølve skrifta er islandsk eller norsk. Når det gjeld dei fragmenterte mellomalderhandskriftene, har 2 av 53 (eller 48) islandsk språkform, og 2 har ei blanding av islandsk og norsk. Men med Hauk Erlendsson som utgangspunkt kan det godt vere nokon av dei norskspråklege handskriftene som er skrivne av islendingar.

## Dialekt og riksnorm

På den tida landslova blei utgjeven i NGL (1848), var det rådande synet at det gammalnorske språket rundt 1300 var dialektfritt. I 1847 trykte P. A. Munch artikkelen «Levninger af norsk Oldlitteratur, nylig opdagede i det norske Rigsakiv» (sjå Munch 1873:273–295). Her fortel han om dei mange fragmenta av mellomalderhandskrifter som Chr. Lange og C. R. Unger hadde funne i innbindingar om rekneskap og protokollar i Riksarkivet. Munch venta ikkje å finne regional variasjon i handskriftene av landslova, i motsetning til handskriftene av landskapslovene. Men han meiner at dei nyfunne fragmenta av den eldre trøndsk og den eldre austlandske lova, samanlikna med den eldste Gulatingslova, syner at det ikkje fanst dialektskilnader i gammalnorsken på 1200-talet (Munch 1873: 294–295).

I artikkelen «Synet på skriftspråk og dialekter i gammelnorsk tid hos 1800-tallets forskere» har Ludvig Holm-Olsen (1982) ein gjennomgang av utviklinga fram mot det synet at også gammalnorsken hadde dialektar. Etter hans mening var Johan Storm (1878) den fyrste til påvise at visse dialektskilnader i nyare norsk kan førast tilbake til gammalnorsk. Seinare skreiv Marius Hægstad det digre verket *Vestnorske maalføre fyre 1350*, som kom ut i perioden 1906–1942 (sjå Rindal 1984). Han rekna islandsk og færøysk som vestnorske målføre. Hægstad (1899) hadde også studert trøndsk i gammalnorsk tid. Det same har Jan Ragnar Hagland (1978) gjort. Per Nyquist Grøtvedt (1939) har studert språket i lovhandskrifter fra Borgartingslag i perioden 1300–1350. Magnus Rindal (1981c) har studert språket på Nordaustlandet. Didrik Arup Seip har skrive mykje om språkforhold på Austlandet, utan å gje nokon samla framstilling av austnorske dialekter.

Norske mellomalderhandskrifter opplyser aldri om kvar dei er skrivne. Ei regional plassering av dei skjer i hovudsak på grunnlag av språket. Men dei gammalnorske diploma er normalt tid- og heimfeste. Og det er studiet av språket i desse tekstane som gjev eit grunnlag for å heimfeste lovhandskriftene.

I denne utgåva har vi så langt råd er, prøvd å bestemme handskriftene dialektgeografisk, til trøndsk, nordvestlandsk, sørvestlandsk, søraustlandsk eller nordaustlandsk. Trøndsk var knytt til skrivemiljøet i Nidaros, og tilhørde Frostatingslag. Nordvestlandsk var knytt til skrivemiljøet i Bergen, og tilhørde i hovudsak Gulatingslag (som i nord gjekk til og med Sunnmøre). Sørvestlandsk var primært knytt til skrivemiljøet i Bergen, men også til miljøet i Stavanger, og tilhørde Gulatingslag (som også omfatta Agder, Valdres og Hallingdal). Søraustlandsk var i hovudsak knytt til skrivemiljøa i Tønsberg og Oslo, og tilhørde Borgartingslag. Innanfor det nordaustlandske området, som tilhørde Eidsivatlingslag, var Hamar eit aktuelt skrivemiljø.

I 1902 gav Marius Hægstad ut *Maalet i dei gamle norske kongebrev*. Her seier han (1902:4–10) at frå ca. 1325 utvikla det seg ein tendens til å skrive kongebrev etter ei slags kansellinorm. I ordboka

frå 1909 tenkjer han seg at det i visse dokument veks fram eit slags riksmål frå slutten av 1200-talet, utvikla i samband med arbeidet med landslova (Hægstad 1909:XI-XII).

Seinare har fleire forskarar drøfta ei riksnorm for gammelnorsk språk (Vågslid 1938 og 1989, Rindal 1985). Det viktigaste arbeidet på dette feltet er Jan Ragnar Haglands *Riksstyring og språknorm* frå 1986. I dag er det vel semje om at språket i mange av lovhandskriftene frå fyrste halvdel av 1300-talet uttrykkjer ei slags riksnorm. Denne norma kan truleg knytast til skrivemiljøet ved kongens kyrkje, Mariakyrkja i Oslo, som var sete for kongens kanslar frå 1314. Norma kan seiast å vere prega av mangel på dialektale særdrag og nyovringar. Vi ventar f.eks. ikkje å finne svarabhaktivokal, redusert tryklett /a/ eller progressiv j-omlyd.

## Språkform og lagdøme

I det føregåande har vi prøvd å bestemme dei 39 mellomalderhandskriftene av landslova dialektgeografisk, men konklusjonane kan stundom vere usikre. Det er søraustlandsk som er den dominerande dialekten, brukt i 19 handskrifter. Etter vårt syn finn vi ei riksnorm i 6 handskrifter, sørvestlandsk i 3 handskrifter, trøndsk i 2 handskrifter, nordvestlandsk i 2 handskrifter, nordaustlandsk i 2 handskrifter. Vi har karakterisert språket som austlandsk i 2 handskrifter, og som vestlandsk i 1 handskrift. Eitt handskrift har islandsk språk, og eitt færøysk. For dei fragmenterte handskriftene er materialet så lite at det ikkje er lett å dra nokon konklusjon. Men også her står søraustlandsk sterkt.

Av dei 5 handskriftene som har ein eintydig Frostatings-redaksjon (Ff har ein blanda redaksjon) er 2 skrivne på nordvestlandsk, 1 på trøndsk og 1 på søraustlandsk. Eitt har truleg ei riksnorm.

Dei 17 handskriftene som har Gulatings-redaksjonen, viser stort språkleg mangfold. Vi finn truleg ei riksnorm i 5 av handskriftene, søraustlandsk i 4 handskrifter og sørvestlandsk i 3 handskrifter. Kvar av språkformene trøndsk, vestlandsk, austlandsk, islandsk og færøysk finst i eitt handskrift.

Av dei 10 handskriftene som har Borgartings-redaksjonen, er 8 skrivne på søraustlandsk, 1 på nordaustlandsk og 1 på austlandsk.

Alle dei 6 handskriftene som har Eidsivatings-redaksjonen, er skrivne på søraustlandsk.

Vi ser her den dominerande plassen søraustlandsk har. Alle lagdøma er representerte med minst eitt handskrift på søraustlandsk. Derimot finn vi ikkje trøndsk, nordvestlandsk, sørvestlandsk eller vestlandsk i nokon av handskriftene for Borgarting eller Eidsivating. Ei mogleg riksnorm finst særleg i Gulatings-handskriftene.

For dei fragmenterte handskriftene er materialet så lite at det ikkje er lett å dra nokon konklusjon. Men vi kan kanskje sjå ein tendens til at det er same situasjonen som for handskriftene.

### **Lagnaden til handskriftene**

Det er varierande kor mykje vi veit om historia til mellomalderhandskriftene av landslova. Men det er all grunn til å tru at dei har vore i bruk i Noreg fram til den danske omsetjinga kom på 1500-talet. På 1600-talet blei mange av dei skorne opp og brukte i innbindingar om rekneskap og protokollar i Riksarkivet, og dukka opp att fyrst på 1840-talet (jfr. Munch 1873:273–295).

På 1500- og 1600-talet var det ei viss historisk interesse for dei norske mellomalderhandskriftene. Storfolk, både danske, svenske og norske, skaffa seg handskrifter, som seinare fann vegen til danske og svenske samlingar. Vi må vere glade for at dei norske handskriftene på denne måten blei berga. For dei som blei verande i Noreg, lei oftast ein ublid lagnad (jfr. Halvorsen 1982). Nokre få lovhandskrifter har teke vegen til Island, og derifrå til Árni Magnússon. Dette gjeld AM 304 fol, AM 68 4° og AM 69 4°.

I dag er det berre tre av mellomalderhandskriftene av landslova som er oppbevarte i Noreg.

Eit av dei, NB Ms.4° 317, kom til Christiania Universitetsbibliothek i 1844.

Vi veit ikkje noko om historia til GUNNERUS, XA HA, Qv. 1, men det har truleg vore i Trondheim frå mellomalderen av.

Heller ikkje veit vi mykje om historia til NB Ms.4° 1. Rundt 1800 har det tilhøyrt biskop Olav Irgens i Bergen. Det er ikkje kjent korleis handskriftet kom til Universitetsbiblioteket i Oslo.

## Trykte utgåver av landslova i norrøn språkform

### Den arnamagnæanske utgåva, 1817

Den fyrste trykte utgåva av landslova blei gjeven ut i København i 1817 av den arnamagnæanske kommisjonen. Tittelen på utgåva var *Regis Magni legum reformatoris leges Gula-Thingenses, sive Jus commune Norvegicum. Ex Manuscriptis Legati Arna-Magnæani, cum interpretatione Latina et Danica, variis lectionibus, indice verborum, et IV Tabulis æneis.* I kortform var tittelen *Gulafjingslög.*

Utgåva byggjer på AM 322 fol (Storm 1885:504), og har variantar frå 26 andre handskrifter frå samlingar i København, det er ikkje brukt handskrifter frå svenske samlingar. Gulathing i tittelen kjem nok av at utgjevarane hadde Gulatings-redaksjonen som utgangspunkt. Det er teke med svært få variantar i utgåva. Innleiinga og kommentarane er på latin. I kap. 2 i Tingfarebolken behandlar utgåva utsendingar til Gulating og Frostating, ikkje til Eidsivating. Som kjent har Borgartings-handskriftene generelle formuleringar på dette punktet.

Utgåva har omsetjing til latin og til dansk, og eit glossar med omsetjing av norrøne ord til latin.

### R. Keyser og P. A. Munch, 1848

I 1848 gav R. Keyser og P. A. Munch ut *Den nyere Lands-Lov, udgiven af Kong Magnus Haakonsson*, som del av band 2 (s. 1–178) i *Norges gamle Love indtil 1387*. Denne utgåva byggjer på AM 60 4°, med variantar frå 40 andre handskrifter og 5 fragmenterte handskrifter. Meir om denne utgåva seinare.

### George T. Flom, 1925

I 1925 gav George T. Flom ut *The Borgarthing law of the Codex Tunsbergensis, C.R. 1642, 4to, an old Norwegian manuscript of 1320–1330*. Dette er ei utgåve av det sentrale handskriftet (NKS 1642 4°) av Borgartings-redaksjonen av landslova.

### George T. Flom, 1937

I 1937 gav George T. Flom ut *The old Norwegian general law of the Gulathing, according to codex Gl.k.S. 1154 folio, diplomatic ed., with linguistic-paleographic introduction and four facsimile pages*. Dette er

ei utgåve av eit sentralt handskrift (GKS 1154 fol) av Gulatings-redaksjonen av landslova.

### Rudolf Meissner, 1941

I 1941 gav Rudolf Meissner ut *Landrecht des Königs Magnus Hakonarson*. Denne utgåva byggjer i hovudsak på utgåva i NGL 2. Men han seier at teksten trong forbetring, og han har særleg teke inn formuleringar som byggjer på Absalon Tarangers omsetjing til riksmål frå 1915. Han gjer ikkje merksam på dei endringane han gjer i teksten etter NGL. Han fører også inn «moderne» interpunksjon, og dertil høyrande store forbokstavar. Men han normaliserer ikkje teksten. Han har ein del merknader, der han viser til parallellear i andre lovtekstar.

Den norrøne teksten er følgd av omsetjing til tysk. Til slutt er det eit register, som i hovudsak er eit sakregister med utgangspunkt i tyskspråklege termar, det er også proprium med i dette registeret.

## **Trykte utgåver av omsetjing av landslova, eller delar av henne**

### **Hans Paus, 1751, dansk**

Den eldste trykte omsetjinga vi har av landslova, er Hans Paus si omsetjing til dansk, utgjeven i 1751. Handskriftet til omsetjinga hans er NKS 1634 4°, frå 1749. I *Samling af Gamle Norske Love*, som kom ut i to band 1751–1752, har han omsett ei rad gamle lover til dansk. Band 1 inneheld den eldre Gulatingslova, landslova for Gulathing, ein gammal kristenrett (Frostatings), som Paus tek med under Magnus Lagabøtes landslovgjeving, og Bergens bylov. Band 2 inneheld den eldre Frostatingslova, Bjarkøyretten, Eidsivatings eldre kristenrett, Nidaros bylov, erkebiskop Jons kristenrett og rettarbøter og forordningar frå Håkon Håkonsson til Fredrik 3.

Hans Paus var fødd i Vadsø 1710, blei student i København 1732 og tok juridisk embeteksamen der 1753. Frå 1753 til sin død 1770 var han sorenskrivar i Finnmark. Det var i København-tida han gjorde det store arbeidet med omsetjing av dei gamle lovene. Han har også med historiske, filologiske, geografiske og juridiske kommentarar.

I innleiinga til band 1 seier Paus at han til omsetjinga av landslova, kristenretten og bylova har brukt «et ganske Complet og propre skreven Pergameen-Exemplar, som jeg haver confereret med to Exemplarier af Frostatings Lovene, som dermed ganske nøye stæmme overeens». Eit par eksempel i Paus si omsetjing viser at det er AM 322 fol han har brukt som grunnlag. I Prologen er AM 322 fol det einaste handskriftet som flytter avsnittet om arv, bortgifting av kvinner osb. til slutten, sjå note 342, s. 111. Den same flyttinga har Paus si omsetjing. I Frostatings eldre kristenrett har kap. 1 ei overskrift som samsvarar med den som elles i sin heilskap berre finst i AM 322 fol, sjå NGL 1, side 130, note 6.

### **Den arnamagnæanske utgåva, 1817, dansk og latin**

Desse omsetjingane byggjer på, og er del av, den utgåva som ber tittelen *Regis Magni legum reformatoris leges Gula-Thingenses, sive Jus commune Norvegicum. Ex Manuscriptis Legati Arna-Magnæani, cum interpretatione Latina et Danica, variis lectionibus, indice verborum, et IV Tabulis æneis*. Havniæ 1817.

### **Absalon Taranger, 1915, riksmål**

Til nyare norsk er landslova fullstendig omsett berre ein gong, til riksmål av Absalon Taranger i 1915. I forordet skriv han følgjande: «Denne oversættelse av Magnus Lagabøters landslov hviler væsentlig paa tekstutgaven i Norges gamle Love II. Jeg har dog ikke altid fulgt denne utgaves tekst, men den som ifølge utgavens variantapparat findes i «de fleste» haandskrifter.» Til dette er det å seie at ut ifrå tekstkritisk teori er det ikkje slik at fleirtalet av handskriftene treng ha den beste lesemåten. Ved val av tekst har han også brukt utgåva av Jónsbók frå 1904 og Magnus Lagabøtes bylov. Men han legg til: «Jeg tør naturligvis ikke anse mitt tekstvalg for uangripelig. Fuld sikkerhet kan først opnaaes, naar haandskriftmaterialet er underkastet en ny granskning.»

Med det utvalet Taranger har gjort, kan vi ikkje vere sikre på omsetjinga hans detaljert gjev att teksten i NGL. Og kapitteleoverskriftene har han endra for å få dei til å stemme med innhaldet.

Men omsetjinga hans har to gode sider. Han har delt kapitla inn i paragrafar, og han opplyser om kjelde for kapittel og paragrafar.

Taranger opplyser at omsetjinga er utarbeidd under samarbeid med Sigurd Kolsrud, «som har oversat landsloven paa landsmal», og at Kolsruds omsetjing har hjelpt han til å finne folkelege ord og uttrykk.

### **Sigurd Kolsrud, 1914–1916, landsmål**

I forordet til omsetjinga si skriv Taranger at han håpar at det vil lukkast Sigurd Kolsrud å få trykt si omsetjing av landslova på landsmål. Men det kom aldri noka fullstendig omsetjing av landslova frå Kolsrud.

I boka si om Kolsrud skriv Kjell Venås (2005:43–44, 58) at han trykte omsetjingar til nynorsk av stykke frå landslova i bladet *Den 17de Mai*. Desse stykka blei publiserte i perioden 1914–1916, og var frå Landevernsbolken, kap. 1–7, Odelsløysingsbolken, kap. 1–17, Landsleigebolken, kap. 43–47 og 49–51. Grunnlaget er truleg utgåva av landslova i NGL.

### **Rudolf Meissner, 1941, tysk**

Denne omsetjinga byggjer på, og er del av, den utgåva som ber tittelen *Landrecht des Königs Magnus Hakonarson*. Weimar 1941.

### **Knut Robberstad, 1963, nynorsk**

I band 6 av *Den norrøne litteraturen* er det ein bok med omsetjing av norske lover frå mellomalderen, utført av Knut Robberstad (1963). Her er det omsetjing til nynorsk av stykke frå landslova. Det gjeld Tingfareboken, kap. 1 og 3, Kristendomsbolken, kap 1–2, Landevernsbolken, kap. 1 og 11–12, Mannhelgebolken, kap. 14 og 17–18, Arvebolken, kap. 8 og 25, Odelsløysingsbolken, kap. 2, 39 og 42, Landsleigebolken, kap. 39 og 52, Kjøpebolken, kap. 10, Tjuvebolken, kap 1.

Robberstad seier at han har omsett etter utgåva i NGL, bortsett frå landslova. Her legg han handskriftet AM 56 4° til grunn, men han gjev ingen argumentasjon for dette valet.

## **Utgåva frå 1848 av landslova i Norges gamle Love indtil 1387**

### **R. Keyser og P. A. Munchs arbeid med utgåva**

I «Fortale» til band 1 av NGL (1846) er det gjort greie for forhistoria for arbeidet med utgåva av dei norske lovene før 1387. I mai 1835 drog R. Keyser og P. A. Munch til København for å skrive av og kollasjonere aktuelle handskrifter i samlingane der. Dette arbeidet blei avslutta i 1836, og i april 1837 reiste dei til Sverige og skreiv av og kollasjonerte handskrifter i Stockholm, Uppsala og Lund. Kort tid etter at dei kom til Sverige, blei Munch utnemnd til lektor i historie ved universitetet i Christiania, og måtte dra heim. Keyser gjorde ferdig arbeidet i Sverige, oppholdt seg deretter ei kort tid i København, og kom til Christiania i desember 1837. Dei var då ferdige med samlingane utanfor Noreg. I fortalen gjer også utgjevarane greie for dei prinsippa dei har følgt. For kvar lovtekst har dei valt ut eit hovudhandskrift som dei legg til grunn for utgåva. Det er nøyaktig gjengjeve, men med nokre modifiseringar. Den viktigaste er at oppløyste forkortingar ikkje er særskilt markerte. Openberre feil er retta, men det er gjort merksam på det. Dei tek med variantar som endrar på innhaldet, men ikkje ortografiske eller grammatiske variasjonar.

Utgjevarane følgjer same prinsippa i band 2 (1848), som m.a. inneheld landslova, og dei gjer greie for utgåva i fortalen. Dei legg vekt på å få med alle variantar som kan endre på innhaldet. Men dei utelèt normalt kapitteloverskriftene og innhaldsregisteret for den enkelte bolken, for dei er oftast «meget slet redigerede og heel ofte feilagtige».

Til grunn for utgåva av landslova la dei AM 60 4°, skrive av same skrivaren som AM 304 fol og AM 322 fol. Desse tre handskriftene utmerkar seg framfor andre ved «Textens omhyggelige Behandling», og utgjevarane meiner at AM 60 4° er «den nøiagttigst og omhyggeligst skrevne af dem alle.» I ein fotnote skriv utgjevarane at dersom ein hadde hatt det komplette handskriftet som NRA 2 er fragment av, måtte det «uden Spørgsmaal» ha blitt valt som grunnlag.

Utgåva frå 1848 byggjer på 41 temmeleg fullstendige handskrifter og fragment av 5 handskrifter, som utgjevarane har gjeve ein signatur som svarer til lagdømet, Ga, Fa, Ea, Ba osb. Unntaket er Deichman 11 8°, som er generelt formulert med omsyn til lagdøme, det får signaturen D.

Då dei arbeidde med utgåva, blei dei klar over at det var funne ei rad fragment av mellomalderhandskrifter på Riksarkivet, og at somme av dei inneheldt landslova. Men dei har

berre fått med tre fragment frå Riksarkivet, i tillegg til to arnamagnæanske fragment. Dei seier sjølv seinare (NGL 4:XIII) at fragmenta gjer at «Hovedhåndskriftets Text ofte maa korrigeres».

På Nasjonalbiblioteket i Oslo ligg dei avskriftene og kollasjoneringsane som Keyser og Munch utførte på 1830-talet. NB Ms.4° 684 inneheld Keysers avskrift av AM 60 4°, med variantar frå AM 304 fol og AM 322 fol. NB Ms.4° 685 inneheld Keysers avskrift av GKS 1154 fol, med variantar frå resten av Gulatings-håndskriftene. NB Ms.4° 686 inneheld Keysers avskrift av NKS 1642 4°, med variantar frå resten av Borgartings-håndskriftene. NB Ms.4° 687 inneheld Munchs avskrift av AM 309 fol, med variantar frå resten av Eidsivatnings-håndskriftene. NB Ms.4° 688 inneheld Munchs avskrift av AM 69 4°, med variantar frå resten av Frostatings-håndskriftene.

I NB Ms.4° 685–688 er hovudteksten basert på eit håndskrift frå samlingar i København, der Keyser og Munch starta arbeidet. I lista over varianthåndskrifter kjem håndskriftene frå samlingar i København først, deretter håndskrifter i svenske samlingar og til slutt håndskrifter i norske samlingar. Det var to mellomalderhåndskrifter som då låg i Noreg, NB Ms.4° 1 og GUNNERUS, XA HA, Qv. 1. NB Ms.4° 317 fanst på denne tida i ei svensk samling (hos kammerherre Bernhard Rosenblad), det kom til Christiania Universitetsbibliotek i 1844. Deichman 11 8° er ikkje med i lista over håndskrifter i NB Ms. 4° 685–688, men er teke med i Munchs samla variantapparat i NB Ms.4° 684 (sjå nedanfor).

Nedst på s. 1–179 i NB Ms.4° 684 har Munch frå 1839 av ført inn alle variantane frå NB Ms.4° 685–688. Denne samanføringa sluttar i kap. 8 i Landsleigebolken, deretter er det sett inn varianttal i hovudteksten, men sjølv varianten måtte hentast frå NB Ms.4° 685–688. Det ser ut til at 684 har vore eit hovudgrunnlag for trykkinga av utgåva, men frå kap. 8 i Mannhelgebolken må nokon ha lagt til rette for innføring av variantane frå 685–688. Korleis dette skjedde, veit vi ikkje.

## Vurdering av utgåva

R. Keyser og P. A. Munch gjorde eit imponerande arbeid med utgåva av landslova. Det er utruleg at dei med rundt 4 årsverk utførte det store arbeidet med kollasjonering av 41 håndskrifter og fragment av 5 håndskrifter. Og det er talande for kvaliteten at utgåva deira frå 1848 no fyrst får avløysing.

I avhandlinga *Om Haandskrifter og Oversættelser af Magnus Lagabøters Love* frå 1879 kritiserer Gustav Storm utgjevarane for valet av grunnlags håndskrifter, for dei er «ikke længer ganske tro

Kopier af Magnus's Lov». Han ville heller ha teke utgangspunkt i det eldste Frostatings-handskriftet, Holm perg 34 4°, og samanlikna det med dei eldste handskriftene for Gulating og for Eidsivating og dei eldste fragmenta i Riksarkivet. (Sjå Storm 1979:16–17.) Han ville altså sokje tilbake til dei eldste handskriftene, frå slutten 1200-talet, medan utgjevarane primært byggjer på handskrifter frå ca. 1325. Til dette er det å seie at eit eldre handskrift ikkje treng ha ein meir opphavleg tekst enn eit yngre. Og variantane i Keyser og Munch si utgåve gjev også opplysningar om lesemåtane i dei eldste handskriftene.

Det er likevel nokre store veikskapar med utgåva. Den viktigaste er at utgjevarane valde å ikkje trykkje alle variantane dei hadde registrert. Stikkprøver i NB Ms.4° 684 tyder på at dei utelét meir enn halvparten av alle registrerte variantar. Det ser ut til at dei berre tok med dei som dei meinte var viktigast, men på denne måten blei det utelate mange variantar som endrar på innhaldet.

Det er også eit problem at det etter ein variant kan stå «fl.» eller «de fl.». Vi kan då ikkje vite kva handskrifter det gjeld, og kor mange dei er. I si samanstilling av variantane i NB Ms. 4° listar P. A. Munch opp alle handskriftene.

Tilfeldige kontrollar av den trykte utgåva i forhold til NB Ms. 684–688 viser også at utgåva har mange feil, og vi har på denne måten registrert rundt 100 feil. Vi skal nemne berre eit par.

På slutten av kap. 4 i Tingfarebolken manglar setninga *Siðan þau er þar verðr a sæzt ok smæst ero* (note 628, s. 133) i 11 handskrifter, mellom dei Ga, men finst i alle andre. Setninga manglar i utgåva frå 1848, utan at det er opplyst om det i variantapparatet. Det vil seie at brukarane av utgåva ikkje kan vite at eit fleirtal av handskriftene har med denne setninga.

På slutten av kap 19 i Mannhelgebolken (NGL 2, side 65, note 40) har utgåva *hylla*, men opplyser at «de fl.» har *hylda*. Vår utgåve (note 3210, s. 395) viser at *hylda* finst i 15 handskrifter (derav eitt fragment), medan 13 handskrifter (inkludert Ea var.) har *halda*, og 12 har *hylla*. Dessutan finn vi *fylla* i 2 handskrifter, og *hysa* i 2 handskrifter. Hertzberg 1895:305 meiner under oppslagsordet *hylla* at det korrekte må vere *halda*, som *Jónsbók* har. Utgåva vår viser at det ikkje er naudsynt å gå utanom handskriftene av landslova for å finne den mest høvelege forma.

Medan Keyser og Munch fullførte utgåva si, blei det funne fragment av ei rad med lovhandskrifter på Riksarkivet. Med tre unntak er desse ikkje brukte i utgåva.

## Den nye utgåva av landslova

Det har lenge vore klart at det var veikskapar i utgåva frå 1848 av landslova (sjå f. eks. Rindal 1987b og 1997b). I 2012 bestemte vi oss for å gje ut ei ny tekstkritisk utgåve, med hovudgrunnlag i R. Keyser og P. A. Munch sine kollasjoner i NB Ms.<sup>4°</sup> 684–688. I tillegg måtte vi kollasjonere to handskrifter frå 1500-talet som Keyser og Munch ikkje hadde brukt, og 49 fragmenterte handskrifter, i hovudsak fragment frå Riksarkivet som blei funne for seint til å bli brukte i Keyser og Munch si utgåve. Vi var i tvil om kollasjoneringa av Deichman 11 8<sup>o</sup> og NB Ms.<sup>4°</sup> 1, og kollasjonerte dei sjølv.

Før vi sette i gang med arbeidet, vurderte vi ved stikkprøver dei kollasjoneringane som er gjorde i NB Ms.<sup>4°</sup> 684–688. Resultatet var at vi fann dei gode nok som eit grunnlag for utgåva vår. Ein hende gong har vi funne feil i dei, og feilen er retta utan at vi har gjort spesielt merksam på det. I arbeidet har vi hatt tilgang til alle handskriftene og fragmenta, anten i papirkopi eller i digital form.

Som nemnt har P. A. Munch nedst på s. 1–179 i NB Ms.<sup>4°</sup> 684 ført saman alle variantane han og R. Keyser hadde registrert. Dette gjeld til kap. 8 i Mannhelgeboken. Vi vurderte om vi skulle bruke denne samanstillinga i staden for variantsamlingane i NB Ms. 4<sup>o</sup> 684–688. Men ved ein kontroll av Munchs samanstilling fann vi så pass mange feil at at vi slo denne tanken frå oss.

Arbeidsgrunnlaget vårt har såleis vore kollasjoneringane i NB Ms. 4<sup>o</sup> 684–688. Desse tek utgangspunkt i andre handskrifter enn det vi la til grunn. Vi har difor mått vurdere kvar enkelt variant i 684–688 for å innpassa dei på korrekt måte i utgåva vår. I tvilstilfelle har vi kontrollert i fotografi av handskriftene.

Vi har valt Holm perg 34 4<sup>o</sup> som tekstgrunnlag for utgåva. I dette ligg det ikkje at vi meiner at det er det «beste» handskriftet. Sidan NGL har som grunnlag eit handskrift frå ca. 1320, kunne utgåva vår byggje på eit handskrift frå 1200-talet. Men vi vil minne om at eit eldre handskrift ikkje treng ha ein meir opphavleg tekst. Og sidan vår utgåve gjev all semantisk variasjon, er det uviktig kva for eit handskrift som blir lagt til grunn.

Då vi starta arbeidet, låg Holm perg 34 4<sup>o</sup> føre som elektronisk tilgjengeleg tekst i Menota. Vi valde likevel å skrive inn teksten på nytt frå fotografi av handskriftet. Det var to grunnar til at vi ikkje brukte versjonen i Menota: 1. Vi fann ein del feil i den. 2. Den var organisert på ein litt annan måte enn vi ville bruke i vår utgåve.

Vi vil streke under at utgåva vår er ei utgåve av Magnus Lagabøtes landslov, ikkje av Holm perg 34 4°. Difor har vi i hovudteksten trykt kong Håkons rettarbøter (etter NKS 1642 4°) endå om dei manglar i Holm perg 34 4°. Og i kap. 2 i Tingfarebolken har vi teke med i hovudteksten reglane for alle lagtinga. Skulle vi ha hatt som primært siktemål å gje ut Holm perg 34 4°, ville arbeidet ha blitt organisert annleis, og teksten sett annleis ut. Vårt mål har vore å lage ei utgåve av landslova der all innhaldsmessig variasjon i handskriftene er registrert.

## Det tekstkritiske forholdet mellom handskriftene

I arbeidet med tekstar frå klassisk tid og mellomalderen som er overleverte i handskrifter med varierande lesemåtar, har tekstkritikken vore viktig. Tekstkritikken si rolle er då å granske handskriftene, studere variasjonen mellom dei og prøve å setje opp eit stemma. Dette stemmaet, eller stamtree, viser slektskapet mellom handskriftene, og kor nær dei står den opphavlege teksten. Odd Einar Haugens *Filologi og tekstkritikk. Eit norrønfilologisk synspunkt på kjerna i filologien* frå 1984 gjev ei god innføring i tekstkritisisk modell og metodikk. I doktoravhandlinga si frå 1992, *Stamtre og tekstlandskap*, har Haugen gjeve ei grundig behandling av dette emnet.

I det følgjande vil vi særleg nemne det vi kallar tradisjonell overhopping. I desse tilfella har to eller fleire handskrifter i avskrivingsprosessen hoppa frå eit ord til eit likelydande ord litt seinare i teksten. Det er usannsynleg at ein slik feil kan ha skjedd i fleire handskrifter uavhengig av kvarandre. Feilen har truleg oppstått i eit felles førelegg.

I eit arbeid frå 1981 tek Magnus Rindal for seg det tekstkritiske forholdet mellom dei handskriftene og fragmenta som inneheld Eidsvatnings-redaksjonen av landslova. Hans konklusjon (1981a:62) er at det er uråd å setje opp eit eintydig stemma for desse handskriftene. Det er sannsynleg at handskriftene har blitt til i sentrale institusjonar, der skrivaren har hatt fleire handskrifter til rådvelde. I eit handskrift, AM 309 fol, er det skrive ei rad variantar i margen, av ei av dei to hendene som har skrive landslova. Desse variantane må vere tekne frå andre handskrifter som fanst i skrivemiljøet. Ein hende gong har desse variantane ein lesemåte som ikkje finst i nokon av dei eksisterande handskriftene.

I det følgjande gjer vi kort greie for det tekstkritiske forholdet mellom handskriftene av dei fire redaksjonane av landslova. Rekkjefølgja er den same som i utgåva frå 1848. Vi tek ikkje stilling til det hierarkiet som ligg implisitt i denne ordninga. Handskriftene blir omtalte med dei signaturane som er brukte i variantane i utgåva vår. Plasseringa av handskrifter er i hovudsak basert på kva for eit lagting som er nemnt i teksten.

I arbeidet har vi også hatt nytte av den elektronisk tilgjengelege tabellen Anna C. Horn har laga av strukturvariasjon i handskriftene.

## Gulatings-redaksjonen

Av Gulatings-handskriftene er fire skrivne av same anonyme skrivaren. Det gjeld Ga, Gb, Gc og 35. Desse skil seg ut ved å vere dei einaste som plasserer rettarbøtene etter bylova, som følgjer rett etter landslova. Også prologen (som manglar i 35) er plassert etter bylova.

I kap. 2 i Tingfarebolken har Ga og Gb reglane for Frostatinget i tillegg til reglane for Gulatinget.

Det finst ingen eksempel på at Ga, Gb og Gc (eventuelt også 35) står åleine om ei tradisjonell overhopping. Gb og Gc står ein gong åleine om ei tradisjonell overhopping (note 872, s. 241). Her har ei samtidig hand i Gb tilføydd sekvensen i margen, noko som tyder på bruk av fleire førelegg. Gb og Gc kan også ha tradisjonell overhopping saman med andre handskrifter, som i note 1838, s. 918.

Av interessante «feil» kan vi elles nemne: 1. Ga, Fc, Ed, D og 343 har *girnd* for *grimd* (note 2709, s. 380). 2. Gb, Gc og Ff er åleine om *iorð* for *biorð* (note 3362, s. 718). 3. Ga, Gb, Gc, Gd, Gi og Gp har *garð* for *graðer* (note 3581, s. 725), og i Gb er det ei samtidig retting til *graðr*.

Elles er det mange lesemåtar som tyder på at Ga, Gb og Gc står nær kvarandre, og dei har i hovudsak dei same kapitteloverskriftene. Men dei ser ikkje ut til å ha felles førelegg, og ingen av dei er førelegg for eit av dei andre to. Også her må vi ta atterhald om at skrivaren kan ha brukt fleire førelegg.

Ge og Gg står ein gong (note 429, s. 964) åleine om ei tradisjonell overhopping. Men andre gonger kan dei stå mot kvarandre i slike overhoppingar. Dei kan også stå åleine om eit tillegg (note 114, s. 989), og dei har nokså like kapitteloverskrifter.

Gl, Gp og Ee står åleine om ei tradisjonell overhopping (note 7642, s. 855). Men det er elles ikkje noko som tyder på nært slektskap mellom desse handskriftene.

Vår konklusjon er at Ga, Gb, Gc og 35 står kvarandre nær. Det same gjer Ge og Gg. Elles er det vanskeleg å finne noko mønster for slektskap, og Gulatings-handskrifter kan gå saman med handskrifter frå andre lagdøme i viktige variantar.

## Frostatings-redaksjonen

Av Frostatings-handskriftene fører Fa, Fd og Fe dei sju fyrste kapitla av Odelsløysingsboken over til Arvebolken.

Vi finn tradisjonell overhopping i Fa, Fc og Ff (note 166, s. 551), Fd og Ff (note 7700, s. 857). Fa og Fc har ein tendens til å gå saman, og dei er stundom åleine om ein lesemåte, som *oskulldir* mot *oskil* (note 517, s. 877).

Fb går ofte saman med Bb, og særleg Bl, om tradisjonelle overhoppingar, jfr. note 306, s. 555, og note 1248, s. 900. Også elles slår Fb ofte følge med Bb og Bl, eller eitt av dei. Vi kan finne felles «feil», som *æignum* mot *erjðum* i Bb, Bl og Fb (note 444, s. 444), og eksempel som *grið* for *frið* i Fb, Bb og 343 (note 212, s. 107).

Vi finn eksempel på tradisjonell overhopping i Frostatings-handskrifter saman med handskrifter frå fleire lagdøme, Fb og Gd (note 3169, s. 394), Fd, Fe og Bl (note 3586, s. 725), Fb, Gt, Ee og Bl (note 5241, s. 778).

NRA 3 går saman med Fd og Fe i å mangle kap. 9–10 i Odelsøysingsbolken.

Vår konklusjon er at Fb går ofte saman med Bb og Bl. Også andre Frostatings-handskrifter kan gå saman med handskrifter frå andre lagdøme i viktige variantar. Ff (Holm perg 35 4°) inneheld i hovudsak Eidsivatings-redaksjonen, men har også tilknyting til Frostating og Gulating.

### Eidsivatings-redaksjonen

I eit tidlegare arbeid har Magnus Rindal (1981a) studert det tekskritiske forholdet mellom handskriftene av Eidsivatings-redaksjonen. Han konkluderer (Rindal 1981a:59–60) med at Ea og Ec truleg er systerhandskrifter, at Ed, Ef og Bf høyrer nær saman, og at også Ee og Ef har eit nært forhold. Også vår gransking viser at Ea og Ec står nær kvarandre.

Eidsivatings-handskriftene kan ha tradisjonell og anna overhopping saman med handskrifter frå andre lagdøme: Ed, Ef, Ff, Bf, Bg, Bh (note 2918, s. 386); Ee og Gc (note 5799, s. 796).

Ea og Ee går saman med Ba om skrivefeilen *skil* for *slik* (note 527, s. 877).

### Borgartings-redaksjonen

Det som særpregar handskriftene av Borgartings-redaksjonen, er at dei er generelt formulerte i kap. 2 i Tingfarebolken.

Ba og Bk går ofte saman. Dei er stundom åleine om ei overhopping, som i note 1503, s. 655, der skrivaren i Ba har ført inn den utelatne sekvensen i margen. Dette kan tyde på Ba og Bk

har skrive av same førelegget, men at Ba også har brukt eit anna førelegg. Vi ser ofte at Ba og Bk går åleine saman om ein «feil», *sialfer peninga* for *silfr* (note 3350, s. 718), *spik* for *slikt* (note 7588, s. 853), saman med Gp og Ff). Nokre gonger slår Bg følgje med Ba og Bk i tradisjonell overhopping (note 449, s. 559) eller i bruk av «feil» ord, *loket* for *boðet* (note 1205, s. 582, saman med 313).

Borgartings-handskrifter kan gå saman med andre handskrifter i tradisjonell overhopping, som Bc, Bd, Bh, Fa, Gc, Gi, Gl, Gp, Gq, Gr, Gt, Ef og D i note 52, s. 607.

Bb og Bl kan gå saman om ein «feil», som i *bera* for *koma* (note 1413, s. 342), og går stundom saman med handskrifter frå andre lagdøme om tradisjonell overhopping, som Bb, Bf, Bl, Gl, Gm, Gr og Ee i note 3064, s. 707.

Ovanfor har vi sett at det er eit nært forhold mellom Bb, Bl og Fb, sjå under Frostatings-redaksjonen.

Under omtalen av handskriftene er det nemnt at Bb (GKS 3261 4°) og Bl (Holm perg fol 11) truleg er skrivne av same skrivaren.

### Torgeir Håkonsson

Den einaste kjende skrivaren i vårt materiale som har skrive meir enn eitt handskrift, er Torgeir Håkonsson. Han har skrive Bd (AM 302 fol), Be (AM 305 fol) og Gf (AM 56 4°), dvs. to Borgartings-handskrifter og eitt Gulatings-handskrift. Epilogen til dei to Borgartings-handskriftene er til Gulating. Den tekstkritiske undersøkinga har ikkje kunna påvise noko nært slektskap mellom desse tre handskriftene. Det kan kome av at Torgeir har brukt ulike førelegg for dei.

Anna C. Horn (2014) har studert dei handskriftene som Torgeir har skrive, dvs. desse tre pluss AM 78 4°. Hennar konklusjon er at han i skrivinga av Gf har brukt minst to førelegg.

### Lendr maðr eller barrún

I 1277 blei det bestemt å innføre nemninga *barrún* til erstatning for *lendr maðr*. Landslova er eldre enn dette, så det er interessant å sjå korleis denne endringa viser att i handskriftene. Vi har funne 12 stader der det er variasjon mellom dei to nemningane. Det ser ut til at alle handskriftene nyttar begge nemningane, men med ei viss overvekt for *barrún*. Det ser ikkje ut til å vere noko kronologisk skilje mellom handskriftene i bruken av nemningane. Dei to eldste handskriftene, Fa og Ec, bruker ofte *barrún*, og Fa er mellom dei som sjeldnast bruker termen *lendr maðr*, som må ha vore den opphavlege i landslova.

## **Avslutning**

Den tekstkritiske undersøkinga vi har utført, tyder på at det er eit nært forhold mellom handskrifter i desse tilfella: 1. Ga, Gb, Gc og 35. 2. Ge og Gg. 3. Fb, Bb og Bl. 4. Ea og Ec. 5. Ba og Bk. Vi har også sett at handskrift frå eit lagdøme kan ha viktige variantar til felles med handskrifter frå andre lagdøme. Undersøkinga gjev inga støtte til ein hypotese om at dei to eldste handskriftene, Fa og Ec, har den mest opphavlege teksten.

Hovudkonklusjonen er denne: Det er uråd å setje opp eit einstydig stemma for handskriftene av landslova. Det er sannsynleg at dei har blitt til i sentrale institusjonar, der skrivaren har hatt fleire handskrifter til rådvelde. Sidan det er uråd å setje opp eit samlande stemma, er det også vanskeleg å vite kva som er den opphavlege teksten i dei tilfella vi har varierande lesemåtar å velje mellom.

## Rettarbøter

Bolk 10 i landslova er Rettarbøter frå Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte. Også andre stader er det vist til rettarbøter frå desse to kongane. I utgangspunktet er det uventa å finne rettarbøter i landslova frå 1274. Vi ville vente at rettarbøter frå tida før 1274 var innarbeidde i denne lova. Vi vil difor sjå litt nærmare på overleveringa av rettarbøter, både før og etter landslova.

### Kva er ei rettarbot?

Ebbe Hertzberg (1895:516) definerer *réttarbót* slik: «forbedring af landets, den hele befolknings eller en enkelt landsdels el. samfunds klasses ret; kgl. (undtagelsesvis også kirkelig) forordning, der med thingalmuens samtykke indførte ændringer i eller tillæg til den gjældende retsforfatning». For skipan har Herzberg (1895:573) denne definisjonen: «ordning, anordning, forordning; bestemmelse. men fortrinsvis dog om anordning el. forordning, fastsat eller udfærdiget af offentlig myndighed».

Det er ikke alltid lett å sjå skilnad på rettarbot og skipan. I band 3 av NGL inneheld sidene 1–226 det som blir kalla «Retterbøder og Forordninger». To sentrale tekstar der er kong Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280 (nr. 1) og kong Håkon Magnussons allmenne rettarbot frå 1313 (nr. 56). Begge er kalla rettarbøter både i NGL og i RN. Men i overskriftene i handskriftene er det nytta termen skipan.

I det følgjande vil vi nytte termen *rettarbot* om rettarbøter, skipaner og andre endringar av lovene.

### Rettarbøter før Håkon Håkonsson

I den eldre Gulatingslova finn vi fleire rettarbøter. Kapittel 148 har overskrifta *Her ero rettar botr þær er Magnús gode gaf í Langejar sundi. En sumar gaf Hakon Pores fostre* (NGL 1:58), «Her er dei rettarbøtene som Magnus den gode gav i Langøysundet, og Håkon Toresfostre gav nokre». Magnus Olavsson den gode var konge 1035–1047, og Håkon Magnusson Toresfostre var konge over Opplanda og Trøndelag 1094–1095.

I kristenretten i Gulatingslova finn vi to lag. Det eldste er knytt til Olav Haraldsson den heilage, konge 1015–1028. Det yngste laget er knytt til Magnus Erlingsson, konge 1161–1184.

I handskriftene står det ofte kva som er Olavs tekst og kva som er Magnus sin tekst, og nokre gonger står det at begge står bak formuleringane.

Gulatingslova blir avslutta (kapittel 316–320) med Bjarne Mårssons *sakta*. Ebbe Hertzberg (1895:533) definerer *sakta* slik: «bødeberegning; udregnet schema for mandebødernes fordeling paa medlemmerne af de udredende og modtagende ætter». Overskrifta er *Her hefr upp sakta hít nyia. Pat er Bjarne Marðars sun skipaðe. af.vi. morcom gull* (NGL 1:104), «Her begynner det nye saktalet som Bjarne Mårsson fastsette, om seks merker gull». Lagmannen Bjarne Mårsson er nemnd 1198 og 1199 mellom hovdingane på Hålogaland.

Den eldre Gulatingslova er overlevert i eit handskrift frå ca. 1250, og lova inneheld både gamle og nyare rettsreglar, rettarbøter. Vi ser at rettarbøtene er innarbeidde i lova.

Spørsmålet om innleiinga i den eldre Frostatingslova vil bli drøfta seinare. Den siste bolken av lova inneheld rettarbøter, *Her hefr upp réttarbótr þær er konungar gáfu* (NGL 1:257), «Her begynner dei rettarbøtene som kongane gav». Dei kongane som er nemnde i dei tre fyrste rettarbøtene, er Sigurd, Øystein og Olav, sönene til Magnus Berrfött. Rettarbøtene er frå ca. 1105 (Hagland og Sandnes 1994:226). Den siste rettarbota er gjeven av kongane Harald og Magnus, truleg Harald Gille og Magnus Sigurdsson, og rettarbota er då frå 1130–1134 (Hagland og Sandnes 1994: 227).

Vi har ikkje noko mellomalderhandskrift av den eldre Frostatingslova. Det vi har, er avskrifter av eit tapt handskrift, som truleg var skrive i 1260-åra. Vi ser at rettarbøtene er innarbeidde i lova, dei kjem som avslutning.

### Rettarbøter etter Magnus Lagabøte

I Epilogen i landslova står det: *Ljæf hanns rettum eptirkomandum eins huerium stað en vmbota þurfa. Þa skipi sa þui sua at gnð hafe sœmd af. hann sialfr salo biolp þeir gagn er vndir skolu bna* (NGL 2:178), «Dersom dei rette etterkomarane hans synest at nokon stad treng betring, då skal han skipe det slik at Gud har ære av det, han sjølv sjelehjelp og undersåttane gagn».

Vi har mange rettarbøter frå Magnus Lagabøtes etterfølgjarar, Eirik Magnusson, konge 1280–1299, og Håkon Magnusson, konge 1299–1319. Men desse rettarbøtene er aldri overleverte som del av landslova. Endå om dei fleste handskriftene er frå tida etter desse to kongane, er det likevel ikkje noko eksempel på at avskrivarane har inkorporert rettarbøter frå dei i landslova. Dei er ofte overleverte i same handskriftet som landslova, og stundom skrivne av same skrivaren, men aldri integrerte.

Men det finst eitt særtilfelle. I AM 56 4°, frå ca. 1300, har ei hand frå slutten av 1500-talet skrive rundt 25 rettarbøter i marginen, frå kongane Eirik og Håkon Magnusson. Denne skrivaren frå 1500-talet har på sin måte integrert desse rettarbøtene i landslova.

Mellom rettarbøtene har vi ei stor allmenn frå kong Eirik Magnusson i 1280 (NGL 3:4–11), og ei stor allmenn frå kong Håkon Magnusson i 1313 (NGL 3:99–102). Desse rettarbøtene har eit landsgyldig verdsleg preg som ville forsvare ein plass i landslova. Den fyrste av dei er overlevert i m.a. 21 handskrifter frå mellomalderen. I 20 av dei finst også landslova. Det siste er AM 78 4°, som inneheld bylova. Det kan før ha tilhørt same handskriftet som AM 56 4°, som inneheld landslova. I AM 72 4° står denne rettarbota føre landslova. Den andre rettarbota er overlevert i 15 handskrifter frå mellomalderen, og alle inneheld landslova. Ofte er desse to rettarbøtene skrivne med same handa som landslova. Men dei er aldri inkorporerte i lova.

Eirik Magnussons rettarbot frå 1280 har ei innleiing som minner om den vi finn i landslova, og også rettarbota er fastsett etter råd frå dei beste menn. RN 2:108 meiner at ho blei kunngjord for dei ulike lagtinga, slik som landslova blei det. Dette er ei omfattande rettarbot, med 32 artiklar frå ulike rettsområde. Ho tek som utgangspunkt at den lova som Magnus Lagabøte laga, ikkje alle stader gav så klar orskurd som folk treng. Og rettarbota held fram med «oc en finnatz fleiri greinir malanna en uon se at sua litil bok megi or skyra», «Det finns också flera omständigheter i sakene enn det kan være von att en så liten bok kan ge information om» (Bagge, Smedsdal og Helle 1973:160). Det er verdt å merke seg at landslova her blir kalla ei lita bok.

Håkon Magnussons rettarbot frå 1313 har ei liknande innleiing som rettarbota frå 1280. I avslutninga står det *Biodum ver syslumonnum oc logmonnum þesse log oc rettarbotr i logbok at setia. þui at þau uilium ver at gange vm alldr oc vm afue vm allan Noregh* (NGL 3:102), «Vi bed syslemennene og lagmennene om å setje denne lova og rettarbøtene inn i lovboka, for vi vil at at dei skal gjelde i all æve over heile Noreg». Den siste setninga er den same som i Epilogen i landslova.  
Rettarbota frå 1280 har ikkje noko avslutning.

Men trass i oppmodinga på slutten av rettarbota frå 1313 er ingen av rettarbøtene etter Magnus Lagabøtes tid sette inn i lovboka, dvs. i noko handskrift av landslova.

### Rettarbøter frå Håkon Håkonsson utanom landslova

Det er overlevert tre rettarbøter frå kong Håkon Håkonsson utanom dei som finst i landslova. Ei er frå ca. 1220, og gjeld erkebiskopen sin myntrett (NGL 1:446). Ei anna, udatert, gjeld tiend og olavsskatt, stila til folket i Vika (NGL 1:459–460). Den tredje, frå 1263, gjeld tiend og kyrkjas rettar i Hamar bispedøme (NGL 1:462–463). Dei to fyrste er overleverte i AM 309 fol,

den siste i NB Ms.4° 317, begge handskriftene inneholder Eidsivatings-redaksjonen av landslova. Berre den fyrste av dei er skriven av same skrivaren som har skrive landslova.

Ingen av desse rettarbøtene har eit landsgyldig verdsleg preg som ville forsvare ein plass i landslova.

Om Håkon Håkonsson og Frostatingslova, sjå under.

### Rettarbøter frå Magnus Lagabøte utanom landslova

Det er overlevert fem rettarbøter frå kong Magnus Håkonsson utanom dei som finst i landslova. Den eldste er ei udatert (1263–1266 etter RN 2:51) rettarbot (NGL 2:484–485) om åger og øydejord, stila til folket i Vika, overlevert i AM 309 fol, skriven med same handa som slutten av landslova, og i Holm perg 35 4°, skriven med ei anna hand enn landslova. Så har vi rettarbota frå 1267 om tiend og olavsskatt (NGL 2:453–455), overlevert i m.a. to mellomalderhandskrifter, AM 58 4° og AM 31 8°. I det siste av desse to er rettarbota skriven med same handa som landslova. Dernest har vi rettarbota frå 1277 (NGL:481–483) om utvida privilegium for kyrkja. Ho er m.a. overlevert i mellomalderhandskriftet AM 309 fol, skriven med same handa som slutten av landslova. Frå 1277 er det også ei rettarbot (NGL 2:483–484) om tiend i Vika og på Opplanda, overlevert i mellomalderhandskriftet AM 309 fol, skriven med same handa som slutten av landslova. Til slutt har vi ei udatert (1267–1280 etter RN 2:107) rettarbot (NGL 2:486) om tiend og kyrkjas rettar i Hamar bispedøme, overlevert i NB 317 4°, skriven med ei anna hand enn landslova.

Ingen av desse rettarbøtene har eit landsgyldig verdsleg preg som ville forsvare ein plass i landslova.

### Rettarbøtene i landslova

Etter Prologen i landslova er kongane sine rettarbøter den siste bolken i lova, for det er kongens plikt å bøte på lovene med rettarbøter av omsyn til undersåttane sine. Og som før nemnt inneholder Epilogen ei oppmoding til framtidige kongar å syte for rettarbøter når det trengst.

Dei kongane det er vist til i Prologen, er Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte. I bolken med rettarbøter er det gjeve att 6 rettarbøter frå Håkon og 11 frå Magnus. Håkons rettarbøter manglar i ni handskrifter. Magnus sine rettarbøter manglar i to handskrifter. I tre handskrifter (Ga, Gb og Gc) er rettarbøtene og epilogen plasserte etter bylova. I 35 er rettarbøtene plassert etter bylova (epilogen manglar). I AM 56 4° manglar Håkons rettarbøter, men dei står etter bylova i AM 78 4°, som truleg har tilhøyrt same handskriftet.

I eit fragmentert handskrift, NRA 50 A 5, står Magnus si rettarbot nr 11 mellom kap. 5 og kap. 6 i Mannhelgebolken.

I si omsetjing av landslova meiner Absalon Taranger (1915:191–192) at Håkons rettarbøter er frå 1260, og svarar til kap. 1–8 og 10 i det som er rekna som innleiinga til den eldre Frostatingslova, og at Magnus sine rettarbøter er frå 1271. Truleg er dei siste vedtekne i 1271 på det riksmøtet som Knut Helle (1972:161–162) omtalar.

Av dei 11 rettarbøtene frå Magnus er det fire som ikkje har parallellear lenger framme i lova. Av dei sju andre har seks parallellear i Mannhelgebolken, og ei har parallel i Tjuvebolken.

I Mannhelgebolken har kap. 12 overskrifta *Vm rettar bøtr Magnus konungs* (NGL 2:58). Tre av rettarbøtene i avslutninga har parallellear i dette kapitlet. I denne overskrifta har Holm perg 34 4° Håkon i staden for Magnus, dette handskriftet manglar også Håkons rettarbøter i siste bolken.

Ein del av kap. 2 i Mannhelgebolken har same innhaldet som Håkons femte rettarbot i bolken Rettarbøter. I teksten er det nemnt ein skipan frå Håkon, eitt handskrift har Magnus. Ellevé handskrifter har ei overskrift som knyter skipanen til kong Håkon, ingen nemner Magnus i overskrifta.

I kap 2 i Odelsløysingsbolken er det vist til rettarbøter frå kong Magnus. Her har eitt handskrift Håkon i staden for Magnus.

I Epilogen står det følgjande: *Ma at fleiri rettarbøtr finniȝt i þessare bok en þær einar er her eru nefndar ef skynsamir menn skoða með gaumgafe þessa ok hina er aðr uar* (NGL 2:178), «Det kan hende at det i denne boka finst fleire rettarbøter enn berre dei som er nemnde her, dersom skjønsame menn nøye granskar denne boka og den som var før». Det er usikkert kva som er meint med den boka som «var før». Dersom det er vist til lovbökene for dei ulike lagtinga, skulle vi vente fleirtal, dvs, *bínar er áðr våru*. Kanskje det fanst ei utarbeidd lovbok for heile landet før vi fekk den landslova vi no kjenner.

## Konklusjon

Dei lovane som er eldre enn landslova, innarbeider rettarbøter i sjølve lova. Rettarbøter som er yngre enn landslova, er aldri innarbeidde i lova. I handskriftene kan dei følgje etter landslova, stundom skrivne med same handa som sjølve lova.

Vi kan også merke oss at *Jónsbók* frå 1281 ikkje inneheld Håkon og Magnus sine rettarbøter.

I framstillinga av rettarbøter i landslova er dei to kongane Håkon og Magnus likestilte. Begge har rettarbøter med i siste bolken, og det er vist til rettarbøter frå begge i Mannhelgebolken. Begge framstår som lovgjevarar i landslova. Rettarbøtene er truleg frå 1260 og 1271.

Ei formulering i Epilogen reiser spørsmålet om det har funnest ei landsdekkjande lov bok før landslova slik vi kjenner henne i dag. Håkon og Magnus sine rettarbøter kan då vere endringar i denne lov boka, som i så fall er eldre enn 1260. Dette er spørsmål vil vi prøve å svare på i det følgjande.

## Håkon Håkonssons lovarbeid

«Kong Håkon Håkonsson (1217–1263) tok for alvor til å samla, systematisera og supplera landskapslovene, frå kring 1240 truleg som ei direkte førebuing til den *landslova* som kom i 1270-åra» seier Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes (1994:XXX).

«Arbeidet med Landslova av 1274 byrjar under styret til kong Håkon 4.» seier Jørn Øyrehaugen Sunde (2017) i artikkelen om landslova i *Store norske leksikon*.

I det følgjande vil vi sjå kva kjeldene seier om Håkons arbeid med ei samla lov for Noreg.

I nest siste kapitlet av *Soga om Håkon Håkonsson* er det ei beskriving av kongen. Der står det også følgjande: «Hákon konungr lét i mörgu bæta lög ok landsrétt í Nóregi. Han lét þat setja í bókina er nú eru kölluð hin nýju lög» (Jakobsson, Hauksson og Ulset 2013: 265), «Kong Håkon let i mange ting böte lov og landsrett i Noreg. Han let setje i boka det som no blir kalla Nylova» (Audne 1963:366). Deretter seier soga m.a. at han forboud manndrap og vald. Det er det rådande synet at desse formuleringane i soga refererer til lovvedtak som blei gjorde i 1260, og overleverte som innleiing til Frostatingslova. Vi kan merke oss at også Eirik Magnussons allmenne rettarbot frå 1280 har uttrykket *bóta lög ok landsrétt* i innleiinga.

Av den eldre Frostatingslova er det utanom kristenretten ikkje bevart nokon mellomalderhandskrifter. Det finst fleire avskrifter frå 1600-talet av eit handskrift som gjekk tapt ved brannen i København i 1728, kalla Codex Resenianus (CR). Som Hagland og Sandnes (1994:XXXIV) seier: «Frostatingslova, med unnatak av kristenretten, er altså i det store og heile berre kjend gjennom den redaksjonen vi har bevart gjennom CR».

I utgåva i NGL 1 er dei 25 første kapitla rekna som innleiing til lova, og dette er i dag det rådande synet. Men overleveringa er usikker, for det er to lakunar i denne innleiinga. Etter byrjinga av kap. 13 er det i alle handskriftene ein lakune på eitt blad. Utgjevarane lét følgjande kapittel ha nummeret 14, men det har nok vore fleire kapittel i lakunen. I kap. 25 kjem det ein ny lakune på eitt blad, og NGL og Hagland og Sandnes (1994:XXXI) meiner at Tingfarebolken har begynt der.

Frostatingslova, slik NGL gjev henne ut, har overskrifta «Her hefr upp oc segir frá lögum þeim er setti Hákon konungr son Hákonar konungs» (NGL 1:121), «Her byrjar fråsegna om dei lovene som kong Håkon Håkonsson sette» (Hagland og Sandnes 1994:3). Vi har i kong Håkon Magnussons rettarbot frå 1313 sett at *lög* kan brukast med same innhaldet som rettarbot.

Innleiinga til Håkons tekst er også formulert slik vi ser det i mange av dei seinare rettarbøtene. Vi kan difor reise spørsmålet om vi har å gjere med ei rettarbot heller enn ei innleiing til Frostatingslova. I kap. 2 i det som blir rekna som innleiinga er det vist til det som Frostatingsboka seier. Som kjent var landslova formelt sett fire lovbøker. Det ville såleis ikkje vere urimeleg om Håkon på riksmøte på Frostating/Øyrating i 1260 eksplisitt nemner Frostatinget i ei rettarbot.

Sidan det er ein lakune etter byrjinga av kap. 13, kan vi ikkje vite sikkert om den følgjande teksten hører saman med kap. 1–13. Men teksten ber preg av å vere laga av kongen.

Kap. 22 byrjar slik: «En þessar réttarbótr gáfum ver Þróndum þá er þessor scipan var upplesin oc handtein á Eyrabingi» (NGL 1:126), «Og desse rettarbøtene gav Vi trønderane då denne skipanen vart opplesen og vedteken på Øyratinget» (Hagland og Sandnes 1994:11). Også her talar kongen.

Etter kap. 24 i det som er rekna som innleiinga kjem eit kapittel 25 som begynner slik: «Her hefr upp oc segir í hvessu marga staði Frostobings bóc er script. Bóc þessi er á ero scýrð Frostabings lög höfum ver skipt i.xvj. staði» (NGL 1:126), «Her seiest det kor mange luter Frostatingsboka er skift i. Denne boka, der Frostatingslova er uttydd, har Vi skift i seksten bolkar» (Hagland og Sandnes 1994:12). Også her talar kongen.

Trygve Knudsen (1959:657) meiner at kap. 1–21 inneheld Håkons «nye lov», og at kap. 22–24 har «direkte tilknytning til Trøndelag».

Knut Helle (1972:153–154) kallar kap. 1–24 kong Håkons «nye lov», vedteken på riksmøte på Frostating/Øyrating, truleg i 1260. Han tek avstand frå hypotesen om at berre dei 13 fyrste kapitla skriv seg frå 1260.

Hagland og Sandnes (1994:XXXI) meiner kap. 1–13 i er frå 1260, men dei opnar for at kap. 14–24 kan vere litt eldre, kanskje frå 1240-åra.

Innhaldsmessig er det stor skilnad mellom dei kapitla som står framfor Tingfarebolken. Kap 1–13 er i hovudsak Håkon Håkonssons nye forbod frå 1260 mot manndrap og vald. Kap. 13–21 har eit meir blanda innhald. Og kap. 22–24 ser ut til å vere rettarbøter gjevne på Øyratinget. Kap. 25 har preg av å vere innleiinga til lova, der kongen talar.

Det kan vere grunn til å reise spørsmålet om ikkje kap 1–24 i det som er rekna som innleiinga til Frostatingslova, heller er rettarbøter, gjevne av Håkon Håkonsson. I handskrifter er dei då sette inn framfor sjølve lova, som begynner med kap. 25. Og det er all grunn til å tru at det er Håkon Håkonsson som talar i dette kapitlet.

I 1244–1245 hadde Håkon Håkonsson eit møte med erkebisop Sigurd og dei andre biskopane (Jakobsson, Hauksson og Ulset 2013:121). Han bad dei vere med på å skrive til paven og be om løyve til å kronge kongen. Det ville dei gjere «i fall han ville gi dei rettarbøter» (Audne 1963:253). Det er grunn til å tru at Håkon i samarbeid med Sigurd fekk laga ein ny kristenrett då. Eit seinare diplom frå 1291 refererer til ein slik kristenrett (RN 2 nr. 626). Det same gjer ei rettarbot frå 1327 frå kong Magnus Eiriksson (RN 4 nr. 535, NGL 3:153– 154).

Bjørg Dale Spørcks (2006:264) konklusjon i avhandlinga om Magnus Lagabøtes kristenrettar er at det som blir kalla Borgartings nyare kristenrett, trykt i NGL 2:293–306, og Gulatings nyare kristenrett, trykt i NGL 2:306– 338, er Håkons og Sigurds kristenrettar frå ca. 1250 for desse lagdøma.

Kjeldene tyder altså på at Håkon Håkonsson allereie før 1250 arbeidde med ein revisjon av kristenrettane for dei ulike lagtinga. Han har også laga landsdekkjande rettarbøter i 1260, og kanskje før. Frostatingslova, slik ho er overlevert i dag, syner at ein konge har gjort endringar, men vi veit ikkje sikkert når. Kongen kan ha vore Håkon Håkonsson. Det er usikkert om «Nylova» viser til desse lovarbeida til Håkon, eller til eit meir omfattande og landsdekkjande lovarbeid frå hans side.

Den islandske lovboka *Járnsíða* (NGL 1:259–300) blei av R. Keyser og P. A. Munch rekna som eit tillegg til den eldre Frostatingslova, og dei brukte namnet *Hákonarbók*. Dette namnet er avvist i dag, men har hatt ein viss tradisjon. Det er semje om at *Járnsíða* blei send til Island i 1271 og at ho heng saman med Magnus Lagabøtes lovgjevingsarbeid på slutten av 1260-talet. I 1262 kom islendingane under den norske krona. Dette var grunnlaget for at den norske kongen utarbeidde ei ny lovbok for Island. Og det kan vel hende at det var Håkon som initierte arbeidet med den nye lova.

P. A. Munch (1858:474) drøftar namnet *Hákonarbók*. Han seier at namnet er misvisande, for lovboka, også i den eldste utforminga, høyrer heime i Magnus Lagabøtes regjeringstid. Men dersom namnet verkeleg er gammalt, kan det vise til «en ved Kong Haakons Foranstaltning udarbejdet Bog, indeholdende et Udkast til en Fælleslov for Norge, hvilken Kong Magnus benyttede som Grundlaget ved Udarbejdelsen af den nye Lov for Island.» Munch var såleis ikkje framand for at Håkon Håkonsson starta arbeidet med ei ny felles lov for kongeriket.

Håkon Håkonsson hadde gjort slutt på borgarkrigane, og fullført samlinga av Noreg til eitt rike. Kongen og hans menn kjende til lovarbeidet som var i gang i Castilla. Det er såleis ikkje urimeleg om han også hadde ein ambisjon om å få laga ei landsdekkjande lov for det samla Noreg.

## Magnus Lagabøte og landslova

Den islandske hovdingen Sturla Tordsson (1214–1284), lagmann på Island frå 1272, forfatta sogene om Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte. Den sistnemnde blei kanskje påbegynt i Noreg i 1278. Dessverre er det av denne soga bevart berre to blad av eit handskrift frå ca. 1400.

Men vi finn stoff om Magnus Lagabøte også i andre kjelder, særleg i islandske annalar, utgjevne av Gustav Storm i 1888. Viktigast er *Gottskálksannáll*, som har større samanhangande stykke om Magnus som må vere tekne frå soga om han. Av andre islandske kjelder kan nemnast soga om Arne Torlaksson, biskop i Skálholt 1269–1298 (Hauksson 1972).

Magnus Lagabøte er også nemnd i fleire norske diplom.

### Kva skjedde i 1267–1269?

I *Annales regii* (Storm 1888:137) står det for året 1267: *Lögtekin Grílaþingsbók sú er Magnús konvngr lét setia*, «Den Gulatingsboka blei vedteken som kong Magnus lét fastsetje».

For året 1268 står det: *Lögtekin lögþók Vpplenndinga ok Vikveria sú er Magnús konvngr skipaði*, «Den lovboka for opplendingar og vikværingar blei vedteken som kong Magnus fekk i stand».

For året 1269 opplyser annalen at kong Magnus og erkebiskop Jon møttest på Frostatinget. Deretter står det (Storm 1888:138): *Þá fekk Magnus konvngr samþjöt allra Frostvífingsmanna at skipa sva Frostvífings bók um alla hti þá sem til veralldar heyra ok konvngdómsins. sem honom sýnndiz best bera*, «Då fekk kong Magnus samtykke frå alle Frostatings-mennene til å ordne Frostatingsboka med omsyn til alt det som hører til det verdslege og til kongedømet, slik som han tykte det var best».

Etter dette er det klart at kong Magnus fekk vedteke lovbøker for Gulating, Borgarting og Eidsivating 1267–1268. Men på Frostatinget i 1269 fekk han ikkje vedteke noka ny lovbok. Han fekk mandat til gå vidare med den verdslege retten, men ikkje den retten som galdt kyrkje og kristendom. Det er nok erkebiskopen Jon Raude som har stoppa kongen på Frostatinget. Han blei vald til erkebiskop i 1267 og var i Italia hos paven i 1268. I 1269 var han tilbake i Noreg som ny erkebiskop.

I NGL (2:291–338) er det trykt to kristenrettar, begge tillagde Magnus Lagabøte. Den eine skal vere for Gulathing, den andre for Borgarting. Det har vore den vanlege oppfatninga at desse er det einaste som er bevart av kong Magnus sin revisjon av landskapslovene i 1267 og 1268.

Bjørg Dale Spørcks (2006:264) konklusjon i avhandlinga om Magnus Lagabøtes kristenrettar er at desse to er Håkons og Sigurds kristenrettar frå ca. 1250 for desse lagdøma. Ho meiner vidare (Spørck 2006:265–266) at det som er kalla «Borgarthings nyere Kristenret» i NGL 4:160–182 inneheld kong Magnus sin landsdekkjande kristenrett, i redaksjonar for Gulating, Borgarting og Eidsivating.

Dersom kong Magnus fekk laga ein landsdekkjande kristenrett i 1267–1268, er det naturleg å spørje om det ikkje også blei laga ein landsdekkjande verdsleg rett. Formuleringane i *Annales regii* kan ikkje hjelpe oss med eit svar. *Gulafingsbók* og *Frostafingsbók* er vanlege termar for handskrifter av Gulatings-og Frostatings-redaksjonen av landslova. Slik kan ordet ha vore brukt også i 1267. I 1268 er det snakk om «lovboka for opplendingar og vikværingar». Også handskriftene av landslova kan ha formuleringar som viser til lovboka for mennene frå eit lagdøme.

Ingen av dei andre kjeldene vi har, seier noko om kva som blei vedteke i 1267–1269. Og ut frå formuleringane i *Annales regii* kan vi ikkje avgjere om dei viser til landskapslov eller landslov. Men Spørcks konklusjon om kristenrettane peikar mot landslov.

Også Ebbe Hertzberg (1890:90) opnar for at det 1267 og 1268 blei utarbeidd landsdekkjande tekst for delar av landslova.

*Járnsíða*, lovboka frå 1271 for islendingane, byggjer truleg på Magnus Lagabøtes lovarbeid i perioden 1267–1269. Eit grundig studium av denne teksten vil kanskje kaste meir lys over kva som blei vedteke på lagtinga desse åra.

Vi har ingen handskrifter (bortsett frå kristenretten) av dei lovbökene som blei vedtekne i 1267 og 1268. Men det er ikkje uventa, sidan ei revidert lov blei vedteken i 1274. Og bortsett frå kristenrettane har vi heller ingen bevarte mellomalderhandskrifter av den eldre Frostatingslova, og berre eitt av den eldre Gulatingslova. Og vi har berre eitt handskrift frå mellomalderen av *Járnsíða*.

### Kva skjedde i 1274?

Epilogen til landslova fortel når landslova blei vedteken på tinget. Dei fleste handskriftene seier 1274, tre handskrifter har 1273 og eitt har 1277.

Dei skriftlege kjeldene fortel elles ikkje noko om at landslova blei vedteken i 1274. Men dette året er ikkje dekt i fragmentet av soga om kong Magnus. Det ser likevel ut til at 1267, 1268 og 1269 blei rekna som viktigare årstal for hans lovgjeving enn 1274. Dette kan tyde på at det verkeleg var den nye landslova som var til behandling 1267–1269.

Dersom det er slik, har arbeidet blitt stoppa på Frostating i 1269, og kongen har mått revidere lovutkastet etter samråd med erkebiskopen. Dette kan til slutt ha skjedd på eit møte mellom konge og erkebiskop i Bergen i 1273 (jfr. NGL 2:455–462). Der blei det eit forlik (*composito et finalis concordia*) mellom konge og kyrkje. Deretter kunne arbeidet med den nye landslova bli fullført.

Ut frå dei skriftlege kjeldene veit vi litt om kvar kong Magnus oppheldt seg. Han sat i Tønsberg vintrane 1269–1270, 1270–1271 og 1272–1273, og i Bergen vintrane 1271–1272, 1273–1274, 1274–1275, 1275–1276. Han var på Borgartinget 1272, på Frostatinget 1275, på Eidsivatinget og på Borgartinget 1276. I kjeldene står det ikkje noko om kva saker som blei behandla på tinga. Men det er grunn til å tru av landslova var ei viktig sak.

Dei skriftlege kjeldene gjev oss altså få opplysningar om kva som skjedde i 1274. Men det står fast at for ettertida er det 1274 som er året for den nye landslova.

### Tid og stad for arbeidet med 1274-lova

Arbeidet med 1274-lova må ha blitt avslutta etter riksmøtet i Bergen 1. august 1273 og før lovvedtaket sommaren 1274. Det er eit uavgjort spørsmål om dette vedtaket skjedde på Gulatinget eller på Frostatinget. Kjeldene fortel at kong Magnus var på Frostatinget i 1275, men vi har ingen opplysningar om kva kongen gjorde sommaren 1274. Fragmenta av soga hans dekkjer ikkje dette året, og ingen av dei annalane som dekkjer denne perioden, seier noko om det.

Uavhengig av kvar lovvedtaket skjedde, er det all grunn til å tru at det avsluttande lovarbeidet blei utført i Bergen vinteren 1273–1274. Kongen oppheldt seg i byen den vinteren, og der har han hatt god tilgang på lovkyndige rådgjevarar.

Prologen i landslova startar på same måten som eit diplom begynner, med ei helsing til mottakarane. I tillegg til «alle Guds og sine vene» i dei fire lagdøma nemner 10 handskrifter erkebiskop Jon, og alle lagdøma er representerte. To Borgartings-handskrifter nemner Andres, biskop i Oslo. Eit Eidsivating-handskrift nemner både Andres og Torfinn, biskop i Hamar.

Ingen handskrifter nemner biskopen i Bergen, Askatin. Han hadde vore kanslar og ein nær rådgjevar for kongen, og var frå 1270 biskop i Bergen. Det er sannsynleg at han hadde teke del

i arbeidet med Magnus si nye landslov, og det kan vere grunnen til at han ikkje er nemnd mellom mottakarane av lova. Kan hende er det slik at Askatin ikkje deltok i kongen sitt lovarbeid etter at han i 1270 blei biskop og representant for kyrkja. I dei fleste handskriftene av prologen i bylova frå 1276 står Askatin først av dei som helsinga er stila til, truleg har han ikkje vore med i arbeidet med den lova.

## **Avslutning**

Den lova som vi i dag kjenner som Magnus Lagabøtes landslov, blei vedteken i 1274. Om det er det ingen tvil. Men det er tvil om når arbeidet med ei landsdekkjande lov begynte. Det finst argument for at dette arbeidet blei sett i gang allereie under Håkon Håkonsson, som døydde i 1263. Det er mykje som tyder på at lovvedtaka på Gulatinget i 1267 og Eidsivatinget i 1268 galdt ei landsdekkjande lov. Men etter at Jon Raude blei erkebiskop i 1268, stoppa arbeidet opp på grunn av usemje om retten for kyrkje og kristendom. Fyrst etter riksmøta i 1271 og 1273 kunne lovarbeidet avsluttast.

## Landslov og bylov

I handskriftene av landslova finn vi aldri termen *lands/Qg*. Lova var formelt sett innretta for kvart av lagdøma, og blir kalla *Gulaþings/Qg* eller *Gulaþingsbók* osv. I lovtekstar eldre enn landslova kan vi finne termen *lands/Qg*, men då med innhaldet «gjeldande lov og rett i landet» eller «den verdslege lovgjevinga». I bylova er termen *lands/Qg* brukt to gonger, med innhaldet «lova for landdistrikta». Elles finst *land* om landdistrikt berre i to rettarbøter. Det gammalnorske ordet for landdistrikt var elles *herad*. Og ein gong nemner landslova *heradsréttir*.

Før Magnus Lagabøtes tid hadde byane ei eiga lov, kalla *Bjarkeyarréttir*. Siste delen av denne lova var ein sjørett, *Farmannalog*. Bjarkøyretten hadde mykje til felles med landskapslovene. Det er berre bjarkøyretten for Nidaros som er overlevert.

### Ny lov for byane

I mellomalderen hadde Noreg (det området som omfattar dagens Noreg) 11 byar (12 dersom vi reknar med Steinkjer). Ved utgangen av høgmellomalderen var det samla folketalet i byane rundt 20.000, dvs. at berre ca. 5 % av menneska i Noreg budde i byar. (Jfr. Helle 1995:86–90). Dei gammalnorske termene for det vi kallar by, var *kaupangr*, *kaupstaðr*, *staðr*, *bór*.

Etter at Magnus Lagabøte hadde fullført landslova, kom turen til bylova, som blei vedteken i 1276. Denne lova blei kalla *bójarbók*, *bójarl/Qg* eller *bójarréttir*. Men den gamle termen *bjarkeyarréttir* er brukt i overskrifta i fem av handskriftene av bylova.

I dag finst det handskrifter av bylova for Nidaros, Bergen, Tønsberg og Oslo, ingen andre byar.

### Overlevering

Magnus Lagabøtes bylov er overlevert i 24 norrønspråklege handskrifter og fragment av 8 andre handskrifter. To handskrifter er eldre enn ca. 1300, 19 handskrifter og alle dei fragmenterte handskriftene er frå perioden ca. 1300– 1350. Vi har også 16 seinare avskrifter av kjende handskrifter av bylova.

Bergen bylov er overlevert i 12 handskrifter, Tønsberg bylov i 4 handskrifter, Nidaros bylov og Oslo bylov begge i 2 handskrifter. I fire handskrifter har bylova ei generell utforming.

Det er også overlevert 17 handskrifter med omsetjing av bylova til dansk, 12 av dei er frå 1500-talet.

### Forholdet mellom landslov og bylov

Naturleg nok manglar bylova to bolkar som er knytte til landdistrikta: Odelsløysingsbolken og Landsleigebolken. Nye bolkar (samanlikna med landslova) i bylova er Byordninga og Farmannslova. Bylova har også ei anna tingordning.

Prologen og Epilogen følgjer same mønsteret som i landslova. Også bylova blir avslutta med Rettarbøter, men dei manglar i dei fleste handskriftene. Ga, Gb, Gc og 35 skil seg ut ved å vere dei einaste som plasserer rettarbøtene i landslova etter bylova, som følgjer rett etter landslova. Også landslova sin prolog (som manglar i 35) er plassert etter bylova. Det ser då ut til at desse handskriftene har sett på landslova og bylova som ein einskap.

Av dei 24 handskriftene i norrøn språkform er det berre 2 som har fullstendig tekst av bylova. I tilegg har eit handskrift med dansk omsetjing fullstendig tekst. Dei andre forkortar fellesfolkane meir eller mindre, og viser til landslova. Alle desse er også overleverte i handskrift som inneheld landslova. Eit særtilfelle er AM 78 4°, som inneheld bylova og ikkje landslova, men det er grunn til tru at det opphavleg har vore del av same handskriftet som AM 56 4°, som inneheld landslova og ikkje bylova (jfr. Storm 1885:571). Dei tre handskriftene som har den fullstendige teksten, er ikkje overleverte saman med landslova.

Handschriftet AM 61 a 4° (Gl) har ein lakune etter kap. 3 i Kjøpebolken i landslova. Etter lakunen har vi bylov, og Epilogen i landslova følgjer etter bylova.

I dei handskriftene som har både landslov og bylov, er Bergen bylov kopla til Gulating 9 gonger, Eidsivating 2 gonger og Frostating 1 gong. Oslo bylov er kopla 1 gong til Borgarting og 1 gong til Eidsivating. Tønsberg bylov er kopla til Borgarting 2 gonger og til Gulating 2 gonger. Den generelt utforma bylova er kopla til Borgarting 3 gonger, og til Frostating 1 gong.

Handschriftene av landslova kan stundom ta med forhold som gjeld byen. Særleg viktig er kap. 16 i Arvebolken. Der blir det sagt at det som er gjort i byen, skal behandlast etter bylova. Det som er gjort i heradet, og som heradsmennene og bymennene er usamde om, skal behandlast etter heradsretten. I kap. 7 i Landevernsbolken er det gjeve reglar for leidangsplikta i byen og i heradet.

I kap. 5 i Tingfarebolken er *eða i kaupangi* tilføydd til lagtinget i Bb, Bl, Fc, Fe, Ga, Gb, Gc, 313 og 343.

I byrjinga av kap 18 (sjå note 2859, s. 384) i Mannhelgebolken har Bb, Bl, Fb og 343 eit tillegg om byen. På slutten av kap. 18 i Mannhelgebolken tilføyer Bb, Bl, D, Fb, Ga, Gb, Gc, Gl og Gt ein sekvens som gjeld forhold i byen. Bb, Bl og Fb skyt dette stykket også inn framfor kap. 10 i Mannhelgebolken.

## **Avslutning**

Vi har sett at det er eit nært forhold mellom bylov og landslov. Stikkprøver i landslovtekst i handskrifter av bylova syner også at det kan vere variasjonar samanlikna med handskriftene av landslova. Bylova blei gjeven ut i 1848 i band 2 av *Norges gamle Love indtil 1387*, av R. Keyser og P. A. Munch. På same måten som for landslova har dei gjort fullstendige kollasjoner av handskriftene, bevarte i NB Ms.4° 689. Men ikkje alle variantane er trykte, og Trygve Knudsen (1966:230) seier dette om variantapparatet: «ikke fullstendig og ikke overalt nøyaktig». Utgjevarane hadde heller ikkje høve til å bruke dei fragmenta som nyss var funne på Riksarkivet. Alt i alt er det såleis behov for ei ny utgåve av Magnus Lagabøtes bylov. Då vil ein ha eit oppdatert grunnlag for å studere dei lovane som galdt for kongeriket Noreg på slutten av 1200-talet.

## Landslova i dansk omsetjing

«I Norge kunne folk flest ikkje forstå det gamle språket lenger ved slutten av middelalderen», seier Ludvig Holm-Olsen (1981:12). Men kjeldene tyder på at dette ikkje er heilt rett. Gustav Indrebø (1951:209–211) gjev fleire eksempel frå 1700- og 1800-talet som tyder på at mange kunne lese og forstå gammalnorsk. Vi kan også vise til eit brev datert 3. mai 1851 frå Ivar Aasen til Carl Richard Unger (Djupedal 1957:207–208). Aasen takkar for den tilsende utgåva av *Barlaams ok Josaphats saga*, og seier at det er tredje eller fjerde gongen han les denne soga, og med stigande interesse. Han seier vidare at «de Almuesfolk» som hadde høyrt om soga, var skuffa over at den ikkje var «paa vort Maal». Aasen vedgår at det kan høyrist underleg ut, men seier at folk ikkje er vane med å lese bøker i det gamle språket. Men dersom teksten blir lesen opp for dei, synest dei ikkje «saa ilde derom».

Dei som hadde størst behov for å forstå landslova, var lagmennene. Dei var opphavleg lovkyndige, seinare også domarar. På 1500-talet var det mange nordmenn mellom lagmennene, men også danskar. Mellom lensherrane var det utanlandske innslaget sterkare. Etter 1513 var det danskar som var kongens kanslar i Noreg. Endå om ein del norske lagmenn forstod gammalnorsk, blei det såleis etter kvart eit behov for omsetjing til dansk. Noko nyare norsk skriftspråk fanst det ikkje på denne tida.

Men også på 1500-talet blei den gammalnorske versjonen av landslova brukt. Vi har ni avskrifter på norrønt frå slutten av 1500-talet. Diplom frå midten av 1500-talet viser at også den gammalnorske versjonen var i bruk. Under Kristian 3. (1536–1559) blei både original og omsetjing brukte, slik at dei danske embetsmennene brukte omsetjinga og dei norske lagmennene brukte originalen. Men mot slutten av hundreåret blei omsetjinga den dominante teksten.

Kristian 4. fekk laga ei ny omsetjing og bearbeiding av landslova i 1604. Etter den tid var det ikke naudsynt å lage fleire avskrifter av omsetjinga frå 1500-talet.

## Materialet

I 1879 gav Gustav Storm ut avhandlinga *Om Haandskrifter og Oversattelser af Magnus Lagabøters Love*. Dette er enno standardverket for dei som vil vite noko om omsetjingane til dansk på 1500-talet av Magnus Lagabøte sine lover. Storm fører opp 74 handskrifter som inneheld det

han kallar «den ældste Oversættelse» av landslova. Dessutan nemner han 3 handskrifter med det han kallar Fredrik 2.s norske lov (meir om den seinare), 6 handskrifter med omsetjing av Gulatingslova og 9 handskrifter med det han kallar «senere Oversættelser». Storm 1879 har såleis i alt 92 handskrifter eldre enn 1604 med ei dansk omsetjing av landslova. Knut Robberstad (1976:219) reknar med minst 121 handskrifter. Ein gjennomgang av tilgjengelege katalogar (Storm 1885, Kålund 1889, 1894, 1900, Gödel 1892, 1897–1900) og andre opplysningar gjev som resultat at det skal finnast i alt 131 handskrifter med dansk omsetjing av landslova. Av desse inneheld 121 den omsetjinga som blei laga på 1500-talet, 10 inneheld omsetjing av eit kjent handskrift, og eitt inneheld Hans Paus si omsetjing, som blei trykt 1751. Tre av handskriftene lèt seg ikkje oppspore i dag.

Dei fleste handskriftene ligg no i danske og svenske samlingar. I Noreg har Nasjonalbiblioteket i Oslo 24 handskrifter og Deichmanske bibliotek i Oslo har 12. Dessutan har Riksarkivet 8 handskrifter, og det finst 3 i Trondheim og 2 i Bergen.

Mange av handskriftene har eigarsignaturar og årstal, og somme opplyser om skrivar. Dateringane er difor rimeleg sikre. Det eldste handskriftet, AM 85 4°, er frå 1543, og det opplyser at det er skrive av ein Rasmus Hertucksen, som også har skrive NB Ms.4° 528. Eigar har vore Michel Eskilssøn, fogd på Halsnøy rundt 1570, som gav det til bror sin Christen Tanne, som er nemnd som fogd i Ryfylke 1591. Seinare har handskriftet tilhørt Tormod Torfæus (1636–1719).

Berre 5 av dei 131 handskriftene er yngre enn 1604, og dei er frå 1700-talet.

For ca. ein tredjedel av handskriftene har vi meir eller mindre sikre opplysningar om kvar dei er skrivne. Av byane er Bergen den viktigaste, med 13 handskrifter. Trondheim har 5 og Oslo 3. Det er også laga handskrifter i Stavanger, Tønsberg, Skien, Fredrikstad, Marstrand og Båhus. Det ser ut til at 7 handskrifter er frå Austlandet, 1 frå Sunnmøre og 1 frå Island.

Gustav Storm (1879:22) meiner at den danske omsetjinga av landslova er bevart i to utformingar (sjå også Robberstad 1976 nedanfor). Den eldre har teke vare på Magnus sin prolog, den yngre har erstatta denne prologen med utdrag av prologen i den jyske lova. Men somme handskrifter har begge prologane. Så langt vi kan sjå, har 14 handskrifter den gamle prologen, og 12 har både gammal og ny prolog. Dei fleste har den nye prologen, og i tillegg er det nokre handskrifter som ikkje har nokon prolog.

## Alder på omsetjinga

Det eldste handskriftet er frå 1543, så omsetjinga til dansk må ha skjedd før den tid. Omsetjinga tek med kongelege rettarbøter etter Magnus Lagabøtes tid. Men rettarbøtene frå

kong Kristian 2. manglar. Han var dansk-norsk konge frå 1513 inntil han blei avsett i 1523. Omsetjinga inneheld også ei opprekning av kongane, og dei enkelte handskriftene oppdaterer kongerekka. Men dei hoppar frå Hans, som døydde 1513, til Fredrik 1., som blei norsk konge 1524, Kristian 2. er ikkje med i rekkja. Avskrivarane har nok fjerna Kristian 2. fordi hans regeringstid og hans forordningar blei vurderte som illegitime (Storm 1879:27).

Den eldre utforminga av omsetjinga har behalde den gamle, katolske truvedkjennings i kapittel 1 i Kristendomsbolken, med skriftemål og faste. Det er difor sannsynleg at omsetjinga blei utført før reformasjonen, dvs. før 1537.

### **Kven stod bak omsetjinga, og kva var grunnlaget?**

Handschriftet Deichman 33 4° er skrive 1567 i Sandeherred (no Sandar) i Vestfold av presten Laurentz Hermanson. Der står det: «Nories lagboch, som ær omwend aff den gamble Norsche (oc det aff Anders Sybiörn son fordom lagmand i Oslo) og paa leet [rett?] da(n)sche eller Syøømaalz Norsche, der huor man kand forstaa». Anders Sæbjørnsson er frå diplom kjend som lagmann i Borgarting 1511–1522 og i Oslo 1524–1527.

Handschriftet Linköping B 72, som inneheld ei svensk omsetjing av den danske omsetjinga, er skrive andre halvdelen av 1500-talet. Handschriftet har truleg blitt til under den svenske okkupasjonen av Trondheim 1564. Her står det: «Norgis lagh som Erick Gullen stiernn vdlade aff ysslenske mall oc paa dette mall som nu talis med iiiij her lagmender myndigiste wiiseste oc clogiste han mest kune finne: ssa huar mand förstandeligt er när hon warder lessin». Erik Gyldenstierne er kjend frå ei rad diplom, og han var lensherre på Akershus 1532–1536.

Både Storm (1879:29) og Indrebø (1951:302) tenkjer seg at Anders Sæbjørnsson var den leiande av dei fire lagmennene som Erik Gyldenstierne sette til å omsetje landslova. Men her er kronologien eit problem. Anders Sæbjørnsson er ikkje nemnd i kjeldene etter 1527, og i 1528 blei det utnemnt ny lagmann i Oslo. Erik Gyldenstiernes funksjonstid begynte først i 1532. Det er difor ikkje lett å sameine desse to opplysningane.

NB Ms.4° 528, skrive 1544, er det nest eldste av handskriftene, og har same skrivaren (Rasmus Hertuicksen) som det eldste, AM 85 4° frå 1543. Begge handskriftene har kanskje blitt til i Trondheim. Dette handschriftet seier: «Norriigis laagbog — — er aff wiisse och forstandige mend wdragenn aff rett gammell norske». Også her er det sagt at fleire menn står bak omsetjinga.

I kapittel 2 i Tingfarebolken i den gammalnorske landslova er det sagt kor mange nemndemenn som skal dra til tinget frå dei ulike distrikta. Men handskriftene for Borgarting har her ei generell formulering om at det skal sendast menn etter gammal sedvane. Den danske

omsetjinga seier det same som handskriftene for Borgarting. Borgarting er også nemnt i kapittel 4 av Odelsbolken. Sidan dei to siste rettarbøtene i omsetjinga gjeld Oslo, reknar Storm (1879:28) det som «utvivlsomt» at omsetjinga er gjord etter ei lov bok for Oslo. Og i ein fotnote seier han at dette førelegget ikkje er eit av dei overleverte handskriftene.

Absalon Taranger (1935:66) meiner at den omsetjinga som er knytt til Anders Sæbjørnsson, er laga i Oslo, bygd på Eidsvatnings-redaksjonen av landslova. Den omsetjinga som er knytt til Erik Gyldenstierne, byggjer på denne, men bruker også Borgartings-redaksjonen.

Knut Robberstad (1976:215–232) deler omsetjingane inn i to hovudgrupper (A, B), basert på kapitteltalet i Landevernsbolken. Gruppe A skal ha blitt til på Akershus 1507–1510, og her har Anders Sæbjørnsson spelt ei sentral rolle. Gruppe B har blitt til 1533–1535, og her har Erik Gyldenstierne spelt ei sentral rolle. Robberstad meiner at både A og B byggjer på Borgartings-redaksjonen av landslova. A blei helst brukt på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, medan B blei brukt på Austlandet. Robberstads A er overlevert i m.a. AM 85 4° og NB Ms.4° 528, hans B er overlevert i m.a. Holm Papp 69 4°.

Robberstad har også to mindre grupper av omsetjinga, C og D. C skal vere laga etter 1557. D har ein fortale av ein Mathias Scavenius, og er overlevert i m.a. Deichman 14 fol (1577).

### **Fredrik 2.s norske lov**

Under overskrifta «Kong Fredrik den 2dens Lov» omtalar Gustav Storm (1879: 41–45) tre handskrifter som han reknar med er forsøk på å lage ei revidert dansk omsetjing. Fredrik 2. var konge 1559–1588, så revisjonen må ha skjedd i denne perioden. Revisjonen er overlevert i NB Ms.4° 553, frå andre halvdel av 1500-talet, og i to avskrifter av 553: AM 92 4° frå 1600 og UBB-Ms 65, ca. 1598. Dei to sistnemnde handskriftene har ei innleiing som seier at det er Fredrik 2.s lov for Noreg.

### **Avslutning**

Det store materialet av handskrifter av den danske omsetjinga av landslova på 1500-talet er så godt som uutforska, det treng «mykje til nøgnare gransking», for å sitere Gustav Indrebø (1951:303).

Framfor alt er det viktig å undersøkje om Gustav Storm (1879:28) har rett i at den danske omsetjinga er gjord etter eit tapt handskrift. I så fall kan handskriftene av omsetjinga ha tekstkritisk interessante lesemåtar.

## Bibliografi

- Alnæs, Jan Jørgen 1931: *Om målet i AM 309 fol, hånd b.* Oslo.
- Antonsen, Gudleik 1981: *En undersøkelse av det gammelnorske lovhåndskrifset Stb. perg. 4°, nr. 29, hånd c med henblikk på heimfesting og tidfesting.* Bergen.
- Audne, Kr. 1963: *Soga om Håkon Håkonsson.* 2. utgåva ved Knut Helle. Oslo.
- Bagge, Sverre; Smedsdal, Synnøve Holstad og Helle, Knut (red.) 1973: *Norske middelalderdokumenter.* Bergen – Oslo – Tromsø.
- Balsvik, Wenche Garmann 1973: *En undersøkelse av paleografi og lydverk i Gks 3261 qv.* Bergen.
- Bertheussen, Ole-Jan 1981: *AM 57 qv. blad 1–5, 18–23 og 35–40. Et forsøk på tid- og stedfesting av håndskrifstets hånd a, hånd b og hånd c (etter Gustav Storm) på grunnlag av paleografi, ortografi og lydverk.* Dessuten: *Forholdet mellom de tre hendene.* Trondheim 1981.
- Bjørø, Terje 1979: *Undersøkelse av paleografi og lydverk i AM 62 quarto.* Oslo.
- Bokn, Rut J. Stokkedal 1987: *Paleografi, ortografi og vokalisme i UB Oslo 1, qv, hand a.* Bergen.
- Bull, Edvard 1927: «Eidsivatingslov og håndskriftene av landsloven». *Historisk Tidsskrift* 27, 373–384.
- Christoffersen, Marit 1978: «Forholdet mellom hand a og hand b i Nks 1640 4°». *Maal og Minne* 1978, 1–17.
- Djupedal, Reidar (utg.) 1957: *Ivar Aasen. Brev og Dagbøker* 1. Oslo.
- Egenæs, Kirsten 1971: *Lovfragmentet NRA 7. Et forsøk på tid- og stedfesting på grunnlag av paleografi, lydverk og enkelte trekk av formverket.* Bergen.
- Flom; George T. (utg.) 1925: *The Borgarthing law of the Codex Tunsbergensis, C.R. 1642, 4to, an old Norwegian manuscript of 1320–1330.* Urbana.
- Flom, George T. (utg.) 1933: «The Edinburgh Fragment of the Old Norwegian General Law of King Magnus IV». *The Journal of Germanic Philology* 1–4, 196–202.

Flom, George T. (utg.) 1937: *The old Norwegian general law of the Gulathing, according to codex Gl.k.S. 1154 folio, diplomatic ed., with linguistic-paleographic introduction and four facsimile pages*. Urbana.

Folkedal, Aud Sandvin 1970: *Gransking av paleografi og lydverk i kristenretten i AM 68 qv*. Bergen.

Grøtvedt, Per Nyquist 1939: *Lydverket i lovhåndskrifter fra Borgartingslag 1300– 1350, med et tillegg om sørøstnorske diplomer*. Oslo.

Gödel, Vilhelm 1897–1900: *Katalog öfver Kongl. Bibliotekets fornisländska och fornnorska Handskriften*. Stockholm.

Gödel, Vilhelm 1892: *Katalog öfver Upsala Universitets biblioteks fornisländska och fornnorska handskriften*. Uppsala.

Hagland, Jan Ragnar 1978: *Studiar i trøndsk diplomspråk. Ei revurdering av brevmaterialet frå tida før 1350*. Trondheim.

Hagland, Jan Ragnar 1986: *Riksstyring og språknorm*. Oslo.

Hagland, Jan Ragnar og Sandnes, Jørn (oms.) 1994: *Frostatingslova*. Oslo.

Halvorsen, Eyvind Fjeld 1982: «Ble det lest litteratur i Norge i middelalderen?» *Saga och sed* 1982, 128–140.

Haugen, Odd Einar 1984: *Filologi og tekstkritikk. Eit norrønfilologisk synspunkt på kjerna i filologien*. Bergen.

Haugen, Odd Einar 1992: *Si amtre og tekstlandskap*. Band 1. *Teori og analyse*. Bergen.

Hauksson, Þorleifur (utg.) 1972: *Árna saga biskups*. Reykjavík.

Heier, Anne Gudrun 1977: *AM 307 fol blad 24vB 8–36vA 7. En omtale av paleografi, ortografi og lydverk med henblikk på tid- og stedfestning av håndskriften*. Trondheim.

Helgason, Jón (utg.) 1957: *The Arna-Magnæan Manuscript 674a, 4to. Elucidarius. Manuscripta Islandica* 4. Copenhagen.

Helle, Knut 1972: *Konge og gode menn i norsk riksstyring ca. 1150–1319*. Bergen – Oslo – Tromsø.

Helle, Knut 1995: «Under kirke og kongemakt 1130–1350» *Aschehougs norgeshistorie* 3. Oslo.

Hertzberg, Ebbe 1890: *Nordisk retsencyklopædi*. 1. *Retskilderne og statsretten. De nordiske Retskilder*. Kjøbenhavn.

- Hertzberg, Ebbe 1895: *Glossarium*. NGL 5, 57–760.
- Holm-Olsen, Ludvig 1981. *Lys over norrøn kultur. Norrøne studier i Norge*. Oslo.
- Holm-Olsen, Ludvig 1982: «Synet på skriftspråk og dialekter i gammelnorsk tid hos 1800-tallets forskere». *Maal og Minne* 1982, 1–32.
- Holtsmark, Anne 1931: *En tale mot biskopene. En sproglig-historisk undersøkelse*. Oslo.
- Horn, Anna C. 2014: «The Scribe and his Exemplars: A Comparative Study of Four Manuscripts by Thorgerus Haquini». *Studia Neophilologica* 86, 68– 82.
- Hægstad, Marius 1899: *Gamalt trøndermaal. Upplysningar um maalet i Trøndelag fyrr 1350 og ei utgreiding um vokahverket*. Kristiania.
- Hægstad, Marius 1902: *Maalet i dei gamle norske kongebrev*. Kristiania.
- Hægstad, Marius 1907: *Vestnorske maalføre fyre 1350*. I. *Nordvestlandske*. Kristiania.
- Hægstad, Marius 1909: «Det norske maalet fyre 1350». I Hægstad, Marius og Torp, Alf [1909]: *Gamalnorsk ordbok med nynorsk tyding*. Kristiania, IX-XXVII.
- Hægstad, Marius 1916: *Vestnorske maalføre fyre 1350*. II. *Sudvestlandske*. 2. *Indre sudvestlandske*. *Færøymaal. Islandske*. Fyrste bolken. Kristiania.
- Hægstad, Marius 1942: *Vestnorske maalføre fyre 1350*. II. *Sudvestlandske*. 2. *Indre sudvestlandske*. *Færøymaal. Islandske*. Tridje bolken. Kristiania.
- Haave, Olav 1975: *Vokalismen i Upps. DG 8 fol a*. Bergen.
- Indrebø, Gustav 1951: *Norsk målsoga*. Bergen.
- Jacobsen, Bent Chr. (utg.) 1979: «Et fragment af Magnus Lagabøters landslov». *Bibliotheca Arnamagnæana* 34, 92–104.
- Jakobsson, Sverrir; Hauksson, Þorleifur og Ulset, Tor (utg.) 2013: *Hákonar saga Hákonarsonar II*. Reykjavík.
- Karlsson, Stefán 1978: «Om norvagismer i islandske håndskrifter». *Maal og Minne* 1979, 1–17.
- Karlsson, Stefán 1979: «Islandske bogeksporthandel til Norge i middelalderen». *Maal og Minne* 1978, 87–101.

Karlson, Stefán 1987: «Lovskriver i to lande. Codex Hardenbergensis og Codex Belgsdalensis». I Jan Ragnar Hagland, Jan Terje Faarlund og Jarle Rønhovd (red.): *Festskrift til Alfred Jakobsen*, Trondheim 1987, 166–184.

Knudsen, Trygve 1959: «Frostatingsloven». *Kulturbistorisk leksikon for nordisk middelalder* 4, 656–661.

Knudsen, Trygve 1966: «Magnus Lagabøters bylov». *Kulturbistorisk leksikon for nordisk middelalder* 11, 228–231.

Kristjánsson, Jónas 1967a: *Skrá um íslensk handrit í Noregi. Íslensk handrit í Háskólabókasafninu í Ósló*. Reykjavík.

Kristjánsson, Jónas 1967b: *Skrá um íslensk handrit í Noregi. Íslensk handrit í Ríkisskjalasafninu i Ósló*. Reykjavík.

Kålund, Kr. 1900: *Katalog over de oldnorsk-islandske håndskrifter i Det Store Kongelige Bibliotek og i Universitetsbiblioteket (udenfor Den Arnamagnaanske Samling), samt Den Arnamagnaanske Samlings tilvækst 1894–99, udgivet af Kommissionen for det Arnamagnaanske Legat*. København.

Kålund, Kr. 1889, 1894: *Katalog over den arnamagnaanske Håndskriftsamling, udgivet af Kommissionen for det Arnamagnaanske Legat* 1, 2. København.

Kårstad, Astrid Lunde 1979: *Det gammelnorske lov håndskrifset Sth. 35, 4°, hånd e. Heimfesting og tidsfesting*. Bergen.

Kårstad, Jofrid 1975: *AM 71 qr. Analyse av vokahverk med trekk fra konsonantverket, heim- og tidsfesting*. Bergen.

Langørgen, Anita 1998: *Om bruken av norrønt språk i tidlig nynorsk tid, undersøkelse av et håndskrift av Magnus Lagabøters landslov skrevet i Trondheim 1586*. Trondheim.

Larsen, Hildegunn 1979: *Lovfragmentet AM 74 4°. Et forsøk på tid- og stedfestning på grunnlag av paleografi, hydverk og enkelte trekk av formverket*. Bergen.

Lundeby, Einar 1947: «Vokalismen hos hånd a (hovedhånden) i NkS 1640 qr». *Arkiv för nordisk filologi* 62, 25–103.

Malmberg, Jørn 1982: *Om språket i AM 65 qr. bd. a*. Oslo.

Meissner, Rudolf (utg.) 1941: *Landrecht des Königs Magnus Hakonarson*. Weimar.

Menota: *Medieval Nordic Text Archive*, [www.menota.org](http://www.menota.org).

Munch, P. A. 1858: *Det norske Folks Historie* 4:1. Christiania.

Munch, P. A. 1873: *Samlede Afhandlinger* 1. Christiania.

NGL: *Norges gamle Love indtil 1387*. 1–5. Christiania 1846–1895.

ONP: *Ordbog over det norrøne prosasprog. Registre*. København 1989.

Paus, Hans 1751–1752: *Samling af Gamle Norske Love* 1–2. København.

Rajić, Ljubiša 1975: *Om språket i OUB Ms 4° 317. Noen teoretiske og metodologiske spørsmål i språkhistorisk forskning og deres relevans for analysen av språket i hånd e.* Oslo.

*Regis Magni legum reformatoris leges Gula-Thingenses, sive Jus commune Norvegicum. Ex Manuscriptis Legati Arna-Magnæni, cum interpretatione Latina et Danica, variis lectionibus, indice verborum, et IV Tabulis æneis.* Havniæ 1817.

Rindal, Magnus 1981a: *AM 309 fol og Eidsivatings-redaksjonen av Magnus Lagabøtes landslov*. Bergen.

Rindal, Magnus (utg.) 1981b: *Barlaams ok Josaphats saga*. Oslo.

Rindal, Magnus 1981c: *Brev fra Opplanda før 1350*. Oslo.

Rindal, Magnus 1983: «No. 1154 Folio in the Old Royal Collection, Copenhagen». I Magnus Rindal and Knut Berg (ed.) 1983: *King Magnus Håkonson's laws of Norway and other legal texts. Gl. kgl. saml. 1154 fol in the Royal Library*, Copenhagen, Oslo 1983, 18–25.

Rindal, Magnus 1984: «Marius Hægstsads arbeid med gammelnorske dialektar». *Maal og Minne* 1984, 167–181.

Rindal, Magnus 1985: «Skrivemiljø og skriftspråktradisjon i Noreg i mellomalderen». *Eigenproduksjon* 25, 34–48.

Rindal, Magnus 1987a: *Ortografi, fonologi og morfologi i Stb. perg. fol nr. 6 (Barlaams ok Josaphats saga)*. Oslo.

Rindal, Magnus 1987b: «Dei gammelnorske lovtekstane – overlevering og utgåver.» *Det Norske Videnskaps-Akademis Årbok* 1984, Oslo, 114–122.

Rindal, Magnus 1997a: «Norsk eller islandsk. Ei drøfting av språkforma i norske og islandske mellomalderhandskrifter». I Úlfar Bragason (red.): *Íslensk málssaga og textafræði*, Reykjavík 1997, 113–120.

Rindal, Magnus 1997b: «Ny utgåve av dei norske lovene frå mellomalderen?» I Dybdahl, Audun og Sandnes, Jørn (red.): *Nordiske middelalderlover. Tekst og kontekst*, Trondheim 1997, 23–32.

RN: *Regesta Norvegica*. 1–. Oslo 1989–.

Robberstad, Knut 1950: «To lovbøker». *Tidsskrift utgjere av historielaget for Sogn* 1950, 47–50.

Robberstad, Knut (oms.) 1963: «Lover». *Den norrøne litteraturen* 6, Oslo 1963, 227–272.

Robberstad, Knut 1976: *Rettssoga* 1, 3. rev. utgåve. Oslo.

Schmidt, Oddvar 1987: *Lovhåndskriften Thott 1275 fol. Eit forsøk på heim- og tidfesting*. Bergen.

Seip, Didrik Arup 1955: *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. Oslo.

Skaug, Anne 1977: *En undersøkelse av lydverket i Sth. perg. 34, 4° bl. 75r–84v*. Bergen.

Skeie, Kjell 1959: *Lydverket i Bergens bylov i AM 322 fol.* Bergen.

Spørck, Bjørg Dale 2006: *Kong Magnus lagabøters kristenretter. Innhold, språk og overlevering*. Oslo.

Storm, Gustav 1879: *Om Haandskrifter og Oversættelser af Magnus Lagabøters Love*. Christiania.

Storm, Gustav 1885: *Haandskriftbeskrivelse*. NGL 4:385–790.

Storm, Gustav (utg.) 1888: *Islandske Annaler indtil 1587*. Christiania.

Storm, Johan 1878: «Det norske Maalstræv». *Nordisk Tidskrift för Vetenskap, Konst och Industri* 1878, 407–430.

Sunde, Jørn Øyrehaugen 2017: «Magnus Lagabøtes landslov». [Store norske leksikon, snl.no](http://www.snl.no).

Svendsen, Roar 1982: *Tid- og stedfesting av lovhåndskriften AM 58 qr. hånd e. En undersøkelse av paleografi, ortografi og fonologi. Dessuten noen få morfologiske trekk*. Bergen.

Sætre, Torstein 1981: *Lydverket i AM 304 fol, bl. 7v–14v, Mannhelgebolken*. Bergen.

Sætveit, Fred 1976: *Paleografi, ortografi og lydverk i Stb. 33. 4°*. Bergen.

Sørlie, Mikkel 1936: *Færøysk tradisjon i norrønt mål*. Oslo.

Sørlie, Mikkel 1965: *En færøysk-norsk lovbok fra omkring 1350. En studie i færøysk språkhistorie*. Tórshavn-Bergen-Oslo.

Sørlie, Mikkel 1969: *Bergens eldste bymål og andre studier*. Oslo-Bergen-Tromsø.

Taranger, Absalon (oms.) 1915: *Magnus Lagabøters landslov*. Kristiania.

Taranger; Absalon 1935: *Utsikt over den norske retts historie*, 2. utg. ved Knut Robberstad. Oslo.

Thoresen, Arnold Henrik 1960: *Lydverket og enkelte trekk av bøyningsverket i Trb. Vid.-Selsk. Tillegg Nr. 1127, hånd B*. Oslo.

Venås, Kjell 1986: [Opposisjonsinnlegg om] Jan Ragnar Hagland: *Riksstyring og språknorm*. Oslo 1986. *Maal og Minne* 1986, 1–17.

Venås, Kjell 2005: *Sigurd Kolsrud*. Oslo.

Vågslid, Eivind 1938: «Gamalnorsk riksmål». *Norsk máltidende* 3, 353–480.

Vågslid, Eivind 1989: *Norske skrivarar i millomalderen*. Oslo.

Aa, Elin 1981: *Lydverket i Torgeir Håkonssons lovhåndskrifter, AM 302 fol, AM 305 fol og AM 56 4° (Landerernsfolken)*. Bergen.